Aukra kommune

# Konsekvensutgreiing

for

# Kommuneplanen sin arealdel

**2016-2028**



| | |
|---|---|
| Arkivsak | 2012/89 |
| PlanID | 201403 |
| Vedtatt | XX.XX.XXXX av XXXXXXXX |
| Forslag ved | ☐ Offentlig ettersyn, *26.05.2015 og 15.06.2016* |
| | ☐ Sluttbehandling, *dato* |

*Aukra – full av energi*

Aukra – full av energi

# Innhald

1 Innleiing ....... 6
2 Tema for utgreiinga ....... 7
2.1 Samla vurdering ....... 7
2.2 Vurdering av einskilde tiltak ....... 8
3 Vurdering av verknadane av forslag til strategi for framtidig arealbruk ....... 9
3.1 Konsekvensvurdering av arealstrategiane ....... 9
3.1.1 Jord- og skogbruk ....... 9
3.1.2 Naturmangfald ....... 9
3.1.3 Teknisk infrastruktur - Energibruk og klimautslepp, trafikkgenerering og samordna arealbruk ....... 9
3.1.4 Landskapsbilete, grønstruktur og friluftsliv, strandsone og vassdrag ....... 10
3.1.5 Bukvalitet, under dette barn og unge sine oppvekstvilkår, universell utforming, folkehelse og attraktivitet ....... 10
3.1.6 Kommunale tilbod og samarbeid med nabokommunar ....... 11
4 Samla vurdering av utbyggingsområde etter arealføremål ....... 11
4.1 Bustadar, område for offentleg eller privat tenesteyting og sentrumsføremål ....... 11
4.2 Fritidsbustadar ....... 12
4.3 Fritids- og turistføremål ....... 12
4.4 Næringsverksemd ....... 12
4.5 Kombinerte bygge og anleggsføremål ....... 12
4.6 Hamn ....... 13
4.7 Samferdsletiltak og teknisk infrastruktur ....... 13
4.7.1 Køyrevegar ....... 13
5 Vurdering av einskildområde ....... 14
5.1 Metode ....... 14
5.2 Skjema for konsekvensutgreiing ....... 15
5.3 Tema for miljø- og naturressursar (jamfør skjema ovanfor), vurderingskriterium ....... 16
5.3.1 Jord- og skogbruk ....... 16
5.3.2 Naturmangfald ....... 16
5.3.3 Kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne ....... 17
5.3.4 Strandsone og vassdrag ....... 17
5.3.5 Støy og ureining ....... 18

5.4 Samfunnsrelaterte tema ....19
5.4.1 Samfunnstryggleik ....19
5.4.2 Trafikkgenerering og samordna arealbruk ....19
5.4.3 Friluftsliv ....19
5.4.4 Teknisk infrastruktur ....20
5.4.5 Bukvalitet (barn og unge, universell utforming, folkehelse og attraktivitet) ....20
5.5 Oversikt over vurderte areal ....21
5.6 Utgreiing av einskildområde ....23
5.6.1 Oppsummering ....23
6 Einskilde innspel – vurdering ....24
6.1 Innspel 1 ....25
6.2 Innspel 2 ....27
6.3 Innspel 3 ....29
6.4 Innspel 4 ....31
6.5 Innspel 5 ....33
6.6 Innspel 6 ....35
6.7 Innspel 7 ....37
6.8 Innspel 8 ....39
6.9 Innspel 9 ....41
6.10 Innspel 10 ....43
6.11 Innspel 11 ....45
6.12 Innspel 12 ....47
6.13 Innspel 13 ....49
6.14 Innspel 14 ....51
6.15 Innspel 15 ....53
6.16 Innspel 16 ....55
6.17 Innspel 17 ....57
6.18 Innspel 18 ....59
6.19 Innspel 19 ....61
6.20 Innspel 20 ....63
6.21 Innspel 21 ....65
6.22 Innspel 22 ....67
6.23 Innspel 23 ....69
6.24 Innspel 24 ....71

Aukra – full av energi

6.25 Innspel 25 ..... 73
6.26 Innspel 26 ..... 76
6.27 Innspel 27 ..... 78
6.28 Innspel 28 ..... 80
6.29 Innspel 29 ..... 82
6.30 Innspel 30 ..... 84
6.31 Innspel 31 ..... 86
6.32 Innspel 32 ..... 88
6.33 Innspel 33 ..... 90
6.34 Innspel 34 ..... 92
6.35 Innspel 35 ..... 94
6.36 Innspel 36 ..... 96
6.37 Innspel 37 ..... 98
6.38 Innspel 38 ..... 100
6.39 Innspel 39 ..... 102
6.40 Innspel 40 ..... 104
6.41 Innspel 41 ..... 106
6.42 Innspel 42 ..... 108
6.43 Innspel 43 ..... 110
6.44 Innspel 44 ..... 112
6.45 Innspel 45 ..... 114
6.46 Innspel 46 ..... 116
6.47 Innspel 47 ..... 118
6.48 Innspel 48 ..... 120
6.49 Innspel 49 ..... 122
6.50 Innspel 50 ..... 124
6.51 Innspel 51 ..... 126
6.52 Innspel 52 ..... 128
6.53 Innspel 53 ..... 130
6.54 Innspel 54 ..... 132
6.55 Innspel 55 ..... 134
6.56 Innspel 56 ..... 136
6.57 Innspel 57 ..... 138
6.58 Innspel 58 ..... 140

6.59 Innspel 59 ..... 142
6.60 Innspel 60 ..... 144
6.61 Innspel 61 ..... 146
6.62 Innspel 62 ..... 148
6.63 Innspel 63 ..... 150
6.64 Innspel 64 ..... 152
6.65 Innspel 65 ..... 154
6.66 Innspel 66 ..... 156
6.67 Innspel 67 ..... 158
6.68 Innspel 68 ..... 160
6.69 Innspel 69 ..... 162
6.70 Innspel 70 ..... 164
6.71 Innspel 71 ..... 166
6.72 Innspel 72 ..... 168
6.73 Innspel 73 ..... 170
6.74 Innspel 74 ..... 172
6.75 Innspel 75 ..... 174
6.76 Innspel 76 ..... 176
6.77 Innspel 77 ..... 178
6.78 Innspel 78 ..... 180
6.79 Innspel 79 ..... 182
6.80 Innspel 80 ..... 184

# 1 Innleiing

Planprogrammet for revisjonen av kommuneplanen sin arealdel vart vedteke i Aukra kommunestyre den 21.06.2012 og hadde følgjande innhald:

1. Innleiing
2. Rammer og premiss for planarbeidet
3. Organisering og medverknad
4. Tettstadanalyse
    a. Falkhytten
    b. Julsundet / Hollingen
5. Utfordringar og viktige problemstillingar
    a. Kommuneplanen sin samfunnsdel
    b. Samarbeid om kommunale tenester og samfunnsutvikling mellom Aukra / Fræna for Julsundet / Hollingen og Søre Fræna
    c. Regional idrettspark, Hollingen
    d. Ormen Lange, fase II
    e. Fastlandssamband for Gossen
    f. Forvalting av strandsona, hyttebygging m.m.
6. Trong for utgreiing/KU – eventuelle avbøtande tiltak
7. Framdrift
8. Kostnader

Dei ulike punkta ovanfor er utgreidde i plandokumenta. Formannskapet har vore planutval og har jamt vore halde orientering om planarbeidet. Det er halde ulike folkemøte om tema som strandsone og vegløysingar, og medverknad frå barn og unge har skjedd mellom anna gjennom ei barnetrakk – undersøking. Kommuneavisa er brukt ved ulike høve for å melde om høyringar og andre relevante tema. Tettstadanalyse er gjort i planomtalen både for Falkhytten og Julsundet. Samfunnsdelen sine gjennomgåande perspektiv er tatt med i den konkrete planutforminga (t.d. folkehelse, universell utforming, eit trygt samfunn). Samfunnsutvikling felles for Julsundet og Søre Fræna har vore tema for barnehage og skule samstundes med at planarbeidet har gått sin gang. Diskusjonane førte ikkje til konkrete samarbeidsløysingar, og kunne då ikkje gjerast om i konkret arealbruk. Regional idrettspark i regi av Molde fotball ASA er ført fram til ferdig godkjent reguleringsplan. Planløysinga er vidareført i arealdelen. Tiltaket er fram til no ikkje gjennomført. Utvidinga av produksjonsanlegget på Nyhamna, Nyhamna expansion (Ormen Lange, fase II), har gått sin gang parallelt med kommuneplanprosessen. Endringstiltaka er gjennomførte innafor tidlegare avsette areal og har dermed ikkje fått verknad for arealdelen i form av ny arealbruk. Fastlandsambandet for Gossen er organisert i eit eige selskap, Kjerringsundsambandet AS. Planarbeidet er framleis i gang og tilpassa i arealdelen. Forvalting av strandsona er gjennomført i planarbeidet med ny fleksibel strandsone med tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Kapittel 4 i Plan- og bygningslova (PBL) tek for seg generelle krav til utgreiingar som skal gjerast i samband med planlegging. I § 4-2, andre ledd, blir det slått fast at kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring – ei konsekvensutgreiing – som viser planen sin verknad for miljø og samfunn. Eit tilsvarande krav vart slått fast i Forskrift om konsekvensutgreiingar § 2, pkt b. Blant planar og tiltak som alltid skal handsamast etter denne forskrifta er kommuneplanen sin arealdel. § 4-3 i Plan- og bygningslova set fram krav om gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalyse knytt til planar om utbygging.

Miljøverndepartementet gir i sin rettleiar, T-1493 av 19.09.2012, råd om korleis Forskrift om konsekvensutredninger (KU-forskrifta) skal brukast i høve til kommuneplanen sin arealdel.



Aukra – full av energi

I denne vert kravet til utgreiing konkretisert på denne måten:

- Nye områder avsatt til utbyggingsformål med arealformål nr 1, 2, 4, 5 og 6 (jf. plan- og bygningsloven § 11-7) der underformål og bestemmelser åpner for utbygging. Det vil si at utbygging kan inngå i alle arealformål unntatt grønnstruktur (naturområder, turdrag, friområder og parker).
- Endret utbyggingsformål (for eksempel fra næring til bolig eller fritidsbebyggelse, fra råstoffutvinning til næring).
- Åpning for spredt bebyggelse i LNFR-områder.
- Båndlegging etter plan- og bygningsloven § 11-8 tredje ledd d) kan være omfattet av utredningsplikt dersom hensikten er å sikre areal med tanke på senere utbygging.
- Endring i utfyllende bestemmelser kan også medføre utredningsplikt. Dette kan for eksempel gjelde der de utfyllende bestemmelsene for et område gir endret ramme (antall bygg) for spredt bolig-, nærings- eller fritidsbebyggelse, andre kriterier for lokalisering av ulik utbygging, rammer for utforming, utnytting, funksjonskrav med mer av bygg, anlegg og arealbruk i eksisterende byggesone, uten at formålet eller avgrensningen for sonen endres.

(Veileder T-1493)



# 2 Tema for utgreiinga

I komande planperiode vert det lagt opp til ein del nye utbyggingsområde for bustadbygging, næring og fritid. Det vert gjort nokre få føremålsendringar i høve til tidlegare vedteken arealdel (2006), og det vert opna for noko spreidd bustadbygging i LNFR – område. Det vert innført ei bandleggingssone med byggje- og deleforbod langs mogelege trasear for vegsambandet Gossen – Oterøya frå Tangen til Hukkelberg. Det vert og innført ei tilsvarande sone rundt krysset på Fanghol på Julsundet i samband med utbetring av krysset.

Endring av Plan- og bygningslova i 2009 fører med seg nokre endringar i korleis kommunen kan disponere arealbruken. Endringa i høve arealdelen vår frå 2006 er ikkje store. Dei vil gå fram av plankartet og føresegnene til planen. Konsekvensvurderinga av eit nytt tiltak kan i einskilde høve ende med ei positiv tilråding sjølv om konsekvensane samla er negative. I slike tilfelle er det skildra avbøtande tiltak, og krav om dette er følgde opp i føresegnene, retningslinjer og rekkefølgjekrav. KU-forskrifta krev ei skildring av verknadane både av dei einskilde utbyggingsområda, kvar for seg, og av dei samla arealbruksendringane i planen. Kravet om ei samla vurdering inneber ei vurdering på overordna, langsiktig og heilskapleg nivå der heilskap bør stå sentralt.

## 2.1 Samla vurdering

Kravet om vurdering av planforslaget sine samla verknader for arealbruksendringar (*Forskrift om konsekvensutredninger, vedlegg IV, pkt b*) inneber at planforslaget sine einskildområde blir sett i samanheng. Ei slik samla vurdering skal få fram kva summen av arealbruksendringar i planforslaget vil bety for ulike miljø- og samfunnsomsyn, og har fleire føremål.

**Formål med vurdering av samlede virkninger av arealforslagene:**

- gi et grunnlag for å vurdere utbyggingsforslag og endre planen før offentlig ettersyn, om virkningene av planen samlet sett ikke vurderes akseptable i forhold til miljø og samfunn
- gi et helhetlig beslutningsgrunnlag av planforslagets samlede virkninger for miljø og samfunn

*(Veileder T-1493)*

Aukra kommune har med denne bakgrunnen fokusert på følgjande tema i utgreiinga:

- Jord- og skogbruk
- Naturmangfald
- Kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne
- Strandsone og vassdrag
- Støy og ureining
- Landskapsbilete og grønstruktur
- Samfunnstryggleik
- Trafikkgenerering og samordna arealbruk
- Friluftsliv
- Teknisk infrastruktur
- Bukvalitet, med barn og unge sine oppvekstvilkår, universell utforming, folkehelse og attraktivitet

## 2.2 Vurdering av einskilde tiltak

Aukra kommune har vurdert alle einskilde innspel og nye forslag til utbygging for komande planperiode. Vurderingane er gjorde i høve utarbeidd planprogram og rettleiaren frå departementet. I denne vurderinga vert det også sett krav til kva tilhøve som skal avklarast ved seinare regulering av områda, jfr. KU-forskrifta §9, 5. ledd. Kunnskapsgrunnlag og temakart

Naturmangfaldslova §§ 8-12 sett krav til vitskapleg grunnlag for vurderingar av tiltak, bruk av føre-var-prinsippet og at påverknad av økosystem skal vurderast ut frå samla belastning systemet blir utsette for.

Kunnskapsgrunnlaget i denne utredninga baserer seg på dei oppdaterte offentlege statlege registra og eksisterande lokalkunnskap og noko analysearbeid gjennomførd som del av planarbeidet. Kommunen vurderer dette som tilstrekkeleg for å vurdere verknadane, samla og kvar for seg.

På dette grunnlaget er det utarbeidd nokre viktige temakart som praktisk grunnlag for konsekvensutgreiinga og for framtidig handsaming av einskildsakar og planforslag. Desse temakarta er:

- Fareområde og støy
- Friluftsliv
- Vilt- og artsførekomstar
- Kulturminne og SEFRAK-bygg
- Landbruk
- Vegstandard, avkøyrsler og ulykkespunkt

- Naturtypar, kulturlandskap, strandsone og verneområde
- Fiskeri og havbruk, oppdrett, hamner og farlei
- Spreidd busetnad

Aukra – full av energi

# 3 Vurdering av verknadane av forslag til strategi for framtidig arealbruk

Der planforslaget til kommuneplanen sin arealdel inneheld ein eller fleire strategiar for framtidig arealbruk, skal det gjevast ei vurdering av korleis desse strategiane vil virke inn på miljø og samfunn. Kommuneplanen sin samfunnsdel ligg til grunn for arealplanen. I planprosessen har kommunen i og handsama strategi for bustadutvikling, fritidsbusetjing og naust, for komande planperiode.

## 3.1 Konsekvensvurdering av arealstrategiane

### 3.1.1 Jord- og skogbruk

Det vert lagt opp til sentrale utbyggingsområde, med tillating til noko spreidd busetnad på Gossen. Dette vil innebere at dei sentrumsnære areala med jord- og skogbruk står under press. Her er også mykje av den beste dyrkingsjorda. Sentrumsnært vil kravet til utnyttingsgrad vere høgare enn utanfor. Arealeffektive utbyggingsmønster vert sett på som positivt i høve til bruk av areal. Arealstrategien tek i vare dyrkingsareala.

*Den langsiktige verknaden av arealstrategien vert vurdert som negativ i høve at sentrale, gode landbruksareal vil forsvinne.*

### 3.1.2 Naturmangfald

Overordna grønstrukturar skal skjermast for utbygging. Det vert lagt vekt på å etablere korridorar og grønstrukturar i tettstadane. I strandsona er ei overgangssone mellom sjø og land, og er som opphalds-, beite og yngleområde/spreieområde, vurdert som viktig. Utbyggingsområde vert ikkje tillatne i område som ligg i eksisterande register over viktige naturtypar.

Det vert tillate noko spreidd bustadbygging, men i særs avgrensa grad.

*Samla vert arealstrategien vurdert til å ha ingen til liten positiv verknad på naturmangfaldet.*

### 3.1.3 Teknisk infrastruktur - Energibruk og klimautslepp, trafikkgenerering og samordna arealbruk

Vektlegging på eksisterande senter inneber kortare transport mellom bustad og aktivitetsstad. Dette vil kunne medverke til auka kollektivtransport og meir gange og sykling. Det er lite ønskelig å auke trafikken på dei delar av vegnettet som er i dårlig stand. Strategien Aukra på sikt høve til etablering av miljøriktige felles energiberarar, fjernvarmeanlegg ol.

Utbyggingsmønsteret på Julsundet vil vere krevjande kommunalteknisk, då kapasitet i eksisterande VA- anlegg er liten. Vidare er det naudsynt å utbetre krysset ved skulen på Julsundet for å trygge tilkomst og ferdsel mellom områda. Utbygging på Matberget og Svingen er avhengige

av ei slik løysing og kan ikkje byggast ut før akseptabel løysing er på plass. Ei trafikksikker løysning her vil vere krevjande for kommune og regionale/statlege myndigheiter.

*Den langsiktige verknaden av arealstrategien vert vurdert som positiv i høve desse temaa*

### 3.1.4 Landskapsbilete, grønstruktur og friluftsliv, strandsone og vassdrag

Utbygginga er i hovudsak konsentrert til tettstadane. Grønstruktur langs sjø (strandsona) vil truleg få auka respekt når den ikkje lenger er basert på ein generell regel, men kjem fram etter ei lokal vurdering og fastsetjing. I strandsona krev ein konsentrasjon av tiltak i staden for spreidde tiltak. Byggesakshandsaminga blir meir føreseieleg.

Grønstrukturen i tettstadane og korridorane ut til kringliggande naturområde blir viktige og må ha i fokus i fortettingsprosessar. Eitt hytteområde er tatt ut frå førre plan på Julsundet for å styrke tilgangen til grønstruktur i området.

Føresegnene knytt til spreidd bustadbygging tillèt ikkje plassering som gir ikkje ønska eksponering og dominans i landskapet.

Det er få og små vassdrag i Aukra kommune. Det vert likevel lagt opp til å opne vassdrag på nytt der det er mogeleg. Vassdraga inngår i grønstrukturar eller vil ha ei byggeforbodssone på minimum 10 meter til kvar side, slik at naturleg vegetasjon kan få stå eller etablere seg på nytt.

*Samla sett vil plan og føresegner sikre desse verdiane, og arealstrategien vert derfor vurdert som positiv for landskapsbilete, grønstruktur og friluftsliv.*

### 3.1.5 Bukvalitet, under dette barn og unge sine oppvekstvilkår, universell utforming, folkehelse og attraktivitet

Arealstrategien vil på lang sikt føre til større tettleik i bustadområda. Variasjon i buform og folkemengdsamansetning vil gi positive sosiale verknadar. Det blir lettare å utvikle tilbod i større tettstadar og ein reknar med en auka positiv forankring gjennom denne strategien.

### 3.1.6 Kommunale tilbod og samarbeid med nabokommunar

Det vert lagt opp til relativt stor bustadbygging på Julsundet, også mot grensa til Fræna. Utrekning av folketalsvekst vil tyde på auka trong for samordning av barnehage- og skuletilbodet, på tvers av kommunegrensene.

Det er gjensidig nytte av skulesamarbeid i dag, med barn frå både Aukra og Fræna på Julsundet skule. Når Torhaugmyra-, Matberget-, Melvold- og Svingen - felta blir utbygde, vil det kunne bli trong for å splitte barnesteget- og ungdomssteget ved Julsundet skule. Ei vidare samordning av skulekapasiteten mellom kommunane kan bli naudsynt / ønskeleg. For Aukra sin del vil planlagt vekst i planperioden ikkje vere større enn kapasiteten i eksisterande skule. På sikt kan auke i elevtal få konsekvens for skuleborn frå Fræna.

*På lang sikt vil arealstrategien likevel bli kostnadskrevjande og vert derfor sett på som noko negativ i høve kommunale tilbod.*

# 4 Samla vurdering av utbyggingsområde etter arealføremål

Strategiane ligg til grunn for den arealbruken som føreslås i kommuneplanen. Summert vil alle dei føreslåtte tiltaka innafor kvart føremål vise den totale arealbruken fordel på formålsgruppene.

Nedanfor er det gjort ei samla vurderinga etter arealføremål, der alle tiltaka innafor kvart føremål er grunnlaget for vurderinga.

## 4.1 Bustadar, område for offentleg eller privat tenesteyting og sentrumsføremål

I hovudsak er det lagt opp til slike utbyggingstiltak i sentrale område, knytt til eksisterande infrastruktur og offentlege tilbod.

Det er rekna med ein bustad pr. 800 kvm utbyggingsareal. I byggeområde i og ved Falkhytten kan utnyttingsgraden bli høgare enn elles. Det vert ikkje lagt opp til busetnad som utfordrar dei overordna landskapsstrukturane.

De positive konsekvensane er at dei sosiale strukturane vert forsterka og at krav til offentleg infrastruktur vert halde så lågt som mogeleg. Sentral utbygging reduserer presset på viktige grønstrukturar og område viktige for naturmangfaldet.

Dei negative konsekvensane er arealbruken knytt til nedbygging av dyrkamarka i sentrale strøk.

For bustadområde som kjem inn på viktige natur- og miljøaspekt, trafikktryggleik eller som set krav til kommunal infrastruktur, er det i nokre høve gjeve rekkefølgjeføresegner eller krav om avbøtande tiltak.

Spreidd bustadbygging vert tillate i lite omfang. Det vert sett klare krav til lokalisering, som tek omsyn til natur- og miljøkvalitetar, dyrkamark, landskap og nærleik til samferdsleårer.

*Samla sett vert verknadane av nye bustadområde vurdert til ikkje å ha vesentleg negativ verknad på samfunn og miljø.*

Aukra – full av energi

## 4.2 Fritidsbustadar

Det er vurdert 15 forslag til fritidsbusetnad og naust. Nokre av desse er i kombinasjon med andre føremål, eksempelvis bustad.

Fritidsbustadar vert berre tillatne på Gossens vestside. I vurderinga er det lagt vekt på høve for justering i temakart for naturmiljø og landbruk.

Naust inngår i temaet. For slike anlegg vert det sett krav om samlokalisering, slik at inngrepa i strandsonen blir minst mogeleg. Gjennom plan og føresegner er det gjeve klare retningslinjer for byggesakshandsaminga.

*Samla sett vert verknadane av nye fritidsbustader vurdert til å ha liten negativ verknad på samfunn og miljø.*

## 4.3 Fritids- og turistføremål

Nokre få nye turistføremål er lagt til vestsida av Gossen. I tilknyting til desse er det allereie etablert eksisterande infrastruktur og inngrep i sjø i form av småbåthamner. Det vert sett krav til justeringar/avbøtande tiltak for campingplassen.

*Planforslaget verkar ut frå dette å ikkje ha negative verknadar på miljø eller samfunn.*

## 4.4 Næringsverksemd

Det vert ikkje introdusert nye næringsområde i denne kommuneplanen. Nytt industriareal er utviding av eksisterande, slik at områda kan bli meir robuste. Områda er i hovudsak ikkje lokalisert saman med bustad eller fritidsbusetnad.

I Nerbøvågen inneber planen utdjuping/mudring av sjøbotn. Det vert sett plan- og utgreiingskrav knytt til dette tiltaket.

Det er ei utfordring med tilkomst til sørsida av Nerbøvågen. Her ligg det inne forslag til ny tilkomstveg. Denne vil ligge i strandsona, men vere viktig for trafikktryggleiken i området.

*Når tiltaka er planlagt og utgreidd og ev verknadar er akseptable, vert dette temaet sett som ikkje å ha negative konsekvensar for miljø eller samfunn, sjølv om det vil gå med noko dyrkamark i samband med vegføring.*

## 4.5 Kombinerte bygge og anleggsføremål

Fiskerifagskulen på Gossen føreslås lagt ut til kombinert bustad og næringsverksemd. Området var tidligare avsett til offentleg føremål. Bruksendringa gjeld allereie opparbeidd areal. Ny bygningsmasse og endra bruk kan vere konfliktfylte i høve til eksisterande situasjon, mot eksisterande bustadmiljø og til omgjevnadane rundt kyrka.

Funksjonsblanding med bustad og næring må gjevast stort omsyn for å få eit godt samspel mellom desse. Arealomfanget for dei einskilde føremåla avklarast gjennom detaljregulering. Ved regulering må det utarbeidast KU for å vurdere særskilt konsekvensane for nærmiljøet.

*Samla sett vurderas tiltaket som positivt for utviklinga på denne delen av Gossen. Det viktigaste er omsynet til kyrka, eksisterande naboar og eventuelle kulturminner i området.*

Aukra – full av energi

## 4.6 Hamn

Det vert lagt opp til vidareutvikling av småbåthamner, ny småbåthamn i Løvika, 2 ved Aukratangen, samt flytting av småbåthamna i Nerbøen. Andre hamner ligg innanfor avsette næringsområde.

Områda er vurdert i høve alle relevante tema og vert vurdert til å ha nokre negative verknadar på naturmiljøet i strandsonen. Omfanget er lite og anlegga vert sett på som viktige for bukvalitet, attraktivitet og friluftsliv. Tiltaka ligg i hovudsak i tilknyting til område som allereie er prega av inngrep.

*Samla sett vert småbåthamnene vurdert til ikkje å ha negative verknadar på miljø og samfunn.*

## 4.7 Samferdsletiltak og teknisk infrastruktur

### 4.7.1 Køyrevegar

I dette planforslaget er det forslag til 4 viktige køyrevegar;

1) Sambandet Oterøya-Gossen – fram til Hukkelberget (2 alternativ ligg føre)
2) Nytt kryss Julsundet (2 alternativ ligg føre)
3) Ny tilkomstveg til Nerbøen
4) Ny veg ved Bekkerholen (2 alternativ ligg føre)

Alle tiltaka vert grunngjevne med betre framkomst og trafikktryggleik. For sambandet Oterøya - Gossen vert konsekvensane vurdert i samanheng med reguleringsarbeidet. Verknadane vil være noko ulike for de ulike traséalternativa, men vil samla sett føre til at 3 - 4 eksisterande bustadhus må rivast og at strandsone og myrdraga på Gossen vert påverka. Tiltaket vil påverke landskapet, holmane og naturmiljøet i Kjerringsundet.

Nytt kryss ved Julsundet skule vil ikkje ta viktige naturmiljøareal.

Tilkomsten til Nerbøen vil ta noko dyrkamark.

Vegen ved Bekkerholen vil betre trafikktryggleiken og kunne bli lagt over myrdraget. Noko dyrkamark vil gå med.

*Samla sett vil tiltaka ha negativ verknad på naturmiljø, landskap, men klart positiv verknad på samfunn, under dette trafikktryggleik og framkomst.*

# 5 Vurdering av einskildområde

## 5.1 Metode

Nye utbyggingsområde eller område som får anna arealbruk enn i gjeldande plan, blir vurderte etter følgjande skala:

| | |
|---|---|
| + | positive (konsekvensar) |
| 0 | nøytral (ingen vesentlege konsekvensar) |
| - | negative (konsekvensar) |

Dei einskilde tema som blir analyserte, blir vurderte mot ei rekkje kriterium / konsekvensar. Desse er lista opp nedanfor. Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk. Nokre tema veg tyngre enn andre.

Dersom konsekvensar for nokre tema er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel, uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd. Da vil dei negative konsekvensane ikkje vegast opp av andre positive konsekvensar, eller minimerast gjennom avbøtande tiltak. Verdien 0 er brukt der tiltaket er vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.

Nedst i skjemaet finst ein samlande konklusjon for vurderingane med tanke på omdisponering og eventuelt avbøtande tiltak, om det er naudsynt. Mogelege avbøtande tiltak kan vere ein føresetnad / premiss for ei utbygging, og tiltaket er då gjerne å finne i forslaget til føresegner.

## 5.2 Skjema for konsekvensutgreiing

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | | **Områdenamn:** | |
| **Gnr./Bnr.** | | **Forslagstillar** | |
| | | | |
| **Tiltak** | | | |
| **Føremål** | | **Utnytting** | |
| **Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk** | | | |
| Føremål i dag: | | Føremål i framtid: | |
| **Miljø- og naturressursar** | | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** | |
| **Jord- og skogbruk** | | | |
| **Naturmangfald** | | | |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | | | |
| **Strandsone og vassdrag** | | | |
| **Støy og forureining** | | | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | | | |
| **Samfunn** | | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** | |
| **Samfunnstryggleik** | | | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | | | |
| **Friluftsliv** | | | |
| **Teknisk infrastruktur** | | | |
| **Bukvalitet** (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet) | | | |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | | |
| | | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | | |
| | | | |

## 5.3 Tema for miljø- og naturressursar (jamfør skjema ovanfor), vurderingskriterium

### 5.3.1 Jord- og skogbruk

I jordvernsstrategien for Møre og Romsdal frå 2007 blir det lagt vekt på at verdifull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar. Målet tek i seg bodskapen i Jordvernbrevet frå miljøvernministeren til kommunane i 2010 om ein strengare praksis i kommunane når det gjeld jordvern og reduksjon i omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord. Dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal og transportplanlegging (RPR-atp) har likevel retningslinjer for avveging mellom verne- og bruksinteresser i arealplanlegginga.

Utbyggingsomsyn kan gis større vekt enn vern innanfor gangavstand frå knutepunkt under føresetnad av at det er planlagt konsentrert utbygging. Jordvernet må derfor sjåast i ein heilskapleg samanheng der nasjonale mål knytt til utbygging, transportsystem, grønstruktur, friluftsinteresser, biologisk mangfald og kulturminnevern vert vurdert samla.

Konsekvensvurderinga med tanke på jord- og skogbruk tek utgangspunkt i temakart for jord- og skogbruk. Nye utbyggingsområde er også vurdert ut frå viktige sand- og grusførekomstar og lausmassar. Skal ein ta spesielt omsyn til skog, må det vere eit plantefelt på det aktuelle arealet. Elles vil skogsmark i dei fleste høve vike for andre formål. Det er viktigare at tilkomsten til skogsmark vert sikra ved ei omdisponering.

Utbyggingsforslag i område der landbruk er dominerande interesse, bør unngåast. Ei omdisponering av areal innanfor kategori «fulldyrka jord, lettbrukt» og «skog, særs høg og høg bonitet» i høve Markslag frå Skog og landskap, er vurdert negativt. Omdisponering av areal innanfor kategoriane «fulldyrka jord, mindre lettbrukt/tungbrukt og overflatedyrka jord eller innmarksbeite» og «Skog middels bonitet, låg bonitet og anna skog» er ikkje vurdert så negativt som for dei første kategoriane.

Utbyggingsforslag som ligg innanfor område med viktige sand- og grusførekomstar bør ha føresegner om rekkefølgje der desse massane må takast ut før området vert bygd ut.

*DATAKJELDER: Temakart for jord- og skogbruk (Skog og landskap), temakart for lausmassar og temakart for sand- og grusførekomstar (NGU) er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

### 5.3.2 Naturmangfald

Naturens mangfald skal sikrast og takast i vare for komande generasjonar, og naturen skal forvaltast slik at planter og dyr blir sikra i levedyktige bestandar. Naturmangfaldlova gjeld berekraftig bruk og vern av naturen. Paragraf 7 i lova viser til ulike retningslinjer som skal leggast til grunn ved utøving av offentleg mynde: Kunnskapsgrunnlag (§8), føre – var – prinsippet (§9), økosystemtilnærming og samla belastning (§10), kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§11) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§12).

Når det blir gjort vedtak som har konsekvensar for naturmangfaldet, skal det konkret nemnast kva vekt dei ulike vurderingskriteria har hatt for konklusjonen (§7). Kunnskapsgrunnlaget byggjer på vitskaps- og erfaringsmateriale. I vår situasjon, der ny arealbruk skal klarerast, kan det hende kunnskapsgrunnlaget er for svakt, og vi må setje vilkår om innhenting av ny kunnskap før utbygging kan tillatast. Andre samfunnsomsyn, til dømes bygging av infrastruktur, kan vege tyngre enn omsynet til naturmangfaldet (§14).

Vurderinga av artar under naturmangfald støttar seg på Miljødirektoratet (MDir) sine temakart og temakart frå Artsdatabanken i Gislink.

Nye utbyggingsområde er vurdert med bakgrunn i vitskapeleg kunnskap, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, kostnadane ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Ei omdisponering av areal som kjem i konflikt med naturmangfaldet er vurdert negativt. Dersom samla belastning er moderat og/eller kompenserande tiltak kan setjast inn, kan dette tale positivt for omdisponering.

*DATAKJELDER: Temakart for inngrepsfrie område (INON), temakart for artsdata, temakart for verneområde, temakart for naturtypar og artskart er lagt til grunn for vurderingane for nye utbyggingsområde(MDIR).*

### 5.3.3 Kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne

Kulturminnelova § 1 slår fast at kulturminne og kulturmiljø med sin eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag får nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Ei omdisponering av areal som er i konflikt med prioritert kulturmiljø og kulturminne er vurdert negativt. Der omdisponering er mogeleg etter avbøtande tiltak, er det sett krav om dette i føresegnene.

*DATAKJELDER: Temakart for freda kulturminne (Riksantikvaren), temakart for freda og veneverdige bygningar, SEFRAK (Riksantikvaren) og temakart for kulturlandskap (Miljødirektoratet) er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

### 5.3.4 Strandsone og vassdrag

Områda i og i tilknyting til strandsona har i alle tider vore viktige for folk busett ved kysten – både med tanke på mat og næring. Naust, bryggjer, busetjing og næringsbygg har historisk vorte reiste der det har vore mest praktisk. I dag står strandsona fram som ein avgrensa og ikkje – fornybar ressurs. Arealbruken konkurrerer mellom utbyggingsføremål, naturområde, friluftsinteresser, verneområde, kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Det er ei rekke lover som set rammer for disponeringa av kystsona. Dei viktigaste er Plan- og bygningslova, Naturmangfaldlova og Kulturminnelova. Ny statleg retningslinje for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen (kgl.res. av 25. mars 2011) held fast ved at bygging skal vurderast i høve til allmenne interesser som natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap. Ein skal



Aukra – full av energi

ivareta allmenne interesser og vere kritisk til bygging langs sjøen, jf. forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i PBL § 1-8. Aukra kommune har utarbeidd si eiga byggegrense mot sjø for fastlandet, Gossen og Rindarøya. I utarbeidinga av denne byggegrensa har kommunen lag til grunn infrastrukturtiltak og reguleringsplanar som bryt opp 100-metersbeltet. I einskilde område er sona utvida langt over 100 meter, medan der det er eksisterande tiltak er avstanden redusert med omsyn til dette. Byggetiltak skal difor bli vurdert i høve til denne byggeforbodssona. På holmar og skjer elles gjeld ordinær forbodssone i 100-metersbeltet langs sjøen etter PBL § 1-8.

Aukra har ingen større vassdrag, men ein del mindre bekker og dreneringskanalar. Desse kan ha auka vasstilsig i flaumsituasjonar og det bør difor setjas ei grense for tiltak rundt desse på 20 meter til kvar side.

Bygging i strandsona kan bli påverka av havnivåstigning. Etter ei vurdering av kva andre kystkommunar i området har kome fram til, har Aukra kommune konkludert med at bygging under eit nivå på kotehøgd +3,0 meter over middelvatnstand ikkje blir tillate.

Ei omdisponering av areal som har konsekvens for vassdrag eller allmenne interesser som natur- og kulturmiljø og landskap, er vurdert negativt. Nye naust/småbåthamnar/småbåtanlegg som er ei fortetting eller utviding av eksisterande bruk, er vurdert positivt, men med krav om at det skal leggast til rette for fri ferdsel i strandsona. Bustadbygging i strandsona vil ikkje bli vurdert. Ny hyttebygging vil bli søkt plassert utanfor strandsona.

*DATAKJELDER: Temakart for kulturarv (Riksantikvaren), temakart for friluftsområde (MDIR), temakart for verneområde (MDIR), temakart for naturtypar(MDIR), temakart for kulturlandskap (MDIR), artskart (Artsdatabanken) er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

### 5.3.5 Støy og ureining

I Handlingsplan mot støy 2007-2011 blir det peka på at det er svært viktig å legge til rette for ei langsiktig arealdisponering som hindrar støyproblem. **Førebygging gjennom rett arealbruk er truleg det mest kostnadseffektive tiltaket i høve støy.** Miljøverndepartementet fastsette i 2005 ei ny retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga som skal leggast til grunn ved planlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningsloven (T-1442/2012).

Forslag til omdisponering som heilt klart ikkje kan få akseptable miljøforhold (nært støykjelder og forureina område) på grunn av eksisterande belastning er i utgangspunktet vurdert negativt.

Utbyggingsforslag som i seg sjølv utløyser vesentleg auka støy eller anna forureining nært støyømfintlege areal og sårbare omgjevnader er vurdert negativt.

Det er sett krav om at tiltak nært støyømfintlege areal skal tilfredsstille retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442/2012.

*DATAKJELDER: Temakart for støy og temakart for ureining (KLIF) er mangelfulle og må supplerast med lokal kunnskap. Data for trakkmengde er søkt på Statens vegvesen si heimeside – trafikkmengde gir eit indirekte mål på støy.*

Aukra – full av energi

## 5.4 Samfunnsrelaterte tema

### 5.4.1 Samfunnstryggleik

Planlegginga har som mål å utforme trygge og robuste lokalsamfunn. Det er kommunen sitt ansvar at nye tiltak ikkje blir plassert slik at menneske eller materielle verdiar blir utsett for fare, derfor er det viktig at ein ikkje tillèt utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre naturskapte risikotilhøve.

Aukra kommune sin risiko- og sårbarheits analyse (2014) tek for seg ei rekkje samfunnstryggleikstema, og kjem med ein strategi for korleis desse skal følgjas opp. Dette gjeld til dømes storm/orkan, storbrann, skred, flaum, stormflo, storulykker og sårbare objekt. Konsekvensanalysen som følgjer vil ta for seg dei tema som er kartfesta.

Det må gjerast nærare undersøkingar der utbyggingsplanar kjem i konflikt med kartlagt risiko.

Forslag til omdisponering til utbyggingsområde i eit område med stor risiko for menneskeskapte eller naturbaserte farar som til dømes ras, stråling og eksplosivar, er vurdert negativt. Der omdisponering er mulig etter avbøtande tiltak, er det sett krav om dette i føresegnene.

*DATAKJELDE: Fare- og risikokart for steinsprang og snøskred (NGU) og temakart for eksplosivar m.m (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB) og el-kablar (NVE)er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

### 5.4.2 Trafikkgenerering og samordna arealbruk

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane og rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging har som mål å føre ein konsentrert arealbrukspolitikk som gir korte avstandar i høve til daglege gjeremål som skule, barnehage, butikk, arbeidsplass og idrettsarena og slik minske trong for transport. Det skal leggast vekt på auka konsentrasjon av utbygging i tettstadområde.

Omdisponering til utbyggingsområde som følgjer nasjonale, regionale og lokale retningslinjer er vurdert positivt, som til dømes nye bustader i nærleik til eksisterande og planlagde sentrumsfunksjonar.

*DATAKJELDE: Temakart for trafikkmengde og temakart for trafikkulykker (Statens vegvesen) er lagt til grunn for vurderingane.*

### 5.4.3 Friluftsliv

I stortingsmelding nr. 26 *Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* er det framheva at område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsel, opphald og hausting blir fremja og naturgrunnlaget bevart.

Ny, statleg retningslinje for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen held fast ved at bygging skal vurderast i forhold til allmenne interesser som blant anna friluftsliv.

Bruken av eit område til friluftsføremål er med å avgjere attraktiviteten til området. Dersom området er mindre brukt til friluftsliv, er verdien liten. Mykje bruk gir større verdi.

Forslag til omdisponering som vil vera uheldige for dei allmenne interessene for utøving av friluftsliv, er vurdert negativt.

*Temakart for friluftsliv og strandsone(MDIR og Fylkesmannen / fylkeskommunen i Møre og Romsdal) er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde. Friluftskart for Aukra kommune er også med i grunnlaget for vurderingane, saman med nye turvegar/-stiar foreslått i planforslaget til ny arealdel.*

### 5.4.4 Teknisk infrastruktur

Det finst eit omfattande kommunalt vegnett og vass- og avlaupsnett (v/a-nett) i kommunen. Det er ei målsetting å nytte eksisterande investeringar mest mogeleg effektivt ved nybygging. Kort avstand til offentleg eller privat veg vil gi mindre terrenginngrep. Kort avstand til vassverk inneber også eit tryggleiksmoment ved betre tilgang til sløkkjevatn ved brann.

Vurderingane er basert på kommunen sine leidningskart i dei aktuelle områda, og dimensjonen på vassleidningane. Det er ikkje teke omsyn til trykksoner eller om det er tilstrekkeleg forsyning med tanke på framtidig utbygging. Ved vurdering av tilgang til sløkkevatn ved brann, ser ein på tilgang til brannkummer. Når det ikkje er brannkum i nærleiken, skal tankbil dekkje trongen for sløkkevatn. På grunn av tryggleik for menneske og dyr skal bygningar for varig opphald og husdyr ha betre tilgang til sløkkevatn enn andre bygningar.

Omdisponering til føremål som krev veg og v/a-nett, blir vurdert som positivt dersom det er nærleik til eksisterande offentleg infrastruktur.

DATAKJELDE: Aukra *kommune sin oversikt over veg og v/a- nett er lagt til grunn for vurderingane av nye utbyggingsområde.*

### 5.4.5 Bukvalitet (barn og unge, universell utforming, folkehelse og attraktivitet)

**Barn og unge:** Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser i planlegginga seier blant anna at:

a) areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og anna helsefare og
b) i nærmiljøet skal det finnes areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø.

Den 26. juni 2009 vart ny forskrift om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova satt i verk. I den nye forskrifta §§ 6 og 9 er det kome inn ein presisering av at konsekvensutgreiingane skal gje ein skildring og vurdering av:

- verknadene for barn og unge sine oppvekstvilkår og
- tilgang til uteområde og gang- og sykkelvegnett.

**Universell utforming:** Universell utforming (UU) er i Plan- og bygningslova løfta fram som ein viktig føresetnad for all planlegging. Universell utforming er utforming av produkt og omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttast av alle, i ein så stor grad som mogeleg, utan trong for tilpassing og særskild utforming.

**Folkehelse:** Temaet handlar om helsetilstand og korleis helsa fordelar seg i befolkninga. Folkehelsearbeid handlar om å leggje til rette for og fremje folk si helse og trivsel, og redusere faktorar som har ein negativ påverknad ( jf. Folkehelselova § 3).

**Attraktivitet:** Her legg ein vekt på tilhøve som trivsel, lokalklima, sol - tilhøve og utsikt. Faktorar som styrkjer trivsel er blant anna tilgang til leikeområde, tur- og rekreasjonsområde, og til sosiale møteplassar.

**Barnetrakk:** I samband med førebuing av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vart det gjennomført ei barnetrakk – undersøking. Femte og niande klassetrinn ved Riksfjord skule og Julsundet skule var med i undersøkinga. Data frå denne undersøkinga er brukt til å vurdere sikker skuleveg, leikeareal og utrygge punkt/areal.

Ved vurdering av konsekvensar for barn og unge er det lagt særskilt vekt på trafikktryggleik, og spesielt tilgang til samanhengande gang- og sykkelveg til sentrale sørvisfunksjonar (skole, barnehage, forretning etc.) og tilgang til uteområde i nærleiken.

Forslag til utbyggingsområde er vurdert ut frå eit skjøn med tanke på tilhøve for barn og unge, universell utforming, folkehelse, i tillegg til attraktivitet (trivsel, lokalklima, sol - tilhøve og utsikt). Område som inneheld slike kvalitetar, er vurdert positivt. Område som inneheld negative konsekvensar for barn og unge, universell utforming, folkehelse og attraktivitet, er vurdert negativt.

*DATAKJELDE: Konkret synfaring, Aukra kommune si barnetrakkundersøking og topografiske kart.*

## 5.5 Oversikt over vurderte areal

Tiltaka som er vurderte fordeler seg slik:

Aukra – full av energi






Aukra – full av energi

## 5.6 Utgreiing av einskildområde

### 5.6.1 Oppsummering

Tabellen viser område som er vurderte, samt konklusjonen for kvar av desse. Grøn farge syner at innspelet er teke inn i kommuneplanen, gul farge syner at innspelet er teke inn i eit endra omfang i forhold til opphavleg innspel og raud farge syner at innspelet ikkje er teke inn i kommuneplanen. Kollonna lengst til høgre viser kva innspel som er nye etter første høyring, og kva nummer som var nytta på innspela i første høyring.

| Nr. | GNR/BNR | TILTAKSHAVAR | NYTT FØREMÅL | Vurdering | *1. høring* |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 1/154 (og 1/9) | Raknes | Naust | OK | *1* |
| 2 | 1/16 | Rognskog | Bustad | KU | *2* |
| 3 | 1/11 | Frode Aleksandersen | Bustad | | *3* |
| 4 | 1/12 | Reset | Bustad, Naust | | *4* |
| 5 | 1/17 | Arthur Sølvik | Bustad | | *5* |
| 6 | 2/5 | Odd-Terje Lillebostad | Bustad | KU | *6* |
| 7 | 2/4 og 2/6 | Edvin Magne Nybø/Breivika Camping | Campingplass | | *7* |
| 8 | 2/9 | Per Breivik | Bustad og naust | | *8* |
| 9 | 2/5 | Odd-Terje Lillebostad | Bustad | | *9* |
| 10 | 2/11 | Kirsten Hjertvikrem | Bustad | | *10* |
| 11 | 3/19 | Gyrid Gylseth | Fritidsbustad | OK | *11* |
| 12 | 2/44 | Aukra kommune | Småbåthamn | OK | ***ny*** |
| 13 | Fleire gnr/bnr | Horrem og Nyjord vel | Gang og sykkelveg | OK | *12* |
| 14 | 3/12 og 3/18 | Småge Eigedom AS | Industri | | *13* |
| 15 | 3/6 m. fl. | Aspevika sameige | Fritidsbustad, bustad og naust | | *14* |
| 16 | 4/87 | Jaron Prosjekt AS | Fritids- og turistføremål | OK | ***ny*** |
| 17 | Fleire Gnr./Bnr. | Aukra kommune | Veg | OK | *15* |
| 18 | 5/19 | Katarina og Bjørn Tore Orten | Rorbu/Fritidsbustad | KU | *16* |
| 19 | 5/11 | Mads Roger Småge | Rorbu/Fritidsbustad | OK | *17* |
| 20 | 6/53 | Terje Urdshals | Bustad | | ***ny*** |
| 21 | 6/25 | Knut Oterhals | Naust | KU | ***ny*** |
| 22 | 6/5 | Knut Oterhals | Naust | OK | *18* |
| 23 | 6/44 | Knut Oterhals | Bustad | Vurd. | *19* |
| 24 | 8/80 m.fl. | Aukra kommune | Etablere kyststi | OK | ***ny*** |
| 25 | 7/18 m.fl. | Romsdalsfisk AS | Næring (baseverksemd) | | *20* |
| 26 | Fleire | Aukra kommune | Småbåthamn | OK | *21* |
| 27 | 8/2 og 8/3 | Per Løvik | Småbåthamn | | *22* |
| 28 | 8/43 | Tone Furuhold Eitland | Boligbebyggelse | KU | *23* |
| 29 | 8/43 | Tone F. Eitland m.fl. | Bustad, fritidsbustad, naust og småbåthamn | KU | ***ny*** |
| 30 | 9/68 | Beate og Pål Aukan | Naust | OK | *24* |
| 31 | 9/124 | Kåre Skarshaug | Naust | OK | *25* |
| 32 | 9/66 | Klippen bedehus | Bustad | OK | *26* |
| 33 | 9/55 | Per Gunnar Vasdal | Fritidsbustad og ny tilkomstveg | | *27* |
| 34 | 9/55 m.fl. | Aukra kommune | Veg | OK | ***ny*** |
| 35 | 10/8 | Oddvar Hoksnes | Bustad | | *28* |
| 36 | 10/14 | Peder Olaus Sæter-Vatne arkitekter | Fritidsbustad / Bustad | | *29* |
| 37 | 10/10 | Jaron Prosjekt AS / Øystein Ekoff | Hytte og naust | | ***ny*** |
| 38 | 10/14 m.fl. | Jaron Prosjekt AS | Naust og veg | | ***ny*** |
| 39 | 10/6 | Stine og Hallvard Huse | Bustad | KU | *30* |
| 40 | 9/60 | Per Egil Sporsheim | Bustad | | ***ny*** |
| 41 | 9/85 | Kristine Skarshaug | Bustad | KU | *31* |
| 42 | 11/6 og 11/47 | Oddbjørn Hoksnes | Bustad/naturområde | KU | *32* |
| 43 | 11/6 | Pål Terje Huse | Naust | OK | *33* |
| 44 | Fleire | Aukra kommune m. fl. | Hamneområde | OK | *34* |
| 45 | 13/39 | Geir og Erna Varhaugvik | Lausmasseuttak | KU | *35* |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 46 | 13/15 | Kjell Bjarne Nautnes - Vårdal arkitekter | Bustad | | *36* |
| 47 | 13/15 m.fl. | Aukra kommune | Bustad og sentrumsføremål | OK | ***ny*** |
| **Nr.** | **GNR/BNR** | **TILTAKSHAVAR** | **NYTT FØREMÅL** | **Vurdering** | ***1. høring*** |
| 48 | 13/39 | Geir og Erna Varhaugvik | Bustad | KU | *37* |
| 49 | Fleire | Aukra kommune m. fl. | Næring | OK | *38* |
| 50 | 13/9 | Hans Johansen | Naust | | *39* |
| 51 | 13/13 | Aukra kommune | Friluftsområde | OK | ***ny*** |
| 52 | Fleire | Aukra kommune | Småbåthamn med naustområde | OK | *40* |
| 53 | 13/39 | Geir og Erna Varhaugvik | Bustad | KU | *41* |
| 54 | 13/8 | Liv Marit og Asbjørn Varhaugvik | Bustad | KU | *42* |
| 55 | 13/11 m.fl. | Aukra kommune | Bustad og friområde. | OK | ***ny*** |
| 56 | 12/100 m.fl. | Aukra kommune | Sentrumsføremål | OK | ***ny*** |
| 57 | 3/12 m. fl. | Asbjørn Windstad | Sentrumsføremål | | *43* |
| 58 | 1/254 m. fl. | Aukra kommune | Offentleg | | ***ny*** |
| 59 | 1/3, 1/288 | Henning Dale | Naust | OK | ***ny*** |
| 60 | 1/18 | Kjell Arntsen | Naust og bustad | | *44* |
| 61 | 1/1 | Aukrasanden vel | Bustad | KU | *45* |
| 62 | 1/1 | Aukrasanden vel | Bustad | Vurd. | *46* |
| 63 | 1/298 | Aukra kommune | Bustad/næringsverksemd | OK | *47* |
| 64 | 1/158 | Ingvar Arnason | Bustad | KU | ***ny*** |
| 65 | 1/1 | Aukrasanden vel | Bustad | KU | *48* |
| 66 | 1/5 | Julnes | Naust | OK | *49* |
| 67 | 1/6 | Ellinor og Kenneth Oterhals | Småbåthamn | OK | *50* |
| 68 | 15/1 | Peder Terje Hagås | Bustad | | *51* |
| 69 | 15/7 m.fl. | Aukra kommune | Offentleg | OK | ***ny*** |
| 70 | 15/7 m.fl. | Aukra kommune | Offentleg og rundkøyring | OK | ***ny*** |
| 71 | 15/7 | Bodil Hollingsæter | Bustad | Vurd. | *52* |
| 72 | 15/3 | Siri Hollingen/Aukra Sokn | Kapell/Menighetshus | OK | *53* |
| 73 | Fleire | Aukra kommune | Tursti | OK | ***ny*** |
| 74 | 18/1 | Nils Fanghol | Fritidsbustad | KU | *54* |
| 75 | 17/1 | Lars Hollingen | Bustad | | *55* |
| 76 | 18/1 m.fl | Aukra kommune/Privat | Bustad | OK | ***ny*** |
| 77 | 18/1 m.fl | Aukra kommune/Privat | Bustad | OK | ***ny*** |
| 78 | 21/3 | Hans Eidskrem | Bustad og friluftsområde | | *56* |
| 79 | 21/5 | Oliver Eidskrem | Fritidsbustad/bustad | | *57* |
| 80 | 21/5 m.fl. | Aukra kommune | Bustad | OK | ***ny*** |

# 6 Einskilde innspel – vurdering

Vidare i dokumentet kjem no kvart einskild innspel med si individuelle vurdering.

| Innspel nr. | 1 | | Områdenamn: | Aukratangen |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **1/154 (og 1/9)** | **Forslagstillar** | **Raknes** | |




| Tiltak | Marginal utviding mot vest av eksisterande naustområde. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Naust | **Utnytting** | 1-3 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark og innmarksbeite | **0** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje avgrensa naturtypar i området for nytt naust, men Krabbeteinholmen som ligg i sjøen søraust for byggeområdet er i Naturbase avgrensa som eit viltområde med funksjon for hekkande fugl. I Artskart er det i tillegg ein del observasjonar av fugl frå området innafor holmen. Sidan holmen ligg om lag 200 m unna plasseringa av naust, vert den negative verknaden på holmen som hekkeplass vurdert som avgrensa. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldloven § 8 vert vurdert som noko mangelfullt mhp. planteliv i områda langs sjøen. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Like nordvest for tiltaksområdet ligg det eit automatisk freda gravfelt (id 92086) med to gravrøyser frå bronsealder/jernalder.  Ny arealbruk er marginal i forhold til gjeldande plan, og vil ha liten innverknad på gravrøysene. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå matrikkelgarden, med alle dei førhistoriske periodane representert i funnmaterialet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg innanfor strandsona. Marginal endring i forhold til gjeldande plan. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Marginal endring i forhold til gjeldande plan. | **0** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket ligg innanfor bandleggingssone for vegtrasè over Kjerringsundet, fastlandssambandet. | **-** |
| **Friluftsliv** | Marginal endring i forhold til gjeldande plan. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Marginal endring i forhold til gjeldande plan. | **0** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområda ut frå kjent kunnskap. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Området er vurdert til å kunne leggast ut til ønska formål, naust. |

| Innspel nr. | 2 | | Områdenamn: | Aukratangen |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 1/16 | Forslagstillar | Rognskog | |




| Tiltak | Tiltaksområdet er foreslått regulert til bustadtomter. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 2-4 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Fulldyrka mark og innmarksbeite. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar dyrka mark som truleg har vorte ein del gjødsla og har avgrensa verdi for naturmangfald. I vest er det attgrodd, eldre kulturmark. Ned mot stranda vest for det foreslegne byggeområdet er det avgrensa ein naturtypelokalitet med strandsump. Avgrensinga i Naturbase er noko unøyaktig, og ut frå flyfoto ligg naturtypelokaliteten truleg noko nærare sjøen. Byggeområdet kjem ikkje i berøring med naturtypelokaliteten og bustadbygging vert vurdert å ha avgrensa negativ verknad på naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. I området er det gammal kulturmark. I tunet nord for det aktuelle området, på oppsida av Fv 217, ligg det ei løe som er SEFRAK-registrert. Løa er i frå siste halvdel av 1800-talet. Nede ved sjøen i søraust ligg det eit automatisk freda gravfelt (id 92086) med to gravrøyser frå bronsealder/jernalder. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå matrikkelgarden, med alle dei førhistoriske periodane representert i funnmaterialet. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket fragmenterar jordbrukslandskapet. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko trafikkauke. Etableringa samsvarar ikkje med intensjonen om samordna areal- og transportplanlegging.Området ligg innanfor bandlagtsone avsett til ny fastlandsforbindelse over Kjerringsundet. | **-** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 4,7 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Smal fylkesveg utan gang-sykkelveg.<br>Åpent og solrikt. Utsikt til sjø | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Konflikt med landbrukspolitiske retningslinjer. Som del av større, samanhengande område med lettdyrka landbruksareal er planane om omdisponering i konflikt med nasjonale føringar og landbrukspolitiske mål. Strekninga langs Fv 217 mellom Aukratangen og Horrem ser ut til å vere attraktiv for bustadutvikling. Området er vestvendt og solrikt og vil vere sentralt i høve til framtidig fastlandsforbindelse. Fylkesvegen er smal (ett felt) og auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare.
Gang-sykkelveg kan vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten og Gossen B/U-skule.
Stort potensiale for funn av kulturminne. Området ligg innanfor sone avsett til ny fastlandsforbindelse over Kjerringsundet og innanfor avsett strandsone i kommuneplanen.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å ikkje å leggast ut til bustadområde.

| **Innspel nr.** | **3** | | **Områdenamn:** | **Aukratangen** |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **1/11** | **Forslagstillar** | **Frode Aleksandersen** | |




| **Tiltak** | Tiltaksområdet består av sørvestvendt dyrkamark på begge sider av Fv 217 like nord for Krabbetjønnholmen på Aukratangen. Eksisterande spreidde bustader på begge sider av vegen. Tiltaksområdet er foreslått regulert til bustadtomter. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 4-5 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad |
|---|---|






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | 7000 m2 fulldyrka jord på sør for fylkesvegen og 6000m2 fulldyrka jord nord for fylkesvegen. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar dyrka mark på båe sider av vegen. Dyrkamarka er truleg ein del gjødsla og har avgrensa verdi for naturmangfald. Ned mot stranda er det avgrensa ein naturtypelokalitet med strandsump. Avgrensinga i Naturbase er noko unøyaktig, og riktig plassering av naturtypelokaliteten ligg truleg noko nærare sjøen. Slik byggeområdet er avgrensa kjem det ikkje berøring med naturtypelokaliteten. Byggeområdet vurderast difor å ha avgrensa negativ verknad på naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet. Det er ein SEFRAK-registrert bygning innafor tiltaksområdet. Dette er eit våningshus frå første del av 1800-talet. I tunet like aust for tiltaksområdet ligg det ei SEFRAK-registrert løe frå siste halvdel av 1800-talet. Nede ved sjøen i søraust ligge det eit automatisk freda gravfelt (id 92086). Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne, både busetnadsspor under flat mark og steinalderslokalitetar, innafor tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området sør for fylkesvegen ligg innanforkommuneplanen si gitte strandsone og byggjegrense mot sjø. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Fortetting av eksisterande spreidd busetnad som i liten vil grad endre landskapsbiletet. Det vil føre til at det sammenhengende vegetasjonsbeltet mellom landbruksteiger nord for vegen punkterast, noko som vurderast som negativt for dette landskapet. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etablering her støttar ikkje rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. Delar av tiltaket ligg innanfor bandleggingssone for vegtrasè over Kjerringsundet, fastlandssambandet. | **-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 5 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Smal fylkesveg (eit køyrefelt) utan gang-sykkelveg.<br>Åpent og solrikt. Utsikt mot Otrøya. Mindre del nord for vegen ligg innafor LNF-spreidd. | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Konflikt med jordvernet. Omdisponering av landsbruksareal kan vanskeleg forvarast ut frå sterke nasjonale føringar og totalvurdering av utbyggingspotensial i kommuneplanen mot forventa befolkningsvekst. Som del av større, samanhengande område med lettdyrka landbruksareal er planane om omdisponering i konflikt med nasjonale føringar og landbrukspolitiske mål.
Stort potensiale for funn av kulturminne.
Generelt langs Fv 217: Strekninga langs Fv 217 mellom Aukratangen og Horrem ser ut til å vere attraktiv for bustadutvikling. Området er vestvendt og solrikt og vil vere sentralt i høve til framtidig fastlandsforbindelse. Fylkesvegen er smal (ett felt) og auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare. Gang-sykkelveg kan vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten og Gossen B/U-skule.

**Konklusjon etter vurdering**

Ein del av området nord for fylkesvegen ligg innanfor sone med LNF-spreidd busetnad og kan byggast ut etter i vurdering av antal bustader innanfor sona. Området sør for fylkesvegen ligg utanfor prioritert område for LNF-spreidd og innanfor strandsona og er vurdert til ikkje å leggast ut til bustadområde.

| Innspel nr. | 4 | | Områdenamn: | Aukratangen/Kjerkeberget |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 1/12 | Forslagstillar | Reset | |




| Tiltak | To mindre område på begge sider av eksisterande busetnad på gnr/bnr 1/12 er planlagt regulert til nye bustadareal. Eit større område sør for Fv217 er også foreslått regulert til bustad. Eksisterande formålsområde for naust er planlagd utvida noko lenger mot nord og aust. |
|---|---|

| Føremål | Bustad, Naust | Utnytting | 6 |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad, Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Planområda er for ein stor del innmarksbeite, noko fulldyrka jord og noko uproduktiv skog. Eit smalt belte med skog med høgare bonitet mot dyrkamark nord for planområdet. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar eller gjort funn av spesielle artar i området. Området består av kulturmark som vert brukt til beite og truleg er ein del gjødsla. Lengst vest ligg rester av kulturmark som er ein del attgrodd. Området vert vurdert å ha avgrensa verdi for naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. I tunet nord for Fv 217, mellom dei to tiltaksområda på oppsida av vegen, er det ei løe frå siste del av 1800-talet i SEFRAK-registeret. I tunet like utanfor tiltaksområdet i aust er det eit SEFRAK-registrert våningshus frå første del av 1800-talet. Den gamle løa i tunet er reven. Det er eit visst potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, hovudsakleg på oppsida av Fv 217. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå matrikkelgarden, der alle dei førhistoriske periodane er representert i funnmaterialet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Bustadområdet ligg innanfor gitt strandsone i kommuneplanen. Utvidinga av naustområdet i strandsona er marginal og endrar lite frå gjeldande kommuneplan. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Del av eksisterande busetnad. | **0/+** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko trafikkauke. Etableringa støttar delvis intensjonen om samordna areal- og transportbruk som ei utviding av eksisterande bustadområde vest for planområda, med klar grense mot LNF-område. | **-** |
| **Friluftsliv** | Planområda er ikkje i konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 4,2 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Smal fylkesveg utan gang-sykkelveg.<br>Ope og solrikt. Utsikt til sjø | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområda ut frå kjent kunnskap. Auka trafikk på smal fylkesveg utan gang-sykkelveg vil gi dårlegare tilhøve for mjuke trafikantar.Strekninga langs Fv 217 mellom Aukratangen og Horrem ser ut til å vere attraktiv for bustadutvikling. Området er vestvendt og solrikt og vil vere sentralt i høve til framtidig fastlandsforbindelse. Fylkesvegen er smal (ett felt) og auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare.
Gang-sykkelveg kan vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten og Gossen B/U-skule
Stort potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Område nord for fylkesvegen ligg innanforsone med LNF-spreidd busetnad og kan byggast ut etter ei vurdering av antal bustader innanfor sona. Området sør for fylkesvegen ligg utanfor prioritert område for LNF-spreidd og er vurdert til ikkje å leggast ut til bustadområde Delar av dette området ligg innanfor strandsona. Naustområde kan utvidast og leggast inn i kommuneplanen.

| Innspel nr. | 5 | | Områdenamn: | Kjerkeberget/Aukratangen |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **1/17** | **Forslagstillar** | **Arthur Sølvik** | |




| **Tiltak** | Bustadbygging og naustområde. Tre nye mindre felt til bustadbygging nord for fylkesveg 217. Rett sør for fylkesvegen, på same eigedom, er det etablert eit bustadfelt (ikkje regulert). Sør for dette, grensande til sjøen, er naustområdet lokalisert. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 3-5 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Områda nord for fylkesvegen består av fulldyrka jord, innmarksbeite og uproduktiv skog. Området ved sjøen er registrert som skrinn fastmark. | -- |
| **Naturmangfald** | Nedre del av området består av dyrka mark og areal opparbeida til bustadføremål. Det øvste arealet i området består av skog. Skogen er truleg ung og består av både lauvtrær og bartre. Det er ikkje avgrensa nokre naturtypar, viltområder eller gjort spesielle funn av artar. Når det gjeld det øvste arealet vurderast kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 som noko mangelfullt, men mest truleg er det svært avgrensa verdiar i dette området. | 0/- |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet. Det er ein SEFRAK-registrert bygning og ein ruin innafor tiltaksområdet som ligg nærast Fv 217. Dette er eit våningshus frå 1800-talet, og ein ruin etter ei løe frå same tida. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne, både busetnadsspor under flat mark og steinalderslokalitetar, innafor tiltaksområda nord for Fv 217. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | 0/- |
| **Strandsone og vassdrag** | Nausta ligg i strandsona, men er del av eksisterande miljø. Tiltaket blir vurdert som positivt med føresetnad om at utforming og plassering ikkje vil vere til hinder for fri ferdsel i strandsona. | 0 |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Dei to nordlegaste bustadområda fragmenterar dyrkamark og samanhengande naturområde. Øvrige planlagde tiltaksområde utfyller eksisterande busetnad. | 0/- |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etablering her samsvarar i nokon grad med rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. | - |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | 0 |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 5,3 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Smal fylkesveg (eitt køyrefelt) utan gang-sykkelveg.<br>Åpent og solrikt. Utsikt mot Otrøya. | - |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Nordlegaste område, samt område langs fylkesveg er ikkje i konflikt med landbruksomsyn. Føresett at tilkomstveg ikkje deler samanhengande landbruksareal. Naustområde del av eksisterande miljø. Føreset utforming som tillater almen ferdsel i strandsona. Område like nord for bustadnr. 194 bør takast ut. Strekninga langs Fv 217 mellom Aukratangen og Horrem ser ut til å vere attraktiv for bustadutvikling. Området er vestvendt og solrikt og vil vere sentralt i høve til framtidig fastlandsforbindelse. Fylkesvegen er smal (ett felt) og auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare.
Gang-sykkelveg kan vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten og Gossen B/U-skule.
Stort potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Områda ønska til bustad langs nordsida av vegen er vurdert til å leggast ut til LNF med spreidd busetnad og kan byggast ut etter ei vurdering av antal bustader innanfor sona. Områda lenger nord vil ikkje bli lagt inn i kommuneplanen. Bygging utanfor sone avsett til LNF-spreidd bebyggelse og midt inne i jordbruks- og naturområder vil ikkje bli akseptert.
Utviding av naustområdet leggast inn i kommuneplanen.

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **6** | **Områdenamn:** | **Trollvika** |
| **Gnr./Bnr.** | **2/5** | **Forslagstillar** | **Odd-Terje Lillebostad** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Omregulering av dyrka mark til bustadtomter. | | |
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 2-3 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Fulldyrka jord. | -- |
| **Naturmangfald** | Området består av gjødsla dyrka mark som har avgrensa verdi for naturmangfald. | 0 |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Fragmenterar større, samanhengande område med dyrkamark. | - |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Etableringa samsvarar ikkje med intensjonen om samordna areal- og transportbruk. I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging er det uttalt at ein skal søkje å få til klare grenser mellom bustadområde og landbruk-, natur- og friluftsområde og at inngrep bør samlast mest mogleg. | - |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområder. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | 0 |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 4,1 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Smal fylkesveg utan gang-sykkelveg.<br>Åpent og solrikt. Utsikt til sjø. | - |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Området ligg innanfor område av sett til LNF-spreidd busetnad. Konflikt med landbrukspolitiske retningslinjer.
Strekninga langs Fv 217 mellom Aukratangen og Horrem ser ut til å vere attraktiv for bustadutvikling. Området er vestvendt og solrikt og vil vere sentralt i høve til framtidig fastlandsforbindelse. Fylkesvegen er smal (ett felt) og auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare.
Gang-sykkelveg kan vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten og Gossen B/U-skule.
Stort potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Områda ønska er vurdert til å leggast ut til LNF med spreidd busetnad og kan byggast ut etter ei vurdering av antal bustader innanfor sona.

| Innspel nr. | 7 | | Områdenamn: | Breivika |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **2/4 og 2/6** | **Forslagstillar** | **Edvin Magne Nybø/Breivika Camping** | |




| | |
|---|---|
| **Tiltak** | Tiltaksområdet består av sørvestvendt dyrkamark vest for Fv 217. Eksisterande campingplass med hytter ligger sør for området. Tiltaket består i å utvikle campingplassen på eiendommen 2/4 med noe mer campingareal, kombinert kontor/forretning/utleiehytter ved vegen, hotell og småbåthamn. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Campingplass | **Utnytting** | Ca 13 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Campingplass |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Planområdet er registrert med fulldyrka jord, litt skog med lav bonitet og jorddekt fastmark. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området består i hovudsak av gjødsla dyrka mark. Øvste del av området ligg grensa mot fylkesveg og internveg med kantvegetasjon. Breivikelva går i nordgrensa av søkt område med kantvegetasjon. Det er ikkje avgrensa naturtypelokaliteter, viltområder eller gjort spesielle funn av artar, men er likevel viktig for naturmangfoldet. Foreslåtte veg 1 bør difor flyttast minimum 10 meter frå bekken. Innspelet for campingområde omfattar dyrka mark ned mot sjøen.Arealet har truleg avgrensa verdi for biologisk mangfald, og verknaden på naturmiljø vurderast som liten. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Delar av tiltaka ligg innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. Formål bør avgrensast til ca 40-50 m frå sjø med strandlina intakt. Foreslått småbåthamn blir liggande tett på foreslått småbåthamn på eigedomen 2/6 (FIS11). Begge tiltaka blir for mykje belastning i strandsona og må sjåast i samanheng. Breivikelva ligg i nordgrensa av eigedomen med kantvegetasjon. (Sjå omtale lenger opp) | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket er avgrensa innanfor eigedom med steingjerder/vegetasjon, men fragmenterar samanhengande kulturlandskap i området langs sjøen. | |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Lokalvegen vil får mykje meir framandtrafikk. Vegen er omtala i andre samanhanger som ein flaskehals i forhold til utvikling i dette området. Krav til trafikksikekhet medfører at vegen må utbetrast med gang-/sykkelveg før de intensive tiltaka kan aksepterast. | **-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg ikkje koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s og er ikkje nok for tiltaket. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påverke eksisterande bukvalitet i særleg grad.<br>Smal fylkesveg utan gang-sykkelveg. | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Konflikt med landbrukspolitiske retningsliner. Som del av større, samanhengande område med lettdyrka landbruksareal er planane om omdisponering i konflikt med nasjonale føringar og landbrukspolitiske mål. Konfliktpotensiale i fht. trafikktilhøva, ut frå vurdering av kjend kunnskap. Fylkesveg 217 mellom Aukratangen og Horrem er smal (ei køyrebane) med dårlege tilhøve for mjuke trafikantar. Auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare. Gang- og sykkelveg må vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten. Det er ikkje kapasitet til brannvatn som tilfredsstiller krava som gjeld for tiltaket, desse krava må tifredsstillast før løyve gis. Ein er skeptisk til tiltaket hotel, då det allereie er hotellplanar på Gossen, med lite kundegrunnlag. Det er ikkje ønskeleg med næringsareale langs vegen. Det må ikkje hindrast allmen ferdsel langs strandsona og Breivikelva med kantvegetasjon bør vere urøyrd. Potensiale for funn av kulturminner.

**Konklusjon etter vurdering**

Utviding av campingplassområdet er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen med krav om detaljregulering og konsekvensutredning. Næringsarealet langs Fv 217 er ikkje ønskeleg. Hotell og kontor/forretning/utleigehytter tilates ikkje før gang/sykkelveg er bygd ut langs Fv. 217. Kapasitet på vatn og avlaup må og være løyst før løyve gis. Veg 1 flyttast sørover slik at bekkedraget får ei minimum buffersone på 20 meter til kvar side av bekken.

| Innspel nr. | 8 | Områdenamn: | Breivika |
| --- | --- | --- | --- |
| Gnr./Bnr. | 2/9 | Forslagstillar | Per Breivik |




| Tiltak | Tiltaksområdet består av vestvendt dyrkamark nord for Fv 217, samt utviding av eksisterande naustområde i fjøra. Eksisterande spreidde bustader på begge sider av vegen. Tiltaksområdet er foreslått regulert til bustad- og nausttomter. | | |
| --- | --- | --- | --- |
| **Føremål** | Bustad og naust | **Utnytting** | 2-3 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
| --- | --- |
| LNF | Bustad og naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Planområdet er registrert med fulldyrka jord, skog med høg bonitet og jorddekt fastmark. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området for bustadtomter på oversida av vegen består i hovudsak av gjødsla dyrka mark utan spesiell verdi for naturmangfald. Øvste del av området ligg i kanten av eit større område med myr. Myra er truleg grøft og noko drenert, da det frå før ligg eit bygg i området. Det er ikkje avgrensa naturtypelokaliteter, viltområder eller gjort spesielle funn av artar.<br>Opparbeiding av bustadtomt vil likevel kunne føre til ytterligare drenering av området med myr, og dette kan ha litt negative verknader på myrområdet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfullt med tanke på området med myr.<br>Arealet for nytt naust omfattar dyrka mark ned mot sjøen. Arealet har truleg avgrensa verdi for naturmangfald, og verknaden på naturmiljø vurderast som liten. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Gjeld naustområde: Tiltaket ligg i strandsona, men vil være del av eksisterande ikkje utbygd naustområde. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket fragmenterar samanhengande jordbrukslandskap. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Etableringa samsvarar ikkje med intensjonen om samordna areal- og transportbruk. I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging er det uttalt at ein skal søkje å få til klare grenser mellom bustadområde og landbruk-, natur- og friluftsområde og at inngrep bør samlast mest mogleg. | **-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 3,5 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Smal fylkesveg utan gang-sykkelveg.<br>Ope og solrikt. Utsikt til sjø. | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Konflikt med landbrukspolitiske retningslinjer. Strekninga langs Fv 217 mellom Aukratangen og Horrem ser ut til å vere attraktiv for bustadutvikling. Området er vestvendt og solrikt og vil vere sentralt i høve til framtidig fastlandsforbindelse. Fylkesvegen er smal (ett felt) og auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare. Gang-sykkelveg kan vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten og Gossen B/U-skule. Naust kan tillatast med føresetnad om utforming i strandsona ikkje vert til hinder for almen ferdsel.
Stort potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Område ønska for bustader er vurdert til å leggast ut til LNF med spreidd busetnad og kan byggast ut etter ei vurdering av antal bustader innanfor sona.
Utviding av naustområde er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen. Det er kapasitet innanfor avsett område som i dag er utbygd med berre eitt naust.

| Innspel nr. | 9 | Områdenamn: | |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 2/5 | Forslagstillar | Odd-Terje Lillebostad |




| Tiltak | Omregulering av myrområde til bustadtomter. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Bustad | Utnytting | 4-6 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Området er registrert med myr og jorddekt fastmark samt noko skog med høg bonitet. Området ligg innanfor avsett omsynssone for landbruk. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området består av myr. I delar av området er det i Naturbase avgrensa ein naturtypelokalitet med kystmyr og verdi B. Slik byggeområdet er avgrensa, vil det kunne gje inngrep i naturtypelokaliteten, samt drenering av myr. For å unngå negative verknader på området med myr, må ein redusere byggeområdet betydeleg. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket bryt opp samanhengande naturområde. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Etableringa støttar ikkje intensjonen om samordna areal- og transportbruk. I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging er det uttalt at ein skal søkje å få til klare grenser mellom bustadområde og landbruk-, natur- og friluftsområde og at inngrep bør samlast mest mogleg. | **-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområder. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 3 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>1 km utan gang-sykkelveg<br>Åpent og solrikt. Utsikt til sjø?. | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket fragmenterar samanhengande myrlandskap og bryt med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. Strekninga langs Fv 217 mellom Aukratangen og Horrem ser ut til å vere attraktiv for bustadutvikling. Området er vestvendt og solrikt og vil vere sentralt i høve til framtidig fastlandsforbindelse. Fylkesvegen er smal (ett felt) og auka trafikk vil gjere tilhøva dårlegare.Gang-sykkelveg kan vurderast etablert før strekninga blir belasta med meir trafikk for å betre trafikktilhøva. Helst bør sikker veg for mjuke trafikantar førast heilt fram til Falkhytten og Gossen B/U-skule.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen. Området ligg i avsett omsynssone for landbruk.

| Innspel nr. | 10 | Områdenamn: | Hjertvika |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **2/11** | **Forslagstillar** | **Kirsten Hjertvikrem** |




| | |
|---|---|
| **Tiltak** | Planområdet ligg i fortsetting av område som i gjeldande kommuneplan ligg som framtidig bustadfelt. Dei planlagde bustadfelta ligg i fortsetting av eksisterande bustadfelt (Hjertvikberget) og knyter dette saman med eksisterande bustader mot sør. |

| Føremål | Bustad | Utnytting | 4-5 |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Planområdet består av jorddekt fastmark med skog med høg bonitet på begge sider. Området i austre del ligg innanfor avsett omsynssone for landbruk. | **-** |
| **Naturmangfald** | Utvidinga av byggjeområdet omfattar myrkant og lauvskog. I nord er det kartlagd eit større område med kystmyr med verdi B. Hjertvika i søraust er naturreservat. Det er frå tidlegare bustader i området, og det utvida byggjeområdet kjem ikkje i direkte kontakt med området kartlagd som kystmyr eller Hjertvika NR. Utviding av byggjeområdet omfattar eit avgrensa areal, men kan likevel føre med seg drenering av eit noko større areal med myr, og verknaden for naturmiljø vurderast som negativ. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. I tunet innafor tiltaksområdet er det SEFRAK-registrerte bygningar. Våningshuset har ikkje informasjon om alder. Løa og stabburet er frå siste del av 1800-talet. Ca. 250m sør for tiltaksområdet er det registrert ein større lokalitet med automatisk freda busetnadsspor frå jernalder (Hjertvik, id 92193). Ein lengre steingard strekker seg langs tiltaksområdet i nordaust. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne, hovudsakleg busetnads- og aktivitetsspor innafor området. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil vere ei utviding av eksisterande bustadområde og vil ikkje bli verte eit nytt inngrep. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utvikling av bustadfeltet vil generere noko meir trafikk på fylkesveg 217, som er smal og utan gang- sykkelveg. | **-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket vil ikkje påverke eksisterande friluftslivkvalitetar negativt. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Teknisk infrastruktur til nytt bustadområde kan trulge koplast til offentleg vatn. Offentleg avlaup finnst ikkje i dette området. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Om lag 3,5 km til skule og butikkar på Falkhytten.<br>Ikkje gang-sykkelveg langs fylkesveg | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Området ser ikkje ut til å ha vesentleg konfliktpotensiale med unntak av trafikktilhøva, ut frå vurdering av kjent kunnskap. Fylkesveg 217 mellom Aukratangen og Horrem er smal (ein køyrebane) med dårlege tilhøve for mjuke trafikantar. Ønsket om nye bustadetableringar langs strekninga må vurderast i samband med utbetring av tilhøva for gåande og syklande.
Potensiale for funn av kulturminner.

**Konklusjon etter vurdering**

Område ønska for bustader kring eksisterande bustadfelt er vurdert til å leggast ut til LNF med spreidd busetnad og kan byggast ut etter ei vurdering av antal bustader innanfor sona. Del av område i aust ligg innanfor avsett omsynssone for landbruk og må vurderast nærare før ei utbyggjing.

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **11** | **Områdenamn:** | **Småsundet** |
| **Gnr./Bnr.** | **3/19** | **Forslagstillar** | **Gyrid Gylseth** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Området ligg i forlenging av hyttefelt i gjeldande kommuneplan. Store delar av eksisterande småbruk er planlagt omdisponert til fritidsbustader. | | |
| **Føremål** | Fritidsbustad | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Fritidsbustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Om lag 10 daa fulldyrka jord i planområdet. Jorddekt fastmark ved eksisterande gardstun. Skrinn fastmark på nabbane i kring. Myr. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området består av lynghei og myr, samt dyrka mark/kulturmark. Det er i gjeldande kommuneplan satt av eit byggjeområde lenger sør. Det er ikkje kartlagt naturtypar i området, men ein kan ikkje sjå bort i frå at lyngheia har verdi som naturtype. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfullt. | **-/--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er kjende automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. Dette er eit busetnads- og aktivitetsområde frå steinalder (Småsund id 158325). I tunet på Småsund er det to SEFRAK-registrerte bygningar, ei løe og eit stabbur. Alderen på bygningane er ikkje kjend. Like vest for tiltaksområdet er det registrert ein automatisk freda bautasteinslokalitet (id 92088). Ei utbygging vil også virke visuelt inn på denne. Småsundet har kulturlandskapskvalitetar med kulturhistoriske spor som viser stor tidsdjupne. Det ligg fleire steingardar i kulturlandskapet. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **--** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona og kommuneplanen si gitte byggjegrense mot sjø. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Utviding av eksisterande felt. Full utbygging av heile formålsområdet for fritidsbustad vil prege eit stort område. Variasjon og god terrengtilpassing vil vere viktig for å oppretthalde positivt inntrykk frå ulike opplevingspunkt. Minuset i konsekvensfeltet signaliserer potensiale for uheldig terrengforming og lite omsyn til landskapskvalitetar. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ferdig utbygde felt vil generere noko meir trafikk på Fv 217, som er ein smal veg med eitt køyrefelt og møteplassar. Ikkje gang-/sykkelveg. | **-** |
| **Friluftsliv** | Konsekvensen for friluftsliv vil vere avhengig av detaljutforming av områda. God tilrettelegging vil gi betre tilgjenge til områda for fleire brukargrupper. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan lite truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påverke bokvalitet i særleg grad. | **0** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det er uheldig at dyrkamark blir omdisponert, men areala er små og vert rekna som lite drivverdige. I samband med reguleringsplana må det påreknast kartleggingsarbeid for Naturmangfald og kulturminner for planområdet. Kulturlandskapskvalitetar og kulturhistoriske spor bør takast vare på og arbeidast inn i detaljplan.
Heilskapleg plan med vekt på landskapstilpassing bør prioriterast då det samla inngrepet vil få vesentleg omfang og prege opplevinga av eit større område.
Det skal vere almen tilgjenge gjennom feltet til strandsona.
Stort potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Område H8 som er eit stort område som ikkje er ikkje opparbeida enda. Det totale område for fritidsbygnadar saman med innspelsområdet er vurdert til å vere stort for denne type landskap. Utbygging må tilpasses natur, landskap og kulturmiljø. Ein må rekne med at teknisk infrastruktur som vatn og avlaup på utbetrast for utbyggjing.
Kommuneplanen tilpasses dette, med ei endra avgrensing og føring om spreidd hyttebygnad og god landskapstilpassing.

Aukra kommune

| Innspel nr. | 12 | | Områdenamn: | Horremsbukta |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **2/44** | **Forslagstillar** | **Aukra kommune** | |




| Tiltak | Sikre nødvendig område for landdelen av eksisterande småbåthamn. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Småbåthamn | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Åpen fastmark med fjell i dagen. | **0** |
| **Naturmangfald** | Tiltaket ligger innenfor område med særleg stor forvaltningsinteresse, men det er ikkje registrert naturtypar eller gjort funn av spesielle artar i området for landdelen. Mesteparten av området er i dag køyre- og vegareal tilknytta småbåthamna. Naust er bygd langs moloen. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsona og er stort sett opparbeida areal tilknytta småbåthamna. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Risiko for forurensing i samband med spyling og skraping av skrog på opplagsplasser. | **0/-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er stort sett opparbeida som landareal til småbåthamna og vil trulig ikkje påvirke landskapskvalitetane i området. Kan bli ingrep i synlege svaberg innanfor planområdet. | **0/-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko meir trafikk på tilkomstveg pga utvida bruk. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Småbåthamna og landdelen legg til rette for auka friluftsativitet knytt til sjø. Planområdet kjem ikkje i konflikt med registrert friluftsområde. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Kan truleg nytte eksisterande anlegg. | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil betre tilbodet for friluftsliv til sjøs i området. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket vil vere i konflikt med omsyn i strandsona. Fri ferdsel gjennom området må etablerast. Området er stort sett opparbeidd på land i dag. Ei utviding av landanlegget bør tilpassast landskapskvalitetane med bevaring av svaberg og unngå meir fylling i sjø. Naustrekke må ha eige formål; fritidsbygnad/naust.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast ut til ønska formål. Justering av plangrense ved molo tilpassast område satt av i gjeldande kommuneplan.

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **13** | **Områdenamn:** | **Horremsbukta** |
| **Gnr./Bnr.** | **Fleire gnr/bnr** | **Forslagstillar** | **Horrem og Nyjord vel** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Etablering av gang- sykkelveg langs Fv217 mellom Hjertvikberget og Horremshaugen. | | |
| **Føremål** | Gang og sykkelveg | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Gang og sykkelveg |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Noko myr og noko dyrkamark langs fylkesvegen.Området ligg innanfor avsett omsynssone for landbruk. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området strekk seg langs fylkesvegen. Sør i området er det planta ein del framande bartre, særleg på austsida av vegen. Mot vest er det fuktig lynghei. Nordover grenser vegen mot gjødsla dyrka mark, samt nokre mindre restar med eldre kulturmark. Ved Horremshaugen lengst i nord er det i Naturbase avgrensa ein gamal funnstad for solblom (VU). Førekomsten er ikkje funnen att i nyare tid. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som noko mangelfullt, men tiltaket vil truleg ha avgrensa verknad på naturmiljøet. Restane med eldre, ugjødsla kulturmark langs vegen bør likevel undersøkast i samband med arbeidet med reguleringsplan for gang- og sykkelvegen. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i gang- og sykkelvegtraseen. Like ved Fv 217 er det kjent 7 SEFRAK-registrerte bygningar og ruinar, og ein automatisk freda kokegroplokalitet frå eldre jernalder (id -160301). Hovudsakleg skriv bygningane og ruinane seg i frå 1800-talet. På delar av strekninga vil gang- og sykkelvegen gå i gammalt kulturlandskap. Ein gang- og sykkelveg langs eksisterande fylkesveg vil samla sett ha liten innverknad på kulturlandskapskvalitetane ned mot Horremsbukta og Hjertvika. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket endrar ikkje vesentleg på landskapsbildet. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket er positivt i høve til trafikkgenerering då fleire truleg vil nytte sykkel i staden for bil. | **+** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket kjem ikkje i kontakt med registrerte friluftsområde. | |
| **Teknisk infrastruktur** | Bør traseén nyttast til oppgradering/etablering av anna infrastruktur? | **0/+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tilrettelegging for gang- og sykkelveg har stor positiv verknad for mellom anna bukvalitet og folkehelse. | **++** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen. | | |

| Innspel nr. | 14 | Områdenamn: | Tahaugen industriområde |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 3/12 og 3/18 | Forslagstillar | Småge Eigedom AS |




| Tiltak | Området er tenkt nytta til kontor og verkstadbygg med tilhøyrande vaskeplass, lager og parkering. Eksisterande våningshus innanfor merka areal på bnr 12 er ubebodd og i følgje noværande eigar i dårleg forfatning og dei ønsker ikkje å renovere dette for vidare bruk. Tidlegare etablert grustak er ein del av området bedrifta i dag nyttar. |
|---|---|

| Føremål | Industri | Utnytting | |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Industri |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Fulldyrka jord, noe innmarksbeite og jorddekt fastmark/grustak. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Ingen registreringer i naturbase over viktige/utvalgte naturtyper, arter eller kulturlandskap. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i området. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i delar av tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Støy i anleggsfase må påregnes. Kontor og verkstedvirksomhet vil i liten grad virke støyende på omgivelsene. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området i nordvest ligg ikkje eksponert til i landskapet og området vil få ei forbetring dersom terrenget tilbakeførast eller tilpassast området rundt. Det søraustlege området vil inngå i etablert næringsstruktur i området. Grønstruktur er ikkje registrert innanfor områda. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Først og fremst knytta til transport langs eksisterande vegar. | **0/-** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket er negativt med tanke på trafikkauke med tunge kjøretøy. Det ansees ikkje som særlig problematisk, da tilkomstveg i liten grad berører område for bosetning og det er same type trafikk i området i dag. I liten grad noko ekstra belastande. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Allereie etablert for eksisterande næringsområde og eksisterande infrastruktur langs Nyjordvegen. | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Det er lite busetnad i området. Eksisterande bustad innanfor området er fråflytta. Omdisponering av eksisterande grustak vil ha positiv verknad på bukvaliteten i området. | **0** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det er konflikt med jordvernet, men ein del av dette er hage til det nedlagte småbruket. Jorda i sør, nær bygnadane er grunn og dårleg drenert. Positivt med avslutning av massetaket og omdisponering av bruk.

**Konklusjon etter vurdering**

Området i søraust er redusert ytterlegare etter første høyring slik at mindre dyrka jord blir rørt og lagt inn i kommuneplanen som industriområde, med avgrensing mot dyrkajorda. Nærliggande område for grustak tas inn i kommuneplanen som industriområde.

| Innspel nr. | 15 | | Områdenamn: | Aspevika |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **3/6 m. fl.** | **Forslagstillar** | **Aspevika sameige** | |




| Tiltak | Søk om tiltaka turistformål, bustader og utviding av småbåthamna. Eksisterande naust og stø. Vedteke reguleringsplan for Aspevika fastlegg delar av formålsområda som gjeld hyttefelt, naust, småbåtanlegg og friluftsområde i sjø. I tillegg kjem forslag om areal til turisthytte, nytt bustadfelt og utviding av småbåthamna. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Fritidsbustad, bustad og naust | **Utnytting** | |

| **Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk** | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Fritidsbustad, bustad og naust |
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Området er ifølge Gårdskart ein collage av skog med høg bonitet, noko dyrkamark, myr, innmarksbeite og skrinn fastmark. Tiltaksområda rører ikkje dyrkamark i særleg grad. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar gjengrodd kystlynghei og kulturmark. Det er innslag av lauvtre og truleg er bartre i spreiing. Nord for byggeområdet er det kartlagd ein større naturtypelokalitet med kystlynghei. Tiltaket vurderast å ha avgrensa verknad på naturmangfald. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Innafor tiltaksområdet, nede ved sjøen, ligg det to SEFRAK-registrerte naust frå 1800-talet. Stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne, særlig steinaldersbuplassar i draga opp mot 25 m.o.h. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Del av byggjeområdet og heile naust- og småbåtanlegget ligg innanfor strandsona og kommuneplanen si gitte byggjegrense mot sjø. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Planlagt utbygging vil i sum bli relativt omfattande og vil synest frå godt sjøen. Fritidsbustader og turisthytte vil ligge tett saman og dominere terrengdraget ned mot Ospevika. Utforming av bygningsmasse samt terrengtilpassing på dei enkelte tomtene og overgangane mellom dei blir viktig for både fjern- og nærverknad. Minusen i konsekvensfeltet signaliserer potensial for negativ utvikling. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Lokalvegen ned mot Ospevika vil bli noko meir belasta. Ikkje vesentleg auke i talet kjøretøy. | **0** |
| **Friluftsliv** | Planlagt tiltak nedst i Ospevika vil betre tilgjenge til attraktive sjøområde. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Gang-sykkelveg til Falkhytten manglar. | |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Tiltak ser ikkje ut til å vere særleg konfliktfylte i høve til eksisterande situasjon. Unntatt er kulturminner der det er stort potensiale for funn. Funksjonsblandinga (fritidsbustader, bustader og turisthytte) på relativt lite område kan svekke kvalitetane for dei enkelte føremåla. Almen tilgjenge i strandsone er ein føresetnad for utbygging. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Området er vurdert til å leggast ut til turistformål med ei bearbeida avgrensing. Bygg må tilpassast landskapet og byggjegrense mot sjø.<br>Søkt område for bustadformål ligg innanfor område LNFS11 spreidd bustadbygging og kan byggast ut etter ei vurdering av antal bustader innanfor sona.<br>Utviding av småbåthamn må øyremerkast kajakkar og liknande og ikkje mudrast ut. Ev. tilkomstveg må tilpassast terrenget. |

| Innspel nr. | 16 | | Områdenamn: | Røssøyvågen |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 4/87 | Forslagstillar | Jaron Prosjekt AS | |




| Tiltak | Tiltakshavar ønskjer å etablere tre rorbuer og oppstillingsplass for bobilar i tilknytning til småbåthamna i Røssøyvågen. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Fritids- og turistføremål | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Småbåthamn | Fritids- og turistføremål |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Naturmangfald** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Området er opparbeidd. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg ikkje i kommunen si differensierte strandsone. | **+** |
| **Støy og forureining** | Rorbu og bobilcamping kan føre til noko støy, men ikkje særleg meir enn eksisterande småbåthamn. | **0/-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Rorbuer passar godt inn i kulturmiljøet ved småbåthamna i Røssøyvågen. | **0/+** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Rorbuer og bobilcamping vil kunne føre til noko auke i trafikken, men ikkje så mykje at det vi gi store konsekvensar for området. At tiltaket er plassert i samband med småbåthamna er positivt. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket kan bidra positivt til bruk av sjøområda utanfor Røssøyvågen. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket kan verke positivt på høve for folk å komme seg på sjøen | **+** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Kommunen ser positivt på etablering av rorbuer og oppstillingsplass for bobilar i Røssøyvågen. Ei slik etablering i samband med småbåthamna kan gi felles nytte. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Vurderast til å kunne bli lagt inn i kommuneplanen. |

| Innspel nr. | 17 | Områdenamn: | Bekkerholen |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | Fleire Gnr./Bnr. | Forslagstillar | Aukra kommune |




| Tiltak | Etablering av gang- sykkelveg og ny trasè for fylkesveg 216 forbi bustadområdet Bekkerholen. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Veg | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Veg / LNF | Veg |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Fulldyrka jord i vestre del av vegtraseen, noko skog av høg bonitet, parti med myr, ope jorddekt og skrinn fastmark. Dyrkbar jord i parti. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Området strekk seg langs fylkesvegen sør for bebyggelsen. Vest i området er det dyrka mark inntil eit SEFRAK-registrert gardsbruk frå seint 1800-talet samt nokre mindre restar med eldre kulturmark. Mot aust er det fuktig lynghei/myr. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som noko mangelfullt, men tiltaket vil truleg ha avgrensa verknad på naturmiljøet. Restane med eldre kulturmark langs vegen bør likevel undersøkast i samband med arbeidet med reguleringsplan for fylkesvegen og gang- og sykkelvegen. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne langs fylkesveg/gang- og sykkelvegtraseen. På delar av strekninga vil vegtraseen gå inntil gammalt kulturlandskap. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Støy og foreining** | Lite støy frå fylkesvegen, pga. lite trafikkgrunnlag. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Deler av området er urørt. Området er til dels flatt i vegtraseen. Det er ingen spesielle landskapskvalitetar å ta omsyn til, med unntak av mindre hauger. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Betring med flytting av fylkesvegtrasè. | **+** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket er positivt i høve til trafikkgenerering då trafikken vil gå utanom bebyggelsen på Bekkerholen. Med ein etablert gang- sykkelveg vil trafikksikkerheit bli betre for dei mjuke trafikantane. | **+** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket kjem ikkje i kontakt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Traseén kan nyttast til oppgradering/etablering av anna infrastruktur. Må byggast nytt. | **0/-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Betre tilhøve langs dagens vegtrase, spesielt med sørlege vegløysing. Vestre del av dagens veg kan bli gangveg og gangtilhøva generelt blir forbetra uavhengig av valt løysing. | **++** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Positivt å legge om fv 216 og betre tilhøva for bustadområdet på Bekkerholen. Sørlege vegløysing gir best tilhøve for bustadområdet. Austre kryss til eksisterajde fylkesveg må stengast. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen med to alternative vegløysingar. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **18** | **Områdenamn:** | **Røssøyvågen** |
| **Gnr./Bnr.** | **5/19** | **Forslagstillar** | **Katarina og Bjørn Tore Orten** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Endring av føremål frå bustad til rorbu. | | |
| **Føremål** | Rorbu/Fritidsbustad | **Utnytting** | |

| | |
|---|---|
| **Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk** | |
| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>Bustad | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Rorbu/Fritidsbustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Naturmangfald** | Arealet er allereie opparbeida til bustadføremål. Endra arealbruksføremål vil ikkje ha noko betyding for naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldloven § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er kjent gjenstandsfunn frå matrikkelgarden. Røssøyvågen er eit gamalt fiskevær og er i dag nytta til busetnad. Innføring av utleigeverksemd midt i området vil truleg påverke kulturmiljøet i negativ retning. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg nært strandsona, men avgrensa av vegen. Tiltaket rører difor ikkje strandsona. | **0** |
| **Støy og foureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Ikkje vesentleg endring. | |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etablering av utleigeverksemd midt i området vil kunne føre til auka trafikk. | **-** |
| **Friluftsliv** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet må berekna til ca. 20 l/s | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tilhøve for eksisterande busetnad omkring tiltaket blir dårlegare med auka trafikk og turisme. Turisme midt i eit buområde kan og påverke attraktiviteten til området negativt. | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Turisme og trafikkauke vil truleg påverke området i negativ retning. Bebuarane i Røssøyvågen har gjeve klart uttrykk for at dei ikkje ønskjer å få ei utleigeverksemd midt i bustadområdet. Tiltaket vil truleg ha negativ innverknad på omgjevnadene.

**Konklusjon etter vurdering**

Tiltaket blir vurdert til ikkje å leggjast inn i kommuneplanen av hensyn til kulturmiljøet.

| Innspel nr. | 19 | Områdenamn: | Røssøyvågen |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **5/11** | **Forslagstillar** | **Mads Roger Småge** |




| **Tiltak** | Omdisponering frå naust til rorbu/fritidsbustad. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Rorbu/Fritidsbustad | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>Naust | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Rorbu/Fritidsbustad |
|---|---|






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark. | **0** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje kjent spesielle verdiar i form av artar eller naturtypar. Eigedommen er allereie bygd ut, og omdisponering vurderast å ha svært avgrensa verknad på naturmiljøet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. Ein automatisk freda steinalderslokalitet (Solem id 144919) ligg om lag 50m sør for tiltaksområdet. Det er kjent gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona.Det er et generelt byggeforbod  i strandsona avsett i kommuneplanen jfr. pbl. Allmennhetens behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil bli eksponert frå fleire hald, særleg frå sjø. Delar av tiltaksområdet har potensiale for visuell forbetring i samband med tilrettelegging for endra aktivitet. | **0** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Friluftsliv** | Strandsona er attraktiv for friluftsliv. Tiltaket vil ikkje få negativ konsekvens for friluftsliv dersom almen tilgjenge til strandsone er ivareteke. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er avkjørsle og veg til planområdet. Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påverke eksisterande bukvalitet i særleg grad. | **0** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Tiltaket vil vere i konflikt med generelt byggeforbod i strandsona. Løyve til ombygging/utbygging føreset tilrettelegging for almen tilgjenge i strandsona. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Området der er vurdert til å leggast ut til fritidsbustad/rorbuer. Området leggast inn i ei omsynssone for kulturmiljø og tiltaket må difor ha ei god tilpassing til det eksisterande naustmiljøet på nordsida av vegen. |

| Innspel nr. | 20 | | Områdenamn: | Solem |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 6/53 | Forslagstillar | Terje Urdshals | |




| Tiltak | Bustad. Utvide LNFS8 i sørvest til O9 | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 2-3 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode) Bustad |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Området er registrert som skog av høg bomitet og noko fulldyrka jord. | **-** |
| **Naturmangfald** | Utviding av byggjeområdet omfattar eit avgrensa areal mellom B40 og LNFS8 og delvis innanfor eit gjennomgåande vegetasjonsbelte. Det vil bli sett som negativt med inngrep i vegetasjonsbeltet og skog av høg kvalitet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg eit godt stykke frå sjøen og ikkje innanfor omsynssone for strandsone. | **0** |
| **Støy og foreureining** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Kortaste tilknyting til off. veg blir over privat grunn. Lokalvegen vil bli noko meir belasta. Ikkje vesentleg auke i talet kjøretøy. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket kjem ikkje i kontakt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 6 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Delar utan gang-sykkelveg<br>Åpent og solrikt mot sør og aust. Ikkje utsikt til sjø pga skog. | **0/-** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Tiltaket bryt med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. Ikkje gang- og sykkelveg til Gossen B/U-skule heile vegen. Området bryt delvis vegetasjonsbeltet med skog av høgverdi. Tiltaket kan gjere inngrep i terrengdrag. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen med ei bearbeida avgrensing. | | |

| **Innspel nr.** | **21** | | **Områdenamn:** | **Oterhalsen** |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **6/25** | **Forslagstillar** | **Knut Oterhals** | |




| **Tiltak** | Naustområde med tilkomstveg | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Naust | **Utnytting** | 6-10 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skrinn fastmark. Ilitt innanfor skog av høg bonitet. | |
| **Naturmangfald** | Røabukta er eit verna fuglefredningsområde. Forslag til plasseringa av naust ligg innanfor verneområdet og tiltak og aktivitet i strandsona kan føre til forstyrring av fugl. Området er Bygging av naust vurderast å ha avgrensa verknad på naturmiljøet. Det ligg føre skjønnsføresetnader etter naturvernlova som viser vidare til løyve frå anna lovverk. Strandsona er urøyrd og det er langgrunnt innanfor fuglefredingsområdet. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona. Det er et generelt byggeforbod i strandsona avsett i kommuneplanen jfr. pbl. Allmennhetens behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tilkomst til nausta må gå over privat grunn. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket vil ikkje få negativ konsekvens for friluftsliv dersom almen tilgjenge til strandsone er ivareteke. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ikkje vegtilkomst eller anna infrastruktur i dag | **0/-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Tiltaket vil vere i konflikt med generelt byggeforbod i strandsona. I tillegg i konflikt med kulturmiljø og fuglefredingsområde. Oberstvika er i tillegg langgrunn og lite eigna til båttrafikk. Det er vist til at Fylkesmannen har godkjent nokre naustområde i sin forvaltningsplan for Røabukta fuglefredingsområde. Skjønn etter naturvernlova og dispensasjon under føresetnad av løyve etter anna lovverk. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Området er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen. Konfliktnivået er høgt og kommunen ønskjer at område med fleire naust sentraliserast rundt småbåthamner. Området ligg nært SB7 som er betre eigna til båttrafikk og naust.. |

| Innspel nr. | 22 | Områdenamn: | Oterhalsen |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **6/5** | **Forslagstillar** | **Knut Oterhals** |




| Tiltak | Etablering av nytt naust. Ny tilkomstveg. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Naust | **Utnytting** | 1 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Offentlig føremål | Naust |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skrinn fastmark. | **0** |
| **Naturmangfald** | Røabukta er verna som fuglefredningsområde, og plasseringa av naust ligg nær opptil grensa for verneområdet. Tiltak og aktivitet i strandsona kan generelt føre til auka forstyrring av fugl. Området er i gjeldande kommuneplan satt av til offentlig føremål, og bygging av naust må sjåast i samband med andre tiltak på området. Bygging av naust vurderast å ha avgrensa verknad på naturmiljø, men då plasseringa ligg tett opp til verneområdet, må forvaltningsmyndigheten gjere ei særskilt vurdering av kva for omsyn som må takast. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. På Dyrholmen, vest for tiltaksområdet, er det registrert fire automatisk freda gravrøyser. Etablering av naust og veg kan gje negativ visuell innverknad på kulturmiljøet på Dyrholmen. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne i øvre del av framtidig tilkomstveg. Det er kjent gjenstandsfunn frå steinalder og jernalder på matrikkelgarden. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona. Det er et generelt byggeforbod  i strandsona avsett i kommuneplanen jfr. pbl. Allmennhetens behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Naust og tilkomstveg vil bli nye inngrep i naturområde. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Friluftsliv** | Ny veg fram til naustområdet kan gi betre tilgjenge for friluftsliv i området. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Tiltaksområdet ligg i strandsona, grensar til fuglefredingsområde og er nær nabo til kulturminna på Dyrholmen. Nausttomt og trasé for tilkomstveg er del av lite inngrepsprega samanhengande naturområde men nabotomta er regulert til offentleg føremål. Etablering av tiltaket føreset god terrengtilpassing for tilkomstveg og nausttomt, samt almen tilgjenge til og i strandsona. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til å leggast ut til naustformål. | | |

<table>
<tr><td>Innspel nr.</td><td>23</td><td colspan="2" align="right">Områdenamn:</td><td colspan="2">Brenteremma</td></tr>
<tr><td>Gnr./Bnr.</td><td>6/44</td><td>Forslagstillar</td><td colspan="3">Knut Oterhals</td></tr>
<tr><td colspan="6">
</td></tr>
<tr><td>Tiltak</td><td colspan="5">Omregulering til bustadområde. Privat forslag. Utviding av tidlegare område sett av til bustadbygging i K-plan (B48By). Feltet ligg ca 7 km frå kommunesenteret og Gossen barne- og ungdomsskule (Falkhytten). Nærføring til registrert kulturminne.</td></tr>
<tr><td>Føremål</td><td colspan="3">Bustad</td><td>Utnytting</td><td>1-2</td></tr>
<tr><td colspan="6" align="center">Gjeldande kommuneplan og foreslått ny arealbruk</td></tr>
<tr><td colspan="3">Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF</td><td colspan="3">Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad</td></tr>
<tr><td colspan="3"></td><td colspan="3"></td></tr>
</table>

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Myr og skog med høg bonitet (om lag 10daa) | **0** |
| **Naturmangfald** | Området består av myr og tidlegare kulturmark. Myra er ein rest av eit større myrområde som i dag er delvis dyrka opp, grøfta og planta til med skog. Det er ikkje kartlagd naturtypar eller gjort spesielle funn av artar i byggjeområdet. Tiltaket vil føre til ytterligare drenering og arealbeslag av myr, men vurderast isolert sett å ha avgrensa verknad på naturmiljø, då myrområdet allereie er ein del påverka av inngrep. Kunnskapsgrunnlaget jf NML § 8 vurderast som noko mangelfullt. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Dette er eit større gravfelt med til saman 10 gravrøyser (Brenteremma id 92104). Heile gravfeltet ligg innafor tiltaksområdet. Ved ei utbygging, sjølv om ein unngår direkte konflikt, vil fornminneområdet bli liggande inneklemt i bustadområdet. Det er ikkje kjent kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne i området. Det er kjent gjenstandsfunn frå steinalder og jernalder på matrikkelgarden. | **--** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Planområdet omkransar høgdedraget og vil difor ikkje få ei eksponert fjernvirkning. Lokalt vil det opne myrlandskapet bli rørt, og i tillegg dei viktige belta med høgare vegetasjon mellom dei større opne teigane. | **--** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko meir trafikk blir generert på Fv 216. Vegen har to køyrefelt, men ikkje gang-sykkelveg. | **0** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket vil ikkje få særskilte konsekvensar for friluftslivskvalitetar. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 7 km til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Ikkje gang- sykkelveg. | **-** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det kan sjå ut som søraustleg del av området går klar av kulturminnet og kan utviklast som utvida del av godkjent bustadområde på gnr/bnr 6/32. Omsynet til kulturminnet vil vege tungt og arealbruken må her avklarast i samråd med kulturminnemyndigheitene. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området for bustader er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen. Området ligg utanfor LNF-spreidd soner i kommuneplanen og det grip inn i viktige vegetasjonsbelter. | | |

| Innspel nr. | 24 | Områdenamn: | Røyrvika |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 8/80 m.fl. | Forslagstillar | Aukra kommune |




| Tiltak | Etablere Tursti/Kyststi frå Sandvika til Rothaugen. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Etablere kyststi | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Kystlandskap med lite skog. Parti med myr, noko fulldyrka jord og parti med skrinn fastmark. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Område med svært viktige naturtyper, spesielt i nordøstre del. Svaberg og strandvegetasjon, eit heilheitleg naturlandskap. Verdiane i det føreslegne området vert vurdert som avgrensa. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som relativt tilstrekkeleg, men må. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Område med mange kjende automatisk freda kulturminne. Potensial for fleire funn. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsona og innanfor avsett omsynssone for strandsone. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er til dels flatt og noko kupert kystlandskap. Kystlandskapet er har viktige landskapskvalitetar å ta omsyn til. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ved mykje bruk vil det vere behov for P-areal ved endepunkt | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket vil gje positiv verknad for friluftslivet.Tiltaksområdet grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ingen | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Auka bukvalitet med lettare tilgang til nye friluftsområder. | **+** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Turstien bør tilretteleggast der den er minst i konflikt med naturkvalitetane og tilpassast lokale tilhøve. Tiltak skal planleggast og utførast i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Opparbeiding av sti gjerast i nært samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. |

| Innspel nr. | 25 | Områdenamn: | Løvika |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 7/18 m.fl. | Forslagstillar | Romsdalsfisk AS |




| Tiltak | I samband med aktivitet på Nyhamna m.m. er det behov for nærliggande industribase med kai for større båtar. Ei vidareutvikling av eksisterande næringsområde på gnr/bnr 7/18 er skissert, med utfylling over Landholmen og Vedaholmen. |
|---|---|

| Føremål | Næring (baseverksemd) | Utnytting | |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Næring/LNF | Næring (baseverksemd) |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Naturmangfald** | Det foreslegne området grenser mot eit viltområde som kan ha funksjon som beiteområde og overvintring av sjøfugl. Arealet rører også ved Lauvvikholmane som er eit hekkeområde for sjøfugl. Den ytste holmen er dessutan avgrensa som naturtypelokalitet med naturbeitemark verdi «Svært viktig» (A). Her er det funne fleire beitemarksopp, mellom anna ein art i raudlistekategori «Sterkt truga». Tiltak som fører til inngrep og arealbeslag på holmane vil kunne vere svært negativt for hekkande sjøfugl, samt øydelegge lokaliteten med naturbeitemark. Av meir avgrensa tiltak bør ein vere merksam på tiltak som kan føre til forstyrring av sjøfugl, og tiltak som kan gjere det vanskeleg å oppretthalde beite på den ytste holmen. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML 8 vurderast som relativt bra når det gjeld kartlagde naturverdiar, og tilstrekkeleg godt til å kunne slå fast at tiltak vil kunne ha svært negativ verknad på naturmangfaldet. Dersom ein likevel vil vurdere å opne for den føreslegne arealbruken, må det gjerast ei utvida utgreiing av konsekvensar for naturmangfaldet. | **--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Ei utfylling til industri vil ha negativ innverknad på kulturlandskapet og SEFRAK-registrerte bygningsmiljø på Løvika og Løvikhaugen. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsone med viktige økologiske funksjonar og spesielle leveområde for planter og dyr. Det er et generelt byggeforbod i 100 meters-beltet langs sjøen jfr pbl, men det kan i særlige tilfelle gjerast unntak. Allmennhetens behov for ferdsel i og bruk av strandsona skal uansett respekterast.<br>Tiltaket rammer betydelig mengde strandsone (Landholmen og Vedaholmen blir borte). Strandområdet på landdelen er prega av eksisterande tiltak. Delar av området på landdelen ligg innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. | **--** |
| **Støy og forureining** | Avhengig av type verksemd ein ønskjer å leggje til rette for. Dersom ein vil vurdere å opne for den føreslegne arealbruken, må det gjerast ei støyutgreiing som syner støykonsekvensane for bustader og friluftsliv. | **-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Planlagt fylling og kai vil dominere landskapsrommet Løvikbukta. | **--** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Avhengig av kva type aktivitet ein legg til rette for. Sannsynleg auka risiko for uønska hendingar. | **-** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Meir trafikk både på sjø og land som følgje av tiltaket. Auka tungtrafikkandel. | **-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaksområdet grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. Tiltaket vil likevel med karakter og omfang prege friluftskvalitetane i heile Løvikbukta. | **--** |
| **Teknisk infrastruktur** | Det må etablerast ny teknisk infrastruktur til planområdet. Truleg behov for utbetra vegforbindelse mellom Nyhamna og basen. | **-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Sporsemholmen aust for planområdet er registrert som verdifull i barnetråkkundersøkingane. Aktiviteten knytt til baseverksemda vil truleg opplevast negativt for nærmiljø og bukvalitet. | **--** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket vil i ulik grad vere i konflikt med tema som blir vurderte i denne samanhengen. Størst vil ulempene vere for naturmangfaldet og friluftsliv, men også landskapsbildet vil bli vesentleg endra slik at bukvalitet og naturoppleving i dei nærmaste områda vil bli vesentleg negativt påverka.
Ut frå konfliktgraden vert tiltaksforslaget ikkje rekna som tilfredsstillande utreda i denne vurderinga. Fylkeskommunen bør kontaktast for nærare avklaring av utredningsbehov og planprosess.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast ut til ønska formål i eit mindre avgrensa utvidingsområde inntil land pga. negative konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv og landskapsbilete. Konsekvensutredning må gjerast i samband med planlegging.

| Innspel nr. | 26 | | Områdenamn: | Løvika småbåthamn |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | Fleire | Forslagstillar | Aukra kommune | |




| Tiltak | Flytting av småbåthamn jfr. innspel nr 27. Tiltaket vil kunne knyttast opp til eksisterande infrastruktur og ha djubde nok og god skjerming. Utforminga må sikra passasje mellom land og holmen. Eit areal som foreslås vil ha kapasitet til mellom 100 og 150 båtar. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Småbåthamn | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| NFFF | Småbåthamn |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje relevant for sjødelen. | |
| **Naturmangfald** | Det er fleire registreringar i naturbasen i området, her ei rekke viktige arter som har området som yngleområde. Flytting som angitt her virker ikkje å berøre naturmangfoldinteressane som er registrert. | **--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i området. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg delvis innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. Strandsona er i dag allereie røyrd av tekniske inngrep. | **0** |
| **Støy og foruresining** | Støy i anleggsfase er liten, da det kun er sjøanlegg med forankring. Etter etablering ses ikkje dette på å vera støyande verksemd. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket endrar landskapsbiletet noko, men pga eksisterande inngrep vil dette bli lite. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Påverkar i liten grad samfunnstryggleiken. Det må vurderast tiltak som sikrar mot ulykker. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket generere noko trafikk til og frå hamna. Denne vil gå langs eksisterande vegar. | **0** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket er retta mot allmenta og friluftsliv til sjøs. Det vil i hovudsak vere behov for å kjøre bil til hamna. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket krev eller påverkar i liten grad infrastruktur. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket synest ikkje ha nemneverdig innverknad på temaet. | **0** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere konkfliktar i forhold til naturmangfald og landskap. Ei flytting av forslag i nr. 27 gjer eit prosjekt mogleg å gjennomføre.
Privatrettslege forhold er ikkje utreda og må sjølvsagt avklarast.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen.

| Innspel nr. | 27 | | Områdenamn: | Løvika |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 8/2 og 8/3 | Forslagstillar | Per Løvik | |




| Tiltak | Privat forslag. Småbåthamn. Kyststripa er utfylt areal etter uttak av massar på flyplassen i nordvest under 2. verdskrigen. Ny småbåthamn er tenkt etablert ved fjerning av lausmasse i dagens strandlinje og utvikling av eksisterande pir mot nord til molo. Vegtilkomst frå kommuneveg langs grensa mellom 8/3 og 8/22. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Småbåthamn | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Småbåthamn |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med høg bonitet og fuktprega innmarksbeite. Lite areal. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området består av havstrand og kulturmark på land innafor. Det er ikkje avgrensa naturtypar i området for småbåthamn, men Løvika er kartlagd som eit beite- og yngleområde for fugl. Lenger ut ligg Løvikholmen som er kartlagt som hekkeplass for sjøfugl. Småbåthamn vil kunne ha noko negativ verknad på naturmiljø, fordi hamn og båttrafikk kan føre til forstyrring av fugl, samt gi risiko for oljeforureining. Hamn kjem ikkje i kontakt med dei grunnaste områda i indre delar av Løvika. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfullt. | **-/--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. Sørvest for tiltaksområdet, i tuna på Løvikhaugen og Løvikremma, er det SEFRAK-registrerte bygningar frå 1800-talet. Museum/kunstgalleri i den eine bygningen. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne (naustufter) på delar av kulturmarka. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsone med viktige økologiske funksjonar og spesielle leveområde for planter og dyr og innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. Det er et generelt byggeforbod  i strandsona avsett i kommuneplanen, jfr pbl. Allmennhetens behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **-** |
| **Støy og forureining** | Støy vil normalt ikkje vere ei problemstilling.<br>Stoff som er farlege for miljøet skal samlast opp og leverast til godkjent mottak. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil vere godt synleg i eit elles naturprega område. Med god utforming og landskapstilpassing kan området leggast til rette slik at det ikkje står fram som eit negativt inngrep. Diverre blir slike tiltak av erfaring lite planlagt og dårleg tilpassa. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko meir trafikk i området som følgje av tiltaket. Liten konsekvens. | **0** |
| **Friluftsliv** | Nokre av naturkvalitetane som strandsona representerer blir borte ved etablering av småbåthamn. Samtidig legg småbåthamna til rette for auka friluftslivsaktivitet knytt til sjø. | **0/+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ny tilkomstveg og anna infrastruktur må etablerast over dyrka mark/beite frå kommunal veg. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Småbåthamn vil vere positivt for friluftslivstilbudet og bukvaliteten i området. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket vil vere i konflikt med omsynet til naturmangfald og strandsone. Ein føresetnad for etablering er at retten til fri ferdsel gjennom området vert ivareteken.

**Konklusjon etter vurdering**

Innspelet ligg i ei sone utan inngrep og i område for lokal naturverninteresse med yngleområde for fugl.
Forslag til utnytting av området er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen, men alternativ plassering lenger nord er foreslått av kommunen (Innspel nr 26).

| Innspel nr. | 28 | Områdenamn: | Løvika |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 8/43 | Forslagstillar | Tone Furuhold Eitland |




| Tiltak | Privat forslag. Regulering frå LNF til bustadområde. Planlagt tiltak er bustadbygging nær sjø. Spreidd busetnad, kanskje plass for to hus. |
|---|---|

| Føremål | Boligbebyggelse | Utnytting | 2-3 |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Boligbebyggelse |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog og fjell i dagen. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området ligg nær sjøen og er dominert av lauvskog, truleg på gjengrodd kulturmark. Det er ikkje avgrensa naturtypar i byggjeområdet, men Løvika er kartlagd som eit viktig beite- og yngleområde for fugl. Områda i indre deler av Løvika er langgrunne. Utbygging kan føre til noko forstyrring av fugl, og vurderast som noko negativt for biologisk mangfald. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. Ruinar på nordsida av Skipshaugen. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Namnet «Skipshaugen» kan tyde på at det ligg gravminne eller nausttufter i området. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsone med viktige økologiske funksjonar og spesielle leveområde for planter og dyr og innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. Det er et generelt byggeforbod i strandsona avsett i kommuneplanen, jfr pbl. Allmennhetens behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaksområdet består av to eksponerte koller mot Lauvvika. Den nordligaste kollen sluttar bratt mot sjø. Tiltaket blir godt synleg frå friluftsområde i sjø og strandsone. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ubetydeleg trafikkauke | **0** |
| **Friluftsliv** | Naturkvalitetane som strandsona representerer gjer den attraktiv for friluftsliv. Tiltaksområdet må sette av tilstrekkeleg bredt egna areal til gjennomgang og evt opphald for allmennheten mellom tomteområde og sjø. | **-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ledningstrasé i luftspenn gjennom området legg restriksjonar på bruk. Planområdet kan koplast på eksisterande avkjørsle og kommunalteknisk anlegg. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Om lag 3 km til barneskule og butikkar. Om lag 800m med gang- og sykkelveg. | **0** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Ved avsetjing av plass til almen ferdsle langs sjøen og restriksjonssone for leidning vil det bli lite areal att til bustadføremål. Tomtene har god utsikt, men vil vere eksponerte mot fjorden. Totalt sett vert ulempene ved fragmentert bustadbygging i attraktive friluftsområde rekna større enn dei positive sidene. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til ikkje å leggast ut til bustadformål. | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **29** | | **Områdenamn:** | **Skibshaugen** |
| **Gnr./Bnr.** | **8/43** | **Forslagstillar** | **Tone F. Eitland m.fl.** | |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Bustad, fritidsbustad og naust. | | |
| **Føremål** | Bustad, fritidsbustad, naust og småbåthamn | **Utnytting** | ? |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode) Bustad, fristidsbustad/naust og småbåthamn |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Skog av høg bonitet, noko fulldyrka jord og skrinn fastmark. | - |
| **Naturmangfald** | Området ligg innanfor sone med artar av særleg stor forvaltningsinteresse.Søkar poengterer at nokre spes. planter er planta av mor til søkar, + at frø frå for til hestar under krigen har sådd seg. | - |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | 0 |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona og kommuneplanen si gitte byggjegrense mot sjø.Allmennheitas behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | - |
| **Støy og foureining** | Ikkje aktuell problemstilling | 0 |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | - |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje farefullt | 0 |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Grei tilkomst, nær annan fritidsbustad | 0 |
| **Friluftsliv** | Ikkje i konflikt med registrerte friluftsområde. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Er truleg etablert kangs Løvikvegen | + |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Mogleg attraktivitet med nærleik til sj, men plasseringa ligg i nærleiken av område LNFS3 som er området som er tenkt til spreidd busetnad. Det er 4,3 km frå skule og sentrum på Falkhytten. Gang- og sykkelveg manglar langs Løvikvegen . | 0/- |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Område i konflikt med strandsone og naturmanfald. Tiltaket støttar ikkje samordna areal og transportplanlegging og ikkje gang- og sykkelveg på store delar fram til Falkhytten/skule. |
| **Konklusjon etter vurdering** |
| Området er KU-vurdert i samband med 1. høyring og vurdert til ikkje å leggast ut som bustadformål. Dette gjeld og fritidsbygnad og småbåthamn. |

| Innspel nr. | 30 | Områdenamn: | Skarshaugleira |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **9/68** | **Forslagstillar** | **Beate og Pål Aukan** |




| Tiltak | Etablering av nytt naust. Ny tilkomstveg? | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Naust | **Utnytting** | 1 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området ligg inst i Lauvvika som er kartlagt som eit viktig viltområde. Her er store grunne områder i sjøen som kan vere viktige for rastande fugl. Det ligg naust i området frå før. Nytt naust vurderast som eit avgrensa inngrep, men vil likevel kunne gje noko auka forstyrring av fugl delar av året. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå fleire førhistoriske periodar på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsona avsett i kommuneplanen og utfordrar det generelle byggeforbodet. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Naust og tilkomstveg vil bli nye inngrep i naturområde. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Friluftsliv** | Tiltaket må utformast slik at retten til almen ferdsel er tatt omsyn til og strandsona ikkje blir privatisert. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tilbodet vil vere positivt for bukvalitet. | **+** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det ligg nokre mindre naust i området frå før, området er elles lite inngrepsprega. Etablering av tiltaket føreset god terrengtilpassing for eventuell tilkomstveg og nausttomt, samt tilpassing for almen tilgjenge til og i strandsona. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til å leggast ut til naustformål.<br>Området ligg innanfor lokalt område for naturverninteresse og er yngleområde for fuglar. Det bør ikkje leggast opp til utviding av tilkomstvegen fram til nausta. Landskapstilpassa sti kan etablerast fram til nytt naust. | | |

| Innspel nr. | 31 | Områdenamn: | Skarshaugleira |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 9/124 | Forslagstillar | Kåre Skarshaug |




| Tiltak | Utviding av eksisterande naustområde på gnr/bnr 9/124 for å innlemme ny nausttomt. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Naust | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området ligg inst i Lauvvika som er kartlag som eit viktig viltområde. Her er store grunne områder i sjøen som kan vere viktige for rastande fugl. Det er òg registrert eit par raudlista insekt i området. Det ligg naust i området frå før. Nytt naust vurderast som eit avgrensa inngrep, men vil likevel kunne gje noko auka forstyrring av fugl delar av året. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå fleire førhistoriske periodar på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsona avsett i kommuneplanen og utfordrar det generelle byggeforbodet. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Del av eksisterande naustmiljø. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Friluftsliv** | Tiltaket må utformast slik at retten til almen ferdsel er ivareteken og strandsona ikkje blir privatisert. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tilbodet vil vere positivt for bukvalitet. | **+** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det ligg nokre mindre naust i området frå før, området er elles lite inngrepsprega. Etablering av tiltaket føreset god terrengtilpassing for eventuell tilkomstveg og nausttomt, samt tilpassing for almen tilgjenge til og i strandsona. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til å leggast ut til naustformål.<br>Området ligg innanfor lokalt område for naturverninteresse og er yngleområde for fuglar. Det bør ikkje leggast opp til tilkomstveg fram til nausta, men at det nyttast eksisterande stisystem. Tilsvarande sti kan etablerast fram til nytt naust. | | |

| Innspel nr. | 32 | Områdenamn: | |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 9/66 | Forslagstillar | Klippen bedehus |




| Tiltak | Omregulering frå allmennyttig føremål til bustad. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 1-2 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Allmennyttig formål | Bustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Naturmangfald** | Tomta er allereie opparbeida. Omregulering til bustadføremål vert ikkje vurdert å ha vesentleg verknad på naturmiljøet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og foreureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Hus og tomt er opparbeida. Køyre- og parkeringsareal som er tilrettelagd for bedehusaktivitet bør tilpassast ny bruk. Positivt for omgivelsane med ein reduksjon av køyre- og parkeringsareal. | **+** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ein reduksjon i antal kjørety med endring til bustadformål. Etablering samsvarar ikkje med rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. | **0** |
| **Friluftsliv** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Teknisk infrastruktur** | Etablert. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Del av eksisterande bustadområde. | **+** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Området er vurdert til å leggast ut ønska formål, bustad. |

| Innspel nr. | 33 | Områdenamn: | Juvika |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 9/55 | Forslagstillar | Per Gunnar Vasdal |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Området er detaljert med plassering av fritidsbustader som utviding av regulert område for fritidsbustader/naust med ny tilkomstveg frå Fv 220. | | |
| **Føremål** | Fritidsbustad og ny tilkomstveg | **Utnytting** | 24-30 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Fritidsbustad og ny tilkomstveg |
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Skrinn fastmark på nabbane og myr. Litt beitemark i sør. | - |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje avgrensa naturtypar i området, eller gjort funn av spesielle arter. Området består i hovudsak av lynghei, i sør også restar av anna kulturmark. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldloven § 8 vert vurdert som avgrensa, og området bør undersøkast nærare før ein tek stilling til utbygging. Spesielt arealet med kulturmark sør i området undersøkast med tanke på beitemarkssopp. | - |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. I området er det restar etter gammal kulturmark. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, særleg buplassar frå steinalder. Det er kjent gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | 0 |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Utviding av eksisterande felt med ny tilkomstveg. Full utbygging av heile formålsområdet for fritidsbustad vil prege eit stort område. Variasjon og god terrengtilpassing vil vere viktig for å oppretthalde positivt inntrykk frå ulike opplevingspunkt.<br>Minusen i konsekvensfeltet signaliserer potensiale for uheldig terrengforming og lite omsyn til landskapskvalitetar. | - |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket genererar mogleg noko meir trafikk på kommunal veg, men ny tilkomstveg vil dekke mesteparten av trafikkbelastninga til hytteområdet og småbåthamna. | 0/- |
| **Friluftsliv** | Konsekvensen for friluftsliv vil vere avhengig av detaljutforming av områda. God tilrettelegging vil gi betre tilgjenge til områda for fleire brukargrupper. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | 0 |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påverke bukvalitet i særleg grad, men hytteområda bør leggast med gode buffersoner til eksisterande bustader. | 0 |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområda ut frå kjent kunnskap.
Krav om reguleringsplan med undersøking av kulturminner og naturmangfald.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen med ei bearbeida områdeavgrensing i vestre del. Vegline leggast sør for B40 i gjeldande kommuneplan og fram til fylkesvegen.

| Innspel nr. | 34 | Områdenamn: | Juvika |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 9/55 m.fl. | Forslagstillar | Aukra kommune |




| Tiltak | Veg | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Veg | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Myr og skrinn fastmark. Mindre parti med skog. | **0** |
| **Naturmangfald** | Urøyrd naturområde. Ingen registreringer i naturbase over viktige/utvalgte naturtyper, arter eller kulturlandskap.Tiltaket vil truleg ha avgrensa verknad på naturmiljøet. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell prolemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Veg vil bli nytt inngrep i naturområde. Området er relativt flatt med mindre koller og tiltaket vil ikkje få eksponert fjernverknad. | **0/-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Genererer ikkje farleg aktivitet. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ny veg er lagt i tilknyting til eksisterande vegnett. Kan gje avlastning for bustader i Juvika. | **+** |
| **Friluftsliv** | Ny veg fram til hytter og naustområdet kan gi betre tilgjenge for friluftsliv i området. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Må byggast nytt, men mogleg med utviding av dagens. | **0/+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Ny veg gjer lettare tilkomst til nokre bustader og aktivitetar langs sjø. | **+** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Etablering av tiltaket føreset god terrengtilpassing for tilkomstveg. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Vegtraseen er vurdert å leggast inn i kommuneplanen. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **35** | **Områdenamn:** | **Sæter/Juvika** |
| **Gnr./Bnr.** | **10/8** | **Forslagstillar** | **Oddvar Hoksnes** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Nye bustadtomter på gnr/bnr 10/8 på Sæter/Juvika. Nordvestvendt kolle med utsikt mot leia/Bjørnsund. Eksisterande bustad i enden av etablert tilkomstveg og sør for planlagd felt. | | |
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 4-6 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skrinn fastmark. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar ein liten rest med lynghei og ligg mellom to vegar. Det er ikkje kartlagd naturtypar, viltområder eller gjort spesielle funn av artar i området for nye bustadtomter. Potensialet for dette vert vurdert som lite, og verknad på naturmiljø som relativt ubetydelig. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Høgdedrag i terrenget. Husa vil bli noko eksponerte, men Kisthaugen, Reinbakkhaugen og Juvikhaugen ligg som høgare drag rundt og rammer inn området. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Etableringa samsvarar noko med rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. | **-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket er ikkje i konflikt med registrerte friluftslivsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. Vegtilkomst må avklarast med eigar av eksisterande veg. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 3,0 km til Falkhytten.<br>Om lag 1 km utan gang- sykkelveg.<br>Ny utbygging må vere i samspel med eksisterande bustader rundt området med t.d. utsikt, avstand mm. | **0** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap. Tiltaket fyller ut «opne» tomter langs etablert tilkomstveg. Feltet støtter ikkje målsettinga om samordna areal- og transportbruk særleg grad. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Områda er vurdert til å leggast ut til LNF med spreidd busetnad. Ny utbygging må vere i samspel med eksisterande bustader rundt området med t.d. utsikt, avstand mm. | | |

| Innspel nr. | 36 | Områdenamn: | Sæter/Løkvika |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 10/14 | Forslagstillar | Peder Olaus Sæter-Vatne arkitekter |




| Tiltak | Endring frå føremål LNF til fritidsbustad på nordvestvendt daldrag ned frå Fv 220 Setervegen til Løkvika. På planområdet står eit hus som er gitt bustadføremål. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Fritidsbustad / Bustad | **Utnytting** | 11-13 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Fritidsbustad / Bustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Ein stor del av området er registrert som skrinn fastmark. Nokre flekkar med skog, –høg bonitet og små område med dyrka mark (beite). | **0** |
| **Naturmangfald** | Området består av gjengrodd lynghei. Det er registrert eit beiteområde for rådyr i området. Det er ikkje kartlagd naturtypelokaliteter eller gjort spesielle funn av artar i området. Potensialet for dette vert vurdert som relativt avgrensa, men kunnskapsgrunnlaget er noko mangelfullt. Området er såpass stort at det i samband med arbeid med reguleringsplan bør gjennomførast ei meir detaljert undersøking av området. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Eitt SEFRAK-registrert naust frå 1800-talet og ein ruin etter naust med uviss alder ligg i Løkvika. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i draga opp mot 25 m.o.h. På matrikkelgarden er det kjent eit stort tal gjenstandsfunn frå steinalder. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Innspelet strekker seg heilt ut til sjøen og ligg innanfor strandsona avsett i kommuneplanen og utfordrar det generelle byggeforbodet. Allmennhetens behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **--** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er eksponert frå sjø. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk vert ikkje vektlagd for fritidsbustader. | **0** |
| **Friluftsliv** | Strand og sjøsona i planområdet er registrert som lokalt viktig friluftsområde – stongfiskeplass i sjø. | **-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påverke bukvalitet i særleg grad. | **0** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap, med unntak av strandsona kor det er generelt byggjeforbod i 100-metersbeltet samt registreringar som friluftslivsområde. Utforming av føremålsområde bør syne tilnærming til strandsoneproblematikken.
Heilskapleg plan med vekt på landskapstilpassing bør prioriterast då det samla inngrepet vil få vesentleg omfang og prege opplevinga av eit større område.
Almen tilgjenge gjennom feltet til og i strandsona er ein føresetnad for utbygging.

**Konklusjon etter vurdering**

Området for fritidsbebyggelse leggast inn i kommuneplanen med ei bearbeida avgrensing tilpassa landskapet og strandsonegrensa. Hytteområdet må tilpassast landskapet. Naust leggast inn i avgrensa område langs sjøen knytta til eksisterande naust og inngrep. Vegtilkomst er allereie opparbeidd og bør nyttast, men det må vurderast nærmare om anna tilknyting til fylkesvegen enn gjennom eksisterande tun.

| Innspel nr. | 37 | Områdenamn: | Sæter |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **10/10** | **Forslagstillar** | **Jaron Prosjekt AS / Øystein Ekoff** |




| Tiltak | Hytte og naust. N21 i k.planutkast. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Hytte og naust | **Utnytting** | 4 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode) naust og fritidsbygnad |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Registrert som skrinn fastmark | **0** |
| **Naturmangfald** | Området består av lynghei og svaberg, samt eit opparbeida område (utsprengt og veg).<br>Det er ikkje kartlagt naturtypar i området, men ein kan ikkje sjå bort i frå at lyngheia har verdi som naturtype. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfullt. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona og kommuneplanen si gitte byggjegrense mot sjø.Allmennheitas behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk vert ikkje vektlagd for fritidsbustader. Veg er opparbeida. | **0** |
| **Friluftsliv** | Strand og sjøsona i planområdet er registrert som lokalt viktig friluftsområde – stongfiskeplass i sjø. | **0/-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Er ikkje ei aktuell problemstilling for naust, men for fritidsbygnad. Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg som ligg eit stykke unna. | **0/-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påverke bukvalitet i særleg grad. | |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap, med unntak av strandsona samt registreringar som friluftslivsområde. Utforming av føremålsområde bør syne tilnærming til strandsoneproblematikken.
Inngrepet vil få vesentleg eksponert omfang og eit mindre omfang av utbygging til naust er tilrådd. Fritidsbustad er i tidlegare innspel prioritert til område H3 i god avstand frå sjø og visuelt skjerma.
Allmen tilgjenge gjennom feltet til og i strandsona er ein føresetnad for utbygging.

**Konklusjon etter vurdering**

Naust leggast inn i eit avgrensa område langs sjøen knytta til eksisterande inngrep. Vegtilkomst er allereie opparbeidd og bør nyttast, men det må leggast til rette ei anna tilknyting til fylkesvegen enn gjennom eksisterande tun.

| Innspel nr. | 38 | Områdenamn: | Sæter |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **10/14 m.fl.** | **Forslagstillar** | **Jaron Prosjekt AS** |




| Tiltak | Ca 270 m veg til sjøen frå Setrevegen til nausteigedom gnr/bnr 10/10. Nausttomter på gnr/bnr 10/1, 10/14, 10/10 og 10/56 |
|---|---|

| Føremål | Naust og veg | Utnytting | 6 |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode) Naust |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skrinn fastmark, uproduktiv skog og myr. | **0** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje kjent spesielle verdiar i form av artar eller naturtypar. Området består av lynghei og svaberg langs sjøen, samt eit utsprengt område på gnr/bnr 10/10 og nyare veg.<br>Ein kan ikkje sjå bort i frå at lyngheia har verdi som naturtype. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfullt. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona og kommuneplanen si gitte byggjegrense mot sjø. Allmennheitas behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **-** |
| **Støy og foureining** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Veg er opparbeida, men ei alternativ tilkomst til Setrevegen enn gjennom dagens gardstun bør vurderast. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Strand og sjøsona i planområdet er registrert som lokalt viktig friluftsområde – stongfiskeplass i sjø. Konsekvensen for friluftsliv vil vere avhengig av detaljutforming av områda. God tilrettelegging vil gi betre tilgjenge for fleire brukargrupper. | **0/-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påvirke bukvalitet i særleg grad. | |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konflikt knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap, med unntak av strandsona samt registreringar som friluftslivsområde. Utforming av føremålsområde bør syne tilnærming til strandsoneproblematikken. Det visast i innspelet til rettsforlik i Romsdal jordskifterett med stadfesting av nausttomter og vegretter i strandsona på Sæter (sak 1500-2011-0014 Sæter).<br>Inngrep på gnr/bnr 10/10 vil få vesentleg eksponert omfang. Eit mindre omfang av utbygging til naust er tilrådd og ikkje fritidsbustad (KU-sak 7).<br>Allmen tilgjenge gjennom feltet til og i strandsona er ein føresetnad for utbygging. | | |
| | | |
| Naust kan leggast inn på gnr/bnr 10/1, 10/56 og delvis på 10/10. Vegtilkomst er allereie opparbeidd og bør nyttast, men det må vurderast leggast til rette for ei anna tilknyting til fylkesvegen enn gjennom eksisterande tun. | | |

| Innspel nr. | 39 | Områdenamn: | Sætervika |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 10/6 | Forslagstillar | Stine og Hallvard Huse |




| Tiltak | Ny bustadtomt på gnr/bnr 10/6 mot Sætervika. Søraustvendt skogkledd skråning nord for dyrkamark og eksisterande bustader. Tomta er plassert på eit utspring i terrenget, noko høgare enn eksisterande bustader |
|---|---|

| Føremål | Bustad | Utnytting | 1 |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad |
|---|---|






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog, høg bonitet. Lite areal. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar lauvskog og gjengrodd kystlynghei. Det ligg ein naturtypelokalitet med rik edellauvskog (kysthasselkratt) og verdi B tett opp til byggjeområdet. Mest truleg kjem ikkje byggjeområdet i direkte berøring med naturtypelokaliteten, men ein bør tas omsyn til evt. utsiktsrydding, og det det bør difor gjerast ei nærare feltundersøking av i kva grad naturtypelokaliteten kan bli påverka. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne, særleg steinalderslokalitetar, i området. Det er kjent gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg delvis innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Fragmenterer landskapet. Vil ligge på ei høgd i terrenget som truleg er for knapp til etablering av bustad utan vesentleg sprenging/fylling. Krevjande tilkomst som ser ut til å bli bratt og vil krevje vesentleg fylling for utjamning. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Etableringa styrker ikkje intensjonen om samordna areal- og transportbruk. I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging er det uttalt at ein skal søkje å få til klare grenser mellom bustadområde og landbruk-, natur- og friluftsområde og at inngrep bør samlast mest mogleg. | **0** |
| **Friluftsliv** | Lite konsekvensar for friluftsliv | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Om lag 6 km til skule og servicetilbod på Falkhytten. 2,2 km utan gang- sykkelveg. | **0** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Tiltaket fragmenterar landskapet og vil truleg føre til negative terrenginngrep. For bratt tilkomst? Tiltaket bryt med målsettinga om samordna areal- og transportbruk. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Områda ligg utanfor sone avsett til LNF-spreidd busetnad og er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen. |

| Innspel nr. | 40 | Områdenamn: | Sporsem |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 9/60 | Forslagstillar | Per Egil Sporsheim |




| Tiltak | 3 bustadtomter. Er del av LNFS3 | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Bustad | Utnytting | 3 |

| Gjeldande kommuneplan og foreslått ny arealbruk | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode) LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode) Bustad |
|   |   |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Området er fulldyrka jord med ein mindre del skog av lav bonitet. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området ligg stort sett på innmark og det er ikkje avgrensa naturtypar i byggeområdet. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Eit mindre bekkeløp i vestre del av tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tilkomst frå Setervegen. Fleire bustader tilknytta vegen. Tiltaket støttar ikkje målsetjinga om samordna arealbruk. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet (20 l/s?). Det går høgspentline delvis innanfor tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Plasseringa ligg innanfor område LNFS3, spreidd busetnad. Det er 3,8 km frå skule og sentrum på Falkhytten. Gang- og sykkelveg nesten heile vegen, manglar 300-400m. | **0/-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Område med tillaten spreidd busetnad. I konflikt med jordvernet. Tiltaket støttar ikkje samordna areal og transportplanlegging. Det er ein del andre bustader i området og gang- og sykkelveg nesten heilt fram til Falkhytten/skule. Delar av området blir røyrd av høgspentline.

**Konklusjon etter vurdering**

Innspelet er vurdert til å kunne omarbeidast til betre å tilpassast ei utbygging innanfor område B35 (B42 i karutsnittet) med t.d. felles veg. Eit forslag med tomter nord/sør vil og minke bygging på samanhengande jordbruksareal.

| Innspel nr. | 41 | Områdenamn: | Solbø |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **9/85** | **Forslagstillar** | **Kristine Skarshaug** |




| **Tiltak** | Eksisterande tomt i utkanten av dyrka mark ønskes regulert frå LNF til bustadføremål. Om lag 1700 m2. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 1 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode) Bustad |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark og skog med høg bonitet. Planområdet vil ikkje i særleg grad omdisponere verdifullt landbruksareal anna enn til tilkomstveg. Tilkomstveg bør leggast i kanten av dyrkamark for å unngå oppdeling. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Eigedommen omfattar truleg ein liten rest av opphavleg kulturmark, og grenser mot dyrka mark i sør, aust og vest. I nord ligg eit område med myr kartlagd som naturtype med verdi B. Dessutan er det avgrensa eit beiteområde for rådyr. Tiltaket kjem ikkje i kontakt med området med myr, og vurderast å ha liten verknad på rådyr. Når det gjeld kulturmarka på den avgrensa eigedommen vurderast kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 som noko avgrensa. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Fragmenterer jordbrukslandskapet, men ikkje vesentleg endring. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Etableringa samsvarar ikkje med intensjonen om samordna areal- og transportbruk. I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging er det uttalt at ein skal søkje å få til klare grenser mellom bustadområde og landbruk-, natur- og friluftsområde og at inngrep bør samlast mest mogleg. | **-** |
| **Friluftsliv** | Lite konsekvensar for friluftsliv. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Om lag 2,7 km til skule og servicetilbod på Falkhytten.<br>1,2 km utan gang- sykkelveg. | **0** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap. Tiltaket fragmenterar landbrukslandskap og bryt med målsettinga om samordna areal- og transportbruk. Området ligg utanfor sone avsett til LNF-spreidd busetnad. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området ligg utanfor prioriterte områder for busetnad og leggast ikkje inn i kommuneplanen. | | |

| Innspel nr. | 42 | Områdenamn: | Hoksneset |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **11/6 og 11/47** | **Forslagstillar** | **Oddbjørn Hoksnes** |




| | |
|---|---|
| **Tiltak** | Nytt bustadområde på Hoksneset. Området ligg sør samlevegen langs sørsida av Hoksneset. Det er ønskje om utviding av bustadområde vestover av grunneigar. Ny tilkomst er planlagd frå eksisterande veg nord for området. |
| **Føremål** | Bustad/naturområde |
| **Utnytting** | 10 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad/naturområde |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark og berg. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar lyng og berg langs sjøen. Det er ikkje registrert naturtypar, viltområder eller gjort spesielle funn av artar. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfult. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaksområdet ligg innanfor strandsone avsett i kommuneplanen. | **-** |
| **Støy og foreureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil vere mest synleg frå sjøen. Det blir visuelt inngrep i eit sårbart, ope område. | **--** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. Den kommunale vegen til Hoksneset er smal og har ikkje gang- og sykkelveg. Etableringa samsvarar ikkje med intensjonen om samordna areal- og transportplanlegging etter rikspolitiske retningsliner. | **-** |
| **Friluftsliv** | Området er ein del av registrert lokalt viktig friluftsområde. | **-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 4,5 km til Falkhytten og skule.<br>Ikkje gang- og sykkelveg.<br>Området ligg inntil eksisterande busetnad på Hoksneset. | **0/-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Planområdet er noko uavklart mot landskapsinngrep og ligg i eit sårbart ope område som er ein del av lokalt viktig friluftsområde. Område for bustader ligg på eit terrengdrag med ope berg som er sårbart for inngrep. Tiltaket bryt med målsettinga om samordna areal- og transportbruk.
Området ligg delvis innafor strandsone avsett i kommuneplanen.
Potensiale for kulturminnefunn.

**Konklusjon etter vurdering**

Området vil ikkje bli lagt inn i kommuneplanen. Tiltaket vi ha stor verknad på det sårbare landskapet i eit friluftsområde.

| Innspel nr. | 43 | Områdenamn: | Nerbøstranda |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **11/6** | **Forslagstillar** | **Pål Terje Huse** |




| Tiltak | Utviding av naustområde. Kommunalt naustområde langs Nerbøstranda ligg sør for bustadområde R15. Det er ønskje om utviding av regulert naustområde mot aust av grunneigar. Kommunalt naustområde er i dag ikkje utbygd eller har kjøyretilkomst. Ny tilkomst er planlagd frå aust frå eksisterande veg over friområde. |
|---|---|
| **Føremål** | Naust |
| **Utnytting** | 3-4 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Friområde | Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark.Skog av høg bonitet der nausta er planlagd. Fulldyrka jord der atkomstvegen er tenkt. Teigen vil bli delt og meir areal enn nødvendig vil kunne gå tapt pga teigdeling og arrondering. Atkomstvegen vurderast til å være eit større problem enn nausta. | **--** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar blandingsskog attmed sjøen, skog av særs høg bonitet. Det er ikkje registrert naturtypar, viltområder eller gjort spesielle funn av artar. Det er nokre grunne områder langs sjøen, og desse kan ha ein funksjon for fugl. Naust vil kunne gje noko auka forstyrring av fugl delar av året. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfult. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor området. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innafor strandsona avsett i kommuneplanen, jfr pbl. Allmennheten sitt behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. Inngrep i strandsona bør konsentrerast til område med eksisterande inngrep. | **--** |
| **Støy og foreining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Det blir visuelt inngrep i vegetasjonsområdet og i strandsona.Tiltaket dempast noko då terrenget bak er bratt stigende og skogkledd. Atkomstvegen eksponerast på ein uheldig måte. | **--** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Friluftsliv** | Tiltaket må utformast slik at retten til almen ferdsel er ivareteken og strandsona ikkje blir privatisert. | **0/-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil vere positivt for friluftslivstilbodet og bukvaliteten i området. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ligg planar om naust i området frå før, men området er i dag ikkje inngrepsprega. Det nye tiltaket røyrer ved skog av særs høg bonitet. Etablering av tiltaket føreset god terrengtilpassing for ev. tilkomstveg og nye nausttomter, samt god tilpassing for allmenn tilgjenge i strandsona.
Vegtilkomst må vurderast nærmare for å unngå inngrep i skog.Tiltaket må inngå i ein heilheitleg plan der det vurderast best mogleg adkomst og parkeringsmoglegheiter for naustområdet.
Potensiale for kulturminnefunn.

**Konklusjon etter vurdering**

Området vil bli lagt inn i kommuneplanen med krav om regulering for eit større område.

| Innspel nr. | 44 | Områdenamn: | Nerbøvågen |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | Fleire | Forslagstillar | Aukra kommune m. fl. |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Utbetring av vågen ved spunting og mudring slik at ein kan ta inn større skip til kai ved verftet, og at en kan snu skip i vågen. Fjerning/sprenging av flu/grunne i innseglinga til vågen for å trygge innsegling med større skip. Ein foreslår å spunte ein kant som ligg under lågvatn, og dermed ikkje vert synleg, som sikrar nødvendig djupne i havnebassenget og samstundes ivaretek strandlina og dei grunnaste områda. | | |
| **Føremål** | Hamneområde | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| NFFF i sjø | Hamneområde |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Naturmangfald** | Må undersøkjast ved vidare planleggjing | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Havbotnen vil måtte undersøkjast i forbindelse med vidare planleggjing for å avklare evt kulturminner i sjø. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området er allereie vesentlig prega av industri. Ei utviding vil i liten grad påverke strandsone og vassdrag. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Støy i anleggsfase må påregnes. Støy frå industri- og næringsverksemd i drift vil truleg ikkje endrast stort frå eksisterande situasjon. | **-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Landskapsbiletet vil i liten grad endrast ved vidare utvikling av industri/næringsområdet | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Først og fremst knytta til transport, både over kai og langs vegar. Ein risiko og sårbarhetsanalyse må utførast ved vidare planleggjing av området. | **0/-** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket vil ikkje i nokon grad endre trafikkmønsteret på land. Ein vil heller ikkje endre sjøbasert trafikk nevneverdig, ut over at større skip kan kome tryggare til kai. | **0** |
| **Friluftsliv** | Området er i liten grad brukt til friluftsliv i dag og vil soleis ikkje bli særleg berørt. Småbåthamna er planlagd flytta. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje behov for å gjere noko med landbasert infrastruktur i denne samanheng. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Temaet sjåast som lite relevant da området allereie er sterkt prega av industri og ikkje busetnad. | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap. Tiltaket vil styrke den industrielle satsinga i kommunen. Tiltaka vil auke kapasiteten og betre funksjonaliteten, herunder transport både over land og sjø.

**Konklusjon etter vurdering**

Området leggast inn i kommuneplanen, men det stilles krav til regulering og konsekvensutreiing for tiltaket. I dette ligger særleg behovet for avklaringar innanfor spørsmål om biologi, forureining, geoteknikk og kulturminner.

| Innspel nr. | 45 | Områdenamn: | Bakkemyrgrova |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **13/39** | **Forslagstillar** | **Geir og Erna Varhaugvik** |




| | |
|---|---|
| **Tiltak** | Omregulering til område for råstoffutvinning – uttak av sand. Truleg breelv-avsetningar under myra. Usikker kartlegging av ressursens djupne og omfang. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Lausmasseuttak | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF og trasé for gassrørledning | Lausmasseuttak |
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Myr og jorddekt fastmark. Området ligg innanfor prioritert sone til landbruk i kommuneplanen. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området består i hovudsak av myr. Deler av området er avgrensa som naturtypelokalitet med kystmyr og verdi B. Inngrep, også i berre ein avgrensa del av eigedommen, vil kunne gje drenering av området med myr. Tiltaket vert vurdert å kunne gje ein del negativ verknad for naturmiljøet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som noko mangelfullt. | **--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne innafor området. På matrikkelgarden er det kjent gjenstandsfunn frå steinalder, bronsealder og jernalder/mellomalder. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og foruréining** | Sannsynleg støy i uttaksfase. | **-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Masseuttak gir betydelege visuelle sår i landskapet i uttaksfase. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg. | **0** |
| **Friluftsliv** | Kjem ikkje i kontakt med registrerte friluftsområde | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Aktiviteten vil truleg påverke nærliggande bustader. | **-** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Tiltaket er i konflikt med registrert naturtype kystmyr med verdi B. Masseuttak vil påverke kystmyra i eit større influensområde og naturtypen vil truleg gå tapt i dreneringssona. Inngrepet vil og verte eit opent og etter kvart omfattande landskapssår i heile uttaksperioden.<br>Truleg motsegn. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen.  Området ligg innanfor sone prioritert til landbruk. Det ligg ikkje føre registreringar som styrkar eit potensielt funn av råstoff. | | |

| Innspel nr. | 46 | Områdenamn: | Falkhytten |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 13/15 | Forslagstillar | Kjell Bjarne Nautnes - Vårdal arkitekter |




| Tiltak | Myrteig som er planlagt regulert om frå LNF til bustad. Like nord for Gossen B/U-skole. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Bustad | Utnytting | 16-24 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Myr. Noko lauvskog mot fylkesvegen.<br>Vestre del av området er i konflikt med avsett omsynsområde for landbruk. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Arealet består av myr og gjengrodd kulturmark. Vest for området ligg myr avgrensa som naturtypelokalitet (kystmyr, verdi B). Det ligg eit belte med grøfta myr og bartre mellom byggeområdet og dei meir intakte myrområda lenger vest. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfullt. Det er noko usikkert i kor stort omfang byggeområdet er grøfta, og om ytterligare grøfting kan føre til drenering av myrområda lenger vest. Før ein tek stilling til utbygging bør ein avklare omfang av tidlegare grøfting og risikoen for å drenere resterande myrområde. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i tiltaksområdet. Våningshuset i tunet på Dalane, sør for tiltaksområdet, er SEFRAK-registrert. Det er ingen informasjon om alder på bygningen. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På matrikkelgarden er det kjent gjenstandsfunn frå steinalder, bronsealder og jernalder/mellomalder. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Områda vil bli relativt lite eksponerte i landskapet og vil opplevast som ei naturleg fortsetjing av eksisterande bustadområder. | **+** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk er gode då avstand til skule og sentrumsfunksjonar er liten. | **++** |
| **Friluftsliv** | Ikkje i konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunaltekniskanlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Gang-sykkelveg.<br>Kort avstand til Falkhytten. | **++** |

| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** |
|---|
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap med unntak av område avsett til omsynsområde for landbruk i kommuneplanen. Tiltaksområdet støtter målsettinga om samordna areal- og transportbruk. Området kan ha potensiale for nydyrking. |
| **Konklusjon etter vurdering** |
| Områda er vurdert til å leggast ut til bustadformål med ei tilpassa avgrensing mot landbruksområde i vest og utviklingskonseptet for Falkhytten sentrum. |

| Innspel nr. | 47 | | Områdenamn: | Falkhytten nord |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 13/15 m.fl. | Forslagstillar | Aukra kommune | |




| Tiltak | Utviding av Falkhytten sentrum | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Bustad og sentrumsføremål | Utnytting | ca 100 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Området består av en variasjon myr, fulldyrka jordbruksareal (eigedomane 13/21 og 13/48) og skrinn fastmark. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Området ligg stort sett på utmark med ein mindre del fulldyrka jord og det er ikkje avgrensa naturtypar i byggeområdet. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg. Bygging vurderast å ha avgrensa verknad på naturmiljøet. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Det er eit Sefrak-registrert hus på eigedom 13/21. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Mindre vassdammar innanfor myrområdet | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er flatt og bygging vil binde saman sentrumsbygnaden med bustader lenger nord. Det er ingen spesielle landskapskvalitetar å ta omsyn til. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | God med kort responstid frå sentrum. | **+** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko trafikkauke. Tilhøve til retningslinjene for samordna areal- og rasnsportbruk er gode. GS.veg langs fv 220. Eks. vegnett og infrastruktur kan nyttast. | **0/+** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Sentrumsnært. Kort veg til skule og sentrumsfunksjonar. GS-veg langs fv 220. Mogleg utsikt til sjø. | **+** |

| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** |
|---|
| Tiltaket er i samsvar med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. Utvikling av området kan gje ei samanbinding mellom sentrumsområdet og bustader mm som ligg nord for Falkhytten. |

| **Konklusjon etter vurdering** |
|---|
| Utviding av areal til bustad- og sentrumsområder vurdert å leggast inn i kommuneplanen |

| Innspel nr. | 48 | Områdenamn: | Nerbøvågen |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 13/39 | Forslagstillar | Geir og Erna Varhaugvik |




| Tiltak | Del av strandsona i Nerbøvågen er foreslått regulert til bustadområde. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Bustad | Utnytting | 3-4 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Noko dyrkamark (1/3), resten jorddekt fastmark og skog med høg bonitet. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området består av lauvblandingsskog og dyrka mark attmed sjøen. Nerbøvågen er kartlagd som eit viktig raste- og overvintringsområde for fugl. Langs stranda er det kartlagd ein naturtypelokalitet med strandeng og strandsump og verdi B. Utbygging kan gje noko auka forstyrring av fugl. Dersom ein vel å leggje til rette for bustader, må dei trekkjast så langt unna sjøen som mogleg. Ein må også vere merksam på at bustader kan utløyse behov for båtplassar. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 vert vurdert som noko mangelfullt, og det bør gjerast ei supplerande naturfagleg undersøking av området. | **--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne innafor området. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På matrikkelgarden er det kjent gjenstandsfunn frå steinalder, bronsealder og jernalder/mellomalder. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsona og er i konflikt med byggegrense mot sjø avsett i kommuneplanen. Tilhøvet til allemannsretten og risiko for privatisering blir rekna meir kritisk for bustad enn til dømes naust. | **--** |
| **Støy og foureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Relativt lite inngrep innerst i Nerbøvågen i dag. Tiltaket vil bryte opp eit samanhengande naturområde. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Plasseringa ligg nært sentrum på Falkhytten og støttar difor delvis målsetjinga om samordna areal- og transportplanlegging. | **+** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 700 m til skule – og tenestetilbod.<br>Gang- og sykkelveg | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket er i konflikt med omsynet til naturmangfald og byggjeforbodet i strandsona. Føremålet bustad legg til rette for varig opphald og stort sannsyn for privatisering.
Truleg motsegn. Tilhøva kan betrast for strandsoneproblematikk om ein legg inn LNF-belte mellom sjø og bustad, men omsynet til fugleliv og naturtype vil likevel vege tungt.
Tiltaket kjem og i konflikt med ein framtidig åtkomstveg for Nautneset industriområde.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen.

| Innspel nr. | 49 | Områdenamn: | Nerbøvågen |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | Fleire | Forslagstillar | Aukra kommune m. fl. |




| Tiltak | Utbetring av eksisterande næringsareal på Nautneset for sjøretta næringsvirksomhet. Arealet avgrensast til område for eksisterande småbåthamn. Næringsutviklinga fordrar utfylling i hamnebasseneget. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Næring | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Småbåthamn | Næring |
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Naturmangfald** | Må undersøkjast/vurderast ved vidare planleggjing | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Havbotnen vil måtte undersøkjast i forbindelse med vidare planleggjing for å avklare evt kulturminner i sjø. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området er allereie vesentlig prega av industri. Ei utviding vil i liten grad påverke strandsone og vassdrag. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Støy i anleggsfase må påregnes. Støy frå industri- og næringsverksemd i drift vil truleg ikkje endrast stort frå eksisterande situasjon. | **-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Landskapsbiletet vil i liten grad endrast ved vidare utvikling av industri/næringsområdet | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Først og fremst knytta til transport, både over kai og langs vegar. Ein risiko og sårbarhetsanalyse må utførast ved vidare planleggjing av området. | **0/-** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket vil belaste dagens vegsystem til Nautneset. Dagens veg må utbetrast eller det må byggjast ny atkomstveg før området realiseras som næringsområde. | **minus** |
| **Friluftsliv** | Området er brukt til friluftsliv, men det sjøretta tilbodet (småbåthamna) flyttes og tiltaket vil difor ikkje berøre friluftslivet i nemneverdig grad i framtida. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er ikkje behov for å gjere noko med landbasert infrastruktur i denne samanheng, med unntak av vegføringa. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Temaet sjåast som lite relevant da området allereie er sterkt prega av industri og ikkje busetnad. | **-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap. Tiltaket vil styrke den industrielle satsinga i kommunen. Tiltaka vil auke kapasiteten og betre funksjonaliteten, herunder transport både over land og sjø. Det hefter usikkerhet knytta til forureining i småbåthamna og moglege verdiar knytt til

**Konklusjon etter vurdering**

Området leggast inn i kommuneplanen, men det stilles krav til regulering, samt undersøkjing og vurdering av tiltaket, sett i forhold til naturmangfald, forureining, geoteknikk og kulturminner.

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **50** | **Områdenamn:** | **Nautneset** |
| **Gnr./Bnr.** | **13/9** | **Forslagstillar** | **Hans Johansen** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Omregulering til nausttomter. | | |
| **Føremål** | Naust | **Utnytting** | 2-3 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Tilkomstveg over dyrka mark. Uproduktiv skog på området for nausttomter. | **-** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar blandingsskog attmed sjøen. Det er ikkje registrert naturtypar, viltområder eller gjort spesielle funn av artar. Det er nokre grunne områder langs sjøen, og desse kan ha ein funksjon for fugl. Naust vil kunne gje noko auka forstyrring av fugl delar av året. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som noko mangelfullt. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Innafor naustområdet er det ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid. Tilkomstvegen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er eit busetnadsområde frå eldre bronsealder (id 137015) og kokegroplokalitet (id 137023). Like ved ligg to steinalderslokalitetar (id 136974 og 137014). Tilkomstsvegen vil gripe inn i eit samla kulturmiljø og kulturlandskap ned mot Halsabukta. Dersom naustområdet hadde fått vegtilkomst frå nord (frå eksisterande veg) vil tiltaket ha liten innverknad på kulturminneverdiane i området. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På matrikkelgarden er det kjent gjenstandsfunn frå steinalder, bronsealder og jernalder/mellomalder. | **--** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg innanfor strandsona avsett i kommuneplanen og utfordrar det generelle byggeforbodet. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Samanhengande rekkje med naust samt vegtrasé vil utgjere eit samla vesentleg og eksponert inngrep. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Friluftsliv** | Tiltaket må utformast slik at retten til almen ferdsel er ivareteken og strandsona ikkje blir privatisert. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil vere positivt for friluftslivstilbudet og bokvaliteten i området. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tilkomstveg til naustområdet vil vere i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Dersom tiltakets skal realiserast bør naustområdet få tilkomst mot nord. Etablering av tiltaket føreset god terrengtilpassing for tilkomstveg og nausttomt, samt tilpassing for almen tilgjenge til og i strandsona.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen med eit redusert område der område mot nord utgår pga. store inngrep i terrenget. Ev. tilkomstveg frå sør må tilpassast landskap og vegetasjon.Det er planlagd småbåthamn i nærleiken og det prioriterast opparbeiding av denne framfør auka naustområde mot nord. Naustområde i sørlege del kan nyttast av fastbuande i nærleiken som ikkje har behov for parkeringsplass.

| Innspel nr. | 51 | | Områdenamn: | Nautneset |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 13/13 | Forslagstillar | Aukra kommune | |




| Tiltak | Friluftsområde | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Friluftsområde | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Friluftsområde |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Ingen endring | **0** |
| **Naturmangfald** | Ingen endring | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Ingen endring | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ingen endring | **+** |
| **Støy og forureining** | Ingen endring | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Ingen endring | **+** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ingen endring | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ingen endring | **0** |
| **Friluftsliv** | Ingen endring | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ingen endring | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Ingen endring | **0** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Endring frå LNF til Friluftsføremål styrkar tilgangen til arealet | | |

| Innspel nr. | 52 | Områdenamn: | Nautneset småbåthamn |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | Fleire | Forslagstillar | Aukra kommune |




| Tiltak | Flytting av småbåthamn frå Nautneset til nord for Varhaugen. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Småbåthamn med naustområde | Utnytting | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Dels NFFF i sjø, dels småbåthavn regulert med hotelltomt | Småbåthamn med naustområde |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Ikkje relevant for sjødelen.Det må imidlertid byggjast atkomstveg og eit mindre anlegg på land, herunder til parkering, sør for eksisteraqnde teknisk anlegg. Strandsona omdisponeras vidare til naustrekkje og dette berører noe registrert fulldyrka mark, men mest åpen fastmark. | **-** |
| **Naturmangfald** | Ikkje registrert noe funn i tilgjengelege basar. Generelt er strandsona viktig for naturmangfaldet. | **--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i området. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. Strandsona er i dag rørt av tekniske inngrep. 3 naust er i området og ein mindre atkomstveg går i strandsona. Tiltaket med molo må sjåast på som eit nytt inngrep i strandsona. | **--** |
| **Støy og forureining** | Støy i anleggsfase må påregnes. Etter etablering ses ikkje dette på å vera støyande verksemd. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket endrar noko på landskapsbiletet, særlig fordi det skal etablerast molo som strekkjer seg ut i sjø. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Påverkar i liten grad samfunnstryggleiken. Det må vurderast tiltak som sikrar mot ulykker. | **0/-** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tiltaket generer ikkje meir trafikk, da det er flytta frå eksisteande hamn i Nautneset, og skal ha omtrent same kapasitet. Det kan og tenkjast at kjøring reduserast, da det leggjast opp til effektiv gang/turveg mellom Falkytten og anlegget. | **-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket er retta mot allmenta og friluftsliv til sjøs. Det er lagt opp til ein kyststi langs sjøen og inn mot Flakhytten. Samla sett vil tiltaket generere positive konsekvensar for allmenta. | **++** |
| **Teknisk infrastruktur** | Det er behov for til dels ny, til dels utbetring av atkomstveg. Dette ses ikkje på som særlig konfliktfylt. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket kan auke bukvaliteten i området rundt Falkhytten. Området vil nok bli meir tilrettelagt for friluftsliv og framstå som meir attraktivt for bustad. Opplevelsesverdiane i nærområdet til Falkytten får fokus og vil appellere til økt fysisk aktivitet. Ein kan derfor anta at tiltaket verkar positivt på folkehelsa. Ein grunneigar har signalisert motstand mot tiltaket og vil ha dette plassert lengre mot aust slik at hans eigedom ikke blir rørt. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Ein grunneigar har signalisert motstand mot tiltaket og vil ha dette plassert lengre mot aust slik at hans eigedom ikke blir rørt. Kommunen vurderer at ei slik plassering vil både vere meir verutsatt og ha begrensa kapasitet. Tiltaket vil bidra til attraktivitesauke i Falkhytten-området, noko som er viktig for bulyst og livskvalitet. Ingen spesielle avbøtande tiltak er nausynt.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen.

| **Innspel nr.** | **53** | **Områdenamn:** | **Varhaugvika** |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **13/39** | **Forslagstillar** | **Geir og Erna Varhaugvik** |




| **Tiltak** | Omregulering av dyrka mark nær Falkhytten til bustadtomter. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 21 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | For ein stor del fulldyrka jord. Noko skog med høg bonitet ved sjøen. | -- |
| **Naturmangfald** | Området består i hovudsak av dyrka mark, samt nokre kantsoner og lauvskog ned mot sjøen. Det er ikkje registrert naturtypar, viltområder eller gjort spesielle funn av arter. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som noko mangelfullt når det gjeld lauvskogen ned mot sjøen, men truleg er det ikkje særleg stort potensiale for verdifulle innslag. | 0/- |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er kjende automatisk freda kulturminne innafor området. Dette er eit busetnads- og aktivitetsområde frå steinalder på Varhaugvik (id 169685). Bustadområdet vil gripe inn i et større samla kulturmiljø/kulturlandskap som strekker seg frå Halsabukta og vestover. Innafor dette kulturmiljøet er det 12 lokalitetar med automatisk freda kulturminne, der lokaliteten som blir råka av bustadområdet er den eine. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På matrikkelgarden er det kjent gjenstandsfunn frå steinalder, bronsealder og jernalder/mellomalder. | -- |
| **Strandsone og vassdrag** | Største del av tiltaket ligg i strandsona som er avsett i kommuneplanen. | -- |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Opning for bustadbygging her vil bryte opp eksisterande jordbrukslandskap. | - |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Plasseringa ligg nært sentrum på Falkhytten støttar difor målsetjinga om samordna arealbruk. | + |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | 0 |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | 0 |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 800 m til skule – og tenestetilbod.<br>Gang- og sykkelveg | + |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Som del av større, samanhengande område med lettdyrka landbruksareal er planane om omdisponering i konflikt med nasjonale føringar og landbrukspolitiske mål. Jordvernomsynet skal leggast meir vekt på i kommunal planbehandling. Sjølv om tiltaksområdet ligg nært Falkhytten og difor støttar målsettinga om samordna areal og transportplanleggging, vil omsynet til jordvern vege tungt her.<br>Særleg stort potensiale for funn av kulturminne. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Områda er vurdert til ikkje å leggast ut til bustadformål pga jordvernet og konflikt med anna formål i kommuneplanen. | | |

| Innspel nr. | 54 | | Områdenamn: | Varhaug |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 13/8 | Forslagstillar | Liv Marit og Asbjørn Varhaugvik | |




| Tiltak | Omregulering til bustadføremål - rekkehus / einebustad. Planområdet består av to teigar på begge sider av vegen fram mot Nautneset like øst for Falkhytten. Områda er i dag i hovudsak dyrka mark. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Bustad | Utnytting | 25-30 |

| **Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk** | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Begge teigane er registrert som samanhengande område med fulldyrka jord. Omkransa av småskog. | **--** |
| **Naturmangfald** | Området består i all hovudsak av dyrka mark. Eit lite parti med myr ligg nord i området. Det er ikkje avgrensa naturtypar, viltområder eller gjort spesielle funn av artar i området, og potensialet for dette vurderast som lite. Verknaden på naturmiljø vert difor vurdert som avgrensa. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkelig, men det bør likevel gjerast ei nærare vurdering av om partiet med myr i nord bør utelatast. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Dette er eit automatisk freda busetnads- og aktivitetsområde frå steinalder. Det er ikkje kjende kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Like nord for det aktuelle området ligg det eit større kulturmiljø, der fem steinalderslokalitetar ligg samla. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På matrikkelgarden er det kjent gjenstandsfunn frå steinalder, bronsealder og jernalder/mellomalder. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ein mindre del ligg innanfor strandsona avsett i kommuneplanen. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Områda vil bli eksponerte i landskapet, men vil opplevast som ei naturleg fortsetjing og utfylling av eksisterande bustadområder. | **0/+** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Områda er relativt store og vil medføre noko trafikkauke. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk er gode då avstand til skule og sentrumsfunksjonar er liten. | |
| **Friluftsliv** | Planområdet grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Vegen fram til Nautneset har ikkje eige tilbod til gåande og syklistar.<br>Kort avstand til Falkhytten.<br>Potensielle utsiktstomter. | |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Som del av større, samanhengande område med lettdyrka landbruksareal er planane om omdisponering i konflikt med nasjonale føringar og landbrukspolitiske mål. Jordvernomsynet skal leggast meir vekt på i kommunal planbehandling. Sjølv om eigenskapar ved planområda samsvarer godt med retningslinene for samordna areal- og transportbruk, finnes andre område som og kan oppfylle desse målsettingane.
Stort potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Områda er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen pga jordvern.

| Innspel nr. | 55 | | Områdenamn: | Falkhytten |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 13/11 m.fl. | Forslagstillar | Aukra kommune | |




| | | | |
|---|---|---|---|
| Tiltak | Utviding av bustadsområde mot aust og friområde. | | |
| Føremål | Bustad og friområde. | Utnytting | ca 65 daa |

| Gjeldande kommuneplan og foreslått ny arealbruk | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Fulldyrka jord på B19, friområde og delvis på B18. skog av høg bonitet på B18 og skrinn fastmark. | **-** |
| **Naturmangfald** | Arealet omfattar dyrka mark i større delar. Dette arealet har truleg avgrensa verdi for naturmangfald, og verknaden på naturmiljø vurderast som liten. Arealet omfattar også eit vegetasjonsbelte. Det vil bli sett som negativt med inngrep i vegetasjonsbeltet og skog av høg kvalitet.Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Det er potensial for funn av automatisk fredakulturminne | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg ca 50-100 m frå sjøen, men ligg ikke innanfor omsynssone for strandsone avsett i kommuneplanen. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Ny busetnad utvide sentrumsområdet mot sjøen med attraktive tomter, men opning for bustadbygging vil bryte opp eksisterande jordbrukslandskap. Bygging vil gje inngrep i skog i sørlege del og i terrengdraget langs sjøen. Friområde vil gje tilkomst frå eksisterande bustadområde og fritt utsyn mot sjø frå sentrumsområdet. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Lokalvegen vil bli noko meir belasta. Ikkje vesentleg auke i talet kjøretøy.Tiltaket støttar målsetjinga om samordna arealbruk. | **0/+** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet (20 l/s?). | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Sentrumsnære bustader, kort avstand til aktivitetar. Området ligg inntil etablert bustadområde med einebustader. Det er kort veg til skule og daglegvarebutikk. Gang- og sykkelveg er etablert vest for området, men ikkje langs lokalvegen. Mogleg attraktivitet med nærleik til sjø. Friområdet gjer god tilgang tilbadeplass innanfor F1. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Konflikt med jordvernet, men tiltaket er i samsvar med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. Kort veg til Gossen B/U-skule, GS-veg nesten heile vegen. Området bryt delvis ei mindre vegetasjonsbelte med skog av høgverdi. Tiltaket kan gjere inngrep i terrengdrag.

**Konklusjon etter vurdering**

Areal til bustadområde er vurdert å leggast inn i kommuneplanen.

| Innspel nr. | 56 | Områdenamn: | Falkhytten |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 12/100 m.fl. | Forslagstillar | Aukra kommune |




| Tiltak | Utviding av sentrumsføremål | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Sentrumsføremål | **Utnytting** | ca 25 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Området består av myr og noko skog av lav bonitet i vest og ein mindre del jorddekt fastmark. | **0/+** |
| **Naturmangfald** | Området ligg stort sett på innmark og det er ikkje avgrensa naturtypar i byggeområdet. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne ellerkulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet.Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje berørt | **0** |
| **Støy og forureining** | Utviding av sentrum og flytting av fylkesveg - ikkje ny aktivitet som genererer støy og forureining | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er flatt og bygging vil binde saman sentrumsbygnaden med bustader lenger nord. Det er ingen spesielle landskapskvalitetar å ta omsyn til. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Tosidig bebyggelse kan vere problematisk dersom ny fv 216 blir definert som gate. Sentrumsutviding blir tilknytta eksisterande vegnett. GS-veg må forutsettast opparbeida saman med tiltaket. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Ikkjei  konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet (20 l/s?). | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Sentrumsnære tomter for næringsutvikling og/eller bustader.Området ligg inntil etablert næringsaktivitet og eldre bustader. Det er kort veg til skule og daglegvarebutikk. Gang- og sykkelveg er etablert nord for området og langs dagens fv 216. | **+** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Omlegging av fv 216 er noko udefinert. Som omkøyringsveg (fjerne tungtransport mm) bør ny fv 216 leggast i randsona for ei sentrumsutviding. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Areal til sentrumsområde er vurdert å leggast inn i kommuneplanen. | | |

| Innspel nr. | 57 | Områdenamn: | Falkhytten |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **3/12 m. fl.** | **Forslagstillar** | **Asbjørn Windstad** |




| Tiltak | Regulering av større myrområde (91 daa) til bustadtomter i tilknyting til sentrum på Falkhytten. Området er flatt og ligger sør og vest for Fv 216. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Sentrumsføremål | **Utnytting** | Ca. 91 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Sentrumsføremål |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Området er registrert som myr. Del av området i sør ligg innanfor avsett omsynssone for landbruk. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Området består av myr. Søre delen av byggeområdet er avgrensa som eit viktig yngleområde for måkefugl, mellom anna fiskemåke som er raudlista som «Nær trua» (NT). Utbygging vil kunne redusere arealet med myr og føre til drenering. Arealbeslag og forstyrring vil kunne være negativt for måker som hekkar på myra. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som noko mangelfullt. Før ein tek stilling til arealbruken bør det gjennomførast ei biologisk undersøking av fuglelivet, samt kor påverka av grøfting området med myr er, og om det kan ha verdi som naturtypelokalitet. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er kjend mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Utviding av eksisterande sentrumsbusetnad. Lite eksponert frå avstand. Lite potensiale for store terrenginngrep. Materialbruk og fasadar viktig for næroppleving. Utforming av bygningar bør nyttast til klimaskjerm for opphald ute. | **0** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etableringa samsvarar med intensjonen om samordna areal- og transportbruk. | **+** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 50 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Kort avstand til skule og sentrumsfunksjonar på Falkhytten.<br>Åpent og solrikt. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap.

**Konklusjon etter vurdering**

Området vil bli lagt inn i kommuneplanen med ei bearbeida avgrensing mot omsynssone for landbruk i sør og tilpassa utviklingskonseptet for Falkhytten sentrum.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **58** | | **Områdenamn:** | **Hukkelberget** |
| **Gnr./Bnr.** | **1/254 m. fl.** | **Forslagstillar** | | **Aukra kommune** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Flytting/Nybygging av barnehage.Gjeld eigedomane 1/254, 1/20, 1/4 og 1/15. | | |
| **Føremål** | Offentleg | **Utnytting** | 35 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

Føremål i dag: (vist med fargekode)
LNF/Offentleg




Føremål i framtid: (vist med fargekode)
Offentleg



| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog av høg bonitet (truleg planta). Fulldyrka jord på eigedom 1/20. | **-** |
| **Naturmangfald** | Delvis myr og tett, høg furuskog. Skogen er i eit avgrensa område. Det er ikkje registrert spesielle artar eller naturtypar i Naturbase, men det er registrert to hønsehaukreir av naboar. Eitt av reira har kordinatane X 6963964 Y 392798 (UTM Sone 32 V) | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er til dels flatt. Tiltak blir lite eksponert frå avstand. Lite potensiale for store terrenginngrep. Grøntstruktur blir utsatt for inngrep. | **0/-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ingen innverknad | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til xx l/s. | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Attraktiv lokalisering av barnehage. Åpent og solrikt. Utforming av bygningar bør nyttast til klimaskjerm for opphald ute. Leik i naturlege omgjevnadar er mogleg. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket er i konflikt med naturmangfald, jordvernet og etablert skog. Sårbart område i skog kan med riktig tilpassing nyttast til leik.

**Konklusjon etter vurdering**

Det tilrådast ikkje bygging i område med skog. Bygnadar må tilpassast lokalitilhøva.

| Innspel nr. | 59 | Områdenamn: | Hukkelberget |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 1/3, 1/288 | Forslagstillar | Henning Dale |




| Tiltak | Naust, utvide N12 nordvestover til grense med R19 | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Naust | Utnytting | 5-6 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode) Naust |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Planområdet er registrert som fulldyrka jord. Den er ikkje brukbar for landbruk iflg eigar. | **0** |
| **Naturmangfald** | Arealet omfattar dyrka mark ned mot sjøen. Arealet har truleg avgrensa verdi for naturmangfald, og verknaden på naturmiljø vurderast som liten. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsona. Området vil delvis gjelde to eksisterande naust. | **0/-** |
| **Støy og foruреining** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. I rikspolitiske retningsline for samordna areal- og transportplanlegging er det uttalt at ein skal søkje å få til inngrep mest mogleg samla. Det er naust i dag innanfor området og bygnadar i nærliggande områder mot mot nord og sør. | **0** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil ikkje påverke eksisterande bukvalitet i særleg grad. | **0** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Konflikt med landbrukspolitiske retningslinjer og strandsone. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Utviding av heile ønska areal til naustområde er vurdert å leggast inn i kommuneplanen. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **60** | **Områdenamn:** | **Farshaugleira** |
| **Gnr./Bnr.** | **1/18** | **Forslagstillar** | **Kjell Arntsen** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Det er planlagt etablert naust ved eksisterande småbåtanlegg ved Farshaugleira. | | |
| **Føremål** | Naust og bustad | **Utnytting** | 4-8 |

| **Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk** | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Naust og bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Uproduktiv skog. | **0** |
| **Naturmangfald** | Område består av lauvskog/blandingsskog. Det er ikkje avgrensa naturtypelokaliteter, viltområder eller gjort spesielle funn av artar. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det finnast verdiar i området, og kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som mangelfullt. Før ein tek stilling til arealbruken bør det gjerest ein nærare sjekk av området. | **-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Begge tiltaka ligg i strandsona. Tiltaksområde for naust vil inngå som del av eksisterande småbåthamnområde. Tiltaksområde for bustad er plassert i område avsett til strandsone. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil bli del av eksisterande naustmiljø. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområder. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg knytast på eksisterande infrastruktur i båthamnområdet. | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil vere positivt for friluftslivstilbudet og bukvaliteten i området. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket ligg i strandsona, men vil inngå som ei naturleg etablering i det eksisterande småbåthamnmiljøet. Ved utforming og etablering av tiltaket skal område mellom naust og sjø ikkje privatiserast. Bustadområdet ligg nært sjøen og i strandsona.

**Konklusjon etter vurdering**

Område for bustader er vurdert til ikkje å leggast ut til bustadformål. Innspelet til bustadområde ligg utanfor prioritert bustadområde i kommuneplanen og for nært sjø/i strandsona.
Naustområdet vil bli lagt inn i kommuneplanen.

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **61** | **Områdenamn:** | **Aukrasanden** |
| **Gnr./Bnr.** | **1/1** | **Forslagstillar** | **Aukrasanden vel** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Omregulering til bustadområde. | | |
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 7-9 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |




| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med høg bonitet. Noko uproduktiv skog. | **--** |
| **Naturmangfald** | Omfattar furuskog. Det er ikkje avgrensa naturtyper, viltområder eller gjort spesielle funn av artar i området. | **-/0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne, både busetnadsspor under flat mark og steinalderlokalitetar, innafor tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området ligg noko høgt i forhold til omgjevnadane, men ei utbyggjing her vil ikkje eksponerast på ein urovekkjande negativ måte, eller endre hovudtrekka i landskapet vesentleg. Området er ein del av grønnstrukturen (friluftsområde) på Gossen. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etablering her støttar ikkje rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. | **-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 2.7 km til Falkhytten<br>Gang-/ sykkelveg fram til skule og butikkar<br>Åpent og solrikt. Utsikt mot Jendemsbukta. | **+** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap.<br>Stort potensiale for funn av kulturminne. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Området vil ikkje bli lagt ut til byggjeområde pga. skogbruksverdier, overordna grønnstruktur og at området ligg utanfor LNF-spreidd soner. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **62** | **Områdenamn:** | **Aukrasanden** |
| **Gnr./Bnr.** | **1/1** | **Forslagstillar** | **Aukrasanden vel** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Omregulering til bustadområde. | | |
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 7-9 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| | |
|---|---|
| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Fulldyrka mark, noko skog med høg bonitet. | **-** |
| **Naturmangfald** | Den vestlegaste delen vurderast kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 å vere noko mangelfullt. Austre del av dette området er dyrka mark. Her ligg òg eit lite parti med lauvskog. Lauvskogen er ung og vurderast ikkje å ha noko spesiell verdi for naturmangfaldet. | **-/0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområde i vest eller i aust. Eit automatisk freda busetnads- og aktivitetsområde (id 99905) ligg like søraust for området. Denne kulturminnelokaliteten inngår i eit større kulturmiljø knytt til Nord-Aukra kyrkjestad. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne, både busetnadsspor under flat mark og steinalderslokalitetar, innafor begge tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området vil fylle det opne jordbrukslandskapet som omkranser kirketomta. Det vurderast som viktig at kirketomta fortsatt får liggje markant eksponert i eit ope landskap. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etablering her samsvarar ikkje med rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. | **-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s.<br>Kraftlinje nedgravd gjennom området. Kan gi føringar for arealbruken. | **-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 2.7 km til Falkhytten<br>Gang-/ sykkelveg fram til skule og butikkar<br>Åpent og solrikt. Utsikt mot Jendemsbukta. | **+** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Som del av større, samanhengande område med lettdyrka landbruksareal er planane om omdisponering i konflikt med nasjonale føringar og landbrukspolitiske mål. Jordvernomsynet skal leggast meir vekt på i kommunal planbehandling. Stort potensiale for funn av kulturminne. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området vil ikkje bli lagt ut til byggjeområde pga jordvernet og samspelet i landskapet med kyrkja. | | |

| Innspel nr. | 63 | | Områdenamn: | Fiskerifagskuletomta |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 1/298 | Forslagstillar | Aukra kommune | |




| | | | |
|---|---|---|---|
| Tiltak | Omregulering frå offentleg føremål til kombinert føremål bustad/næringsverksemd. | | |
| Føremål | Bustad/næringsverksemd | Utnytting | 20-30 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| Offentleg føremål | Bustad/næringsverksemd |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Jorddekt fastmark i delar av eigedomen. | **-** |
| **Naturmangfald** | Tomta er allereie mykje opparbeida. Skog av høg bonitet i austlege og sørvestre del av eigedomen Omregulering til bustad- og næringsføremål innanfor allereie utbygd del vert ikkje vurdert å ha vesentleg verknad på naturmiljøet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er kjende kulturminner i tilgrensande eigedomar tilhøyrande Aukra prestegard, bl. a. kirka og ein buplass frå eldre jernalder vest for eigedomen. Visuell nærleik til kyrkja. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Eigedomen går til sjø og delar ligg innafor avsett strandsone i kommuneplanen. Ev. ny veg til naust på eigedomen bør sjåast i samanheng med eksisterande naustområde mot sør. Sti frå tidlegare skuleområde og til naust kan tillatast. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Bygningar og tomt er opparbeida. Nye bygningar og parkeringsareal bør nytte allereie opparbeida tomteareal. Køyre- og parkeringsareal som er tilrettelagd for aktivitet på eigedomen bør tilpassast ny bruk. Leikeplass og felles uteopphaldsområde kan tilretteleggast i opparbeida grøntområder. | **0** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Mogleg auking i antal kjørety med endring til bustad- og næringsføremål. Etablering samsvarar ikkje med rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. | **-** |
| **Friluftsliv** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Teknisk infrastruktur** | Etablert. | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tomta ligg i eit etablert bustadområde med einebustader på kvar side. Eit større antal konsentrerte bustader vil bryte med eksisterande bustadmiljø. Funksjonen konsentrert bustad/næring er meir tilpassa ei sentral plassering i kommunen. Med gjenbruk av bygningane bør det sjåast til at ombygging eller nybygging får eit stadstilpassa uttrykk og preg av bustadmijø. Sambruk bilig/næring kan vere konfliktfylt. Type næring må vurderast særskilt med tanke på støy, trafikk osb. Det er 2,7 km til skule og daglegvarebutikk. Gang- og sykkelveg er etablert på sør/vestside av fylkesvegen. Mogleg attraktivitet med nærleik til fastlandssambandet og sjø. | **0/-** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket kan vere konfliktfylte i høve til eksisterande situasjon, mot eksisterande bustadmiljø og til omgjevnadane rundt kirka. Det er stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminner. Funksjonsblanding med bustad og næring må gjevast stort omsyn for å få eit godt samspel mellom desse. Arealomfanget for dei einskilde føremåla avklarast gjennom detaljregulering. Ved regulering må det utarbeidast KU for å vurdere særskilt konsekvensane for nærmiljøet.

**Konklusjon etter vurdering**

Området leggast inn i kommuneplanen med ønska formål bustad/næring med krav om detaljregulering og KU.

| Innspel nr. | 64 | Områdenamn: | Aukrasanden |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 1/158 | Forslagstillar | Ingvar Arnason |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Omgjering av leikeområde til bustadtomt. Nordaust for Holemarka 7 | | |
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) Leikeplass (regulert) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) Bustad |
|---|---|






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Udyrka, noko opparbeidd. Delar med skog av særs høg bonitet. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Område med liten verdi for naturmangfald. Det er ikkje avgrensa naturtyper, viltområder eller gjort spesielle funn av artar i området. Nord for området er det registrert platanlønn(svartelista). | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne under flat mark i tiltaksområdet. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg ca 30 m frå sjøen, men ligg ikke innanfor omsynssone for strandsone. | **0/-** |
| **Støy og foreureining** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil tette igjen ein del av strandsona. | **-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etableringa samsvarar ikkje i særleg grad med rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk med avtand ca 3 km frå skule og Falkhytten sentrum. Utbygd område vil medføre lite trafikkauke. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Grip inn i eksisterande friluftslivskvalitetar med leikeplass. | **-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Eksisterande tilkomstveg kan nyttast.<br>Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0/+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tomta ligg i eit etablert bustadområde med einebustader. Bustad tomt mot sør og vest. Det er 3 km til skule og daglegvarebutikk. Gang- og sykkelveg er etablert langs fylkesvegen.<br>Mogleg attraktivitet med nærleik til sjø. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Kommuneplanen viser bustadområde, men området er regulert som leikeområde L4 i reguleringsplan Aukrasanden, planID 199801 frå 1998. Området er eit mindre naturområde med noko skog og ein liten haug og tiltaket er i konflikt med inngrep i landskapstrekk og naturområde og som reguleringsformål leikeplass.

**Konklusjon etter vurdering**

Det tilrådast ikkje at området skal omregulerast frå leikeplass til bustad. Leikeplassen skal gjelde for bustadande i nærområdet og bør ikkje fjernast. Gnr/bnr 1/158 har allereie regulert bustadformål innanfor B16 som kan nyttast til bustadbygging.

<table>
<tr><td>Innspel nr.</td><td>65</td><td colspan="2">Områdenamn:</td><td colspan="2">Aukrasanden</td></tr>
<tr><td>Gnr./Bnr.</td><td>1/1</td><td>Forslagstillar</td><td colspan="3">Aukrasanden vel</td></tr>
<tr><td colspan="6">
</td></tr>
<tr><td>Tiltak</td><td colspan="5">Omregulering av dyrka mark til bustadområde i forlenging av eksisterande bustadfelt. Austvendt flate med utsikt mot Julsundet.</td></tr>
<tr><td>Føremål</td><td colspan="3">Bustad</td><td>Utnytting</td><td>2-3</td></tr>
<tr><td colspan="6">Gjeldande kommuneplan og foreslått ny arealbruk</td></tr>
<tr><td colspan="3">Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF</td><td colspan="3">Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad</td></tr>
<tr><td colspan="3">
</td><td colspan="3">
</td></tr>
</table>

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Fulldyrka mark | **--** |
| **Naturmangfald** | Dyrka mark med liten verdi for naturmangfald. Det er ikkje avgrensa naturtyper, viltområder eller gjort spesielle funn av artar i nokre av områda. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Nord for det aktuelle området ligg eit større samanhengande kulturmiljø knytt til Nord-Aukra kyrkjestad. Her er det registrert mange steinalderslokalitetar og lokalitetar med busetnads- og aktivitetsspor frå bronsealder og jernalder. Sør for det aktuelle området er det også registrert fleire automatisk freda kulturminnelokalitetar. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda under flat mark i tiltaksområdet. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå matrikkelgarden, der alle dei førhistoriske periodane er representert i funnmaterialet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Naturleg utviding av eksisterande busetnad. Krympar samstundes jordbrukslandskap. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Etableringa samsvarar ikkje i særleg grad med rikspolitiske retningslinjer om samordna areal- og transportbruk. Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. | **-** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i eksisterande friluftslivskvalitetar. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Eksisterande tilkomstveg kan nyttast.<br>Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0/+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 2.7 km til Falkhytten<br>Gang –sykkelveg til skule og butikkar<br>Ope og solrikt. Utsikt mot Jendemsbukta. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Som del av større, samanhengande område med lettdyrka landbruksareal er planane om omdisponering i konflikt med nasjonale føringar og landbrukspolitiske mål. Jordvernomsynet skal leggast meir vekt på i kommunal planbehandling.
Stort potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen som byggeområdet pga. jordvernet.

| Innspel nr. | 66 | Områdenamn: | Aukrasanden |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 1/5 | Forslagstillar | Julnes |




| Tiltak | Utviding av godkjend naustområde med ei ekstra nausttomt. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Naust | Utnytting | 1-2 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Naust |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Dyrka mark og jorddekt fastmark. | **0** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registrert naturtypar eller gjort funn av spesielle artar i området for nytt naust. I området langs sjøen er det restar av gamal kulturmark. Her står og ei gruppe med grantre som er planta eller spreidd frå plantingar i nærleiken. Restane med kulturmark kan ha eit lite potensiale for krevjande artar, til dømes beitmarkssopp. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldloven § 8 vert vurdert som noko avgrensa. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Nordvest for det aktuelle området, på oppsida av Fv 216 ligg to større automatisk freda kulturminnelokalitetar. Dette er ein lokalitet med busetnadsspor frå steinalder (id 99901 Aukrasanden) og eit busetnads- og aktivitetsområde frå bronsealder/jernalder (id 99906 Aukra prestegård). Det er kjent mange gjenstandsfunn frå matrikkelgarden, der alle dei førhistoriske periodane er representert i funnmaterialet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket ligg i strandsona. Ligg i forlenging til eksisterande naustrekke. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstillin. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil bli del av naustmiljø. | **0** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje aktuell problemstilling | |
| **Friluftsliv** | Planområdet kjem ikkje i kontakt med registrert friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Ikkje aktuell problemstilling | |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap.
Strandsone. Allmenn ferdsel.
Potensiale for funn av kulturminner.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å kunne bli utlagt til ønska formål, naust. Omsøkt tilkomstveg/gangveg må ev. avklarast nærare.

| Innspel nr. | 67 | Områdenamn: | |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **1/6** | **Forslagstillar** | **Ellinor og Kenneth Oterhals** |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Planområdet ligger like langs Fv. 217 like sør for Aukra ferjekai. Området har eit eksisterande naust med båtstø, elles steinfjøre. Det er planlagt småbåtplassar. Godkjent regplan for bustad vest for fylkesveg. | | |
| **Føremål** | Småbåthamn | **Utnytting** | 10 plassar? |

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Småbåthamn |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Smal stripe (ca 15m) med jorddekt fastmark mellom fylkesveg og fjøre. Beite? | **0** |
| **Naturmangfald** | Området består av havstrand og restar av kulturmark mellom vegen og sjøen. Området ligg sør for ferjekaia. Det er ikkje kartlagd nokre naturtypar i området for småbåtar. Tiltaket vurderast å ha avgrensa verknad på naturmiljøet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **-/0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet. Våningshuset i tunet vest for tiltaksområdet er SEFRAK-registrert, medan det ligg ei gravrøys i sør (Aukratangen, id 92079). Utanfor tiltaksområdet er det også kjent restar etter tyske brakker. Det er kjent mange gjenstandsfunn frå steinalder på matrikkelgarden. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Det er byggeforbod innanfor den gitte strandsona langs sjøen. Allmennhetens behov for ferdsel i strandsona skal respekterast. | **-** |
| **Støy og forureining** | Støy vil normalt ikkje vere ei problemstilling. Stoff som er farlege for miljøet skal samlast opp og leverast til godkjent mottak. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil vere godt synleg i eit elles naturprega område. Med god utforming og landskapstilpassing kan området leggast til rette slik at det ikkje står fram som eit negativt inngrep. Diverre blir slike tiltak av erfaring lite planlagt og dårleg tilpassa. | **0/-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ubetydeleg trafikkauke. | **0** |
| **Friluftsliv** | Nokre av naturkvalitetane som strandsona representerer blir borte med utfylling for småbåthamn. Samtidig legg småbåthamna til rette for auka friluftslivsaktivitet knytt til sjø. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Eventuell vatn og avløpsløysing må etablerast. | **-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket vil betre tilbodet for friluftsliv på sjø i området. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Tiltaket vil vere i konflikt med omsynet til strandsona. Ein føresetnad for etablering er at retten til fri ferdsel gjennom området vert ivareteken. Totalt vert tiltaket vurdert positivt.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast ut til ønska formål, småbåthamn.

| Innspel nr. | 68 | Områdenamn: | Torhaugmyra vest |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 15/1 | Forslagstillar | Peder Terje Hagås |




| Tiltak | Omregulering til bustadområde. Område mellom I3 og H3. Vestvendt med utsikt mot Julsundet og grensar til eksisterande bustadfelt på Torhaugmyra like aust for planområdet. |
|---|---|
| Føremål | Bustad |

| Utnytting | 35-40 |
|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF, Hyttefelt | Bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Uproduktiv skog og myr. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området har lyng og uproduktiv skog, blandingsskog, hovudsakleg furu. Koller med myr i mellom. Det er ikkje registert naturtypar eller gjort funn av spesielle artar på det avgrensa arealet. Dersom ein klarer å unngå inngrep i haugane, vurderast verknaden på naturmiljø som relativt avgrensa. Avgrensinga på byggeområdet bør justerast slik at ein unngår arealbeslag på haugane, evt. så må ein i reguleringsplan legge inn ei omsynssone eller grønstruktur. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfult, og det bør difor gjerast ei supplerande biologisk undersøking for å fastslå avgrensing av byggeområde. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Eit automatisk freda kulturminne ligg nord for Torhaugen. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Delar av området ligg på eit platå vest for Torhaugen og i nærleik til strandsona. Det er bratt ned til sjøen og eit bustadfelt ut på platået vil visuelt virke nært strandsona. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Tiltaket fører ikkje til meir støy eller forureining.<br>Planområdet ligg inntil industriområde I3 og dei nærmaste bustadområda kan verte påverka av støy. Det må leggast inn ei buffersone inntil industriområdet med eksisterande og ev. ny vegetasjon. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil vere lite synleg, mest frå sjøen, men vil visuelt bli oppfatta som utviding av etablerte inngrepsområde (Torhaugmyra bustadområde) | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk er gode med til dels kort avstand til skule og nærbutikk.<br>Vegtilkomst frå etablert samleveg til bustadområder i nord. Alternative vegtilkomstar kan vurderast. | **0/+** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. Området er i dag eit tilgjengeleg friluftsområde for nærmiljøa. | **0/-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 1,0 km til Julsundet skule<br>16 km til sentrumsfunksjonar i Molde<br>1,2 km til daglegvarebutikk på Jendem<br>Gang- og sykkelveg langs fylkesveg. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Planområdet er noko uavklart mot landskapsinngrep og inngrep i lokalt friluftsområde. Dette kan unngåast med ei tilpassa planavgrensing.
Det ser elles ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut i frå kjent kunnskap.
Vegtilkomst må vurderast nærmare. 2 tilkomstar er aktuelle: frå fylkesveg 662 (ned til fergekaia) og frå opparbeida internveg til Torhaugmyra.
Generelt bør planområdet leggast til rette med fokus på identitet, kulturspor og tilgjenge for friluftsliv.
Potensiale for kulturminnefunn.
Område H3 er vurdert til å takast ut av planen. Bustadområdet avgrensast mot sjø tilpassa strandsonevurderinga.

**Konklusjon etter vurdering**

Område H3 er vurdert til å takast ut av planen. Bustadområdet avgrensast mot sjø tilpassa strandsonevurderinga. Området må planleggast i samspel med tilgrensande Torhaugmyra bustadområde og terrengtilhøva på staden.

| Innspel nr. | 69 | | Områdenamn: | Hollingen |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 15/7 m.fl. | Forslagstillar | Aukra kommune | |




| Tiltak | Offentlege føremål | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Offentleg | Utnytting | ca 19 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med lav bonitet på dyrkbar jord. Mindre parti med skog av høg bonitet og vernskog sør i området. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Område med til dels åpen lauvskog. Det er ikkje registrert naturtypar eller gjort funn av spesielle artar i området. Arealet har truleg avgrensa verdi for naturmangfald, og verknaden på naturmiljø vurderast som liten. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Det går eit mindre bekkeløp igjennom området. | **0** |
| **Støy og forureining** | Området grensar i mindre del til fylkesveg 215. Mogleg eit mindre støyutsatt sone langs fylkesvegen. | **0/-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er til dels flatt og ligg på eit litt lavare parti enn andre bygnader i nærområdet. Tiltaket vil ikkje få eksponert fjernverknad. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje relevant problemstilling | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko trafikkauke på eksisterande vegnett må påreknast. Tilhøve til retningslinjene for samordna areal- og rasnsportbruk er gode. Ny avkøyrsle og GS.veg langs fv 220. Eks. vegnett og infrastruktur kan nyttast | **0** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ligg inntil eks. busetnad, vil kunne bli tilknytta etablert infrastruktur. | **+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Attraktiv lokalisering sentralt i Julsundet med kort veg til tenester. Flat tomt, lett å opparbeide til off. funksjonar med krav om universell utforming. | **+** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Mindre konflikt med status som dyrkbar jord. Skog i sør kan fungere som klimaskjerm og gjennomgåande grønstruktur. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen. | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **70** | | **Områdenamn:** | **Hollingen** |
| **Gnr./Bnr.** | **15/7 m.fl.** | **Forslagstillar** | **Aukra kommune** | |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Offentleg føremål | | |
| **Føremål** | Offentleg og rundkøyring | **Utnytting** | ca 35 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Skog av høg bonitet, blandingsskog. Myrområde i sørlege del. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje avgrensa naturtyper i området. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML 8 vurderast som bra når det gjeld kartlagde naturverdiar. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ein mindre bekk i myrområdet i sør. | **0** |
| **Støy og forureining** | Området grensar til fylkesveg 215. Mogleg støyutsatt sone langs fylkesvegen. | **0/-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil stort sett bli nytt inngrep i naturområde. Det er eit mindre inngrep i området i dag langs fylkesvegen, ein lagringsplass. Området er til dels flatt, men brattare i aust mot fjellet. Tiltak vil truleg få eksponert fjernverknad i austre del av området. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Høgspentline kryssar nord/sør over området. Det er registrert risiko for jord- og flomskred midt i området og snø- og steinskred langs fjellryggen nord-sør aust i området. | **-** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ny aktivitet aust for fv 215. Rundkøyring vil gje god tilkomst til området for auka trafikk. GS-veg tilknytast GS-veger nord og sør for området. | **0/+** |
| **Friluftsliv** | Planområdet kjem ikkje i konflikt med registrert friluftsområde. Tiltaket vil gje ny tilkomst til stisystem i aust. | **0/+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Høgspentline kryssar nord/sør over området. Allereie etablert for nærliggande næringsområde og eksisterande infrastruktur langs fv215. | **0/-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tiltaket kan bidra til utvikling av sentrumsområdet og gje lettare tilkomst til stisystem austover. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Konflikt med skredutsatte områder og høgspentline. Tiltaket er i samsvar med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. Utvikling av området kan gje ei samanbinding mellom sentrumsområda på Jendem og Julsundet sør. GS-veg må etablerast på austsida av fylkesvegen.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen.

| Innspel nr. | 71 | Områdenamn: | Hollingen |
|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 15/7 | Forslagstillar | Bodil Hollingsæter |




| Tiltak | Utviding av bustadfelt, einebustad/kjedehus. Areal mellom eksisterande bustadområder på Hollingen. Planområdet ligg vest for Fv 662 på eit noko lågare nivå. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Bustad | Utnytting | 6-12 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |

 

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Uproduktiv skog registrert på store delar av området. Kanta med striper av skog med noko meir bonitet. Små område. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området omfatter et parti med lauvskog. Det er ikkje avgrensa naturtyper i området. Det er eit eldre funn av solblom (VU), og arten har vorte ettersøkt i området, men ikkje funnen att. Truleg kan det ha vore open kulturmark i området tidlegare, men kulturmarka er no grodd att, slik at det ikkje lenger er spesielle kvaliteter knytt til kulturmark. Lauvskogen verker relativt ung, og som skog har området truleg også avgrensa verdiar. Området registrert som beiteområde for rådyr. Utbygging vurderast samla sett å ha avgrensa negativ verknad. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Sør og vest for det aktuelle området er det kjent fleire kulturminnelokalitetar. SEFRAK-registrerte bygningar knytt til tunet på Øvre Hollingen. På matrikkelgarden er det kjent gjenstandsfunn frå steinalder, bronsealder og jernalder/mellomalder. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Søraustre hjørne av planområdet kan vere noko utsett for støy frå fylkesvegen. | **0/-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området ligg lågare eller på samme høgd som tilstøytande terreng. Landskapet sitt hovudtrekk endrast ikkje særleg dersom skogen tas ut og erstattast med bebyggelse. Området som grøntdrag vil utgå dersom det bebyggast. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk er gode med kort avstand til skule og nærbutikk. | **+** |
| **Friluftsliv** | Planområdet grip ikkje inn i registrerte friluftslivsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Gang-sykkelveg.<br>Kort avstand til nærbutikk - 1,5 km<br>0,8 km til skule. | **+** |
| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** | | |
| Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap. Tiltaksområdet støtter målsettinga om samordna areal- og transportbruk. | | |
| **Konklusjon etter vurdering** | | |
| Området leggast inn i kommuneplanen som byggeformål. Området ligg sentralt i Julsundet og kan vere ei aktuell tomt for offentlege tenestetilbod som t.d.ein omsorgsbase, omsorgsbustadar eller tilsvarande. | | |

| Innspel nr. | 72 | | Områdenamn: | Julsundet sentrum øst |
|---|---|---|---|---|
| Gnr./Bnr. | 15/3 | Forslagstillar | Siri Hollingen/Aukra Sokn | |




| Tiltak | Omregulering til område for kapell/menighetshus og gravplass aust for ny rundkøyring i Julsundet sentrum. Vestvendt med utsikt mot Midsund/Gossen og Julsundet. | | |
|---|---|---|---|
| Føremål | Kapell/Menighetshus | Utnytting | Ca. 20 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Kapell/Menighetshus |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med høy bonitet, noe uproduktiv skog og myr. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området har lyng og uproduktiv skog, blandingsskog, hovudsakleg furu. Enkelte koller med litt myr i sørlege del av området. Det er avgrensa ein naturtypelokalitet med rik edellauvskog (kysthasselkratt) aust for området. Det er ikkje registert andre naturtypar eller gjort funn av spesielle artar på det avgrensa arealet. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfullt, og det bør difor gjerast ei supplerande biologisk undersøking for å fastslå avgrensing av byggeområde. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet eller i nærområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Støy og forureining** | Tiltaket fører ikkje til meir støy eller forureining.<br>Ev. gravplass og avrenning frå denne må planleggast med tilknyting til kommunalt avlaupsnett. | **0/-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil vere synleg frå fylkesvegen og områda vest for fylkesvegen ved rundkøyringa, men vil visuelt bli oppfatta som utviding av sentrumsområdet.<br>Gravplass bør skjermast med vegetasjon mot fylkesveg. Mot sør må eksisterande vegetasjonsbuffer mot landbruksområdet og bustad oppretthaldast. | **0/-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utbygd område vil medføre noko trafikkauke til fylkesvegen ved arrangement.<br>Vegtilkomst direkte frå ny rundkøyring. | **0/+** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. Området er i dag eit lite tilgjengeleg friluftsområde for nærmiljøet.<br>Mogleg tilkopling til eksisterande tursti sør for området. | **0/+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Høgspentleidning går nord/sør over området og bør vurderast leggast i jord.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 16 km til sentrumsfunksjonar i Molde<br>Nye gang- og sykkelvegar må planleggast til undergangar mot nord og sør, ev. ein ny undergang under fylkesvegen.<br>Tursti kan leggast til rette mot eksisterande tursti i sør som går vidare til friluftsområda aust for Julsundet. Parkeringsplass kan og nyttast for turgåarar. | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Planområdet er noko uavklart mot landskapsinngrep. Dette kan unngåast med ei tilpassa planavgrensing tilpassa tiltaket. Det ser elles ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut i frå kjend kunnskap.
Høgspentleidning må avklarast nærare; flytting av trasè eller den leggast i jord.
Vegtilkomst må vere direkte frå ny rundkøyring.
Generelt bør planområdet leggast til rette med fokus på stadsidentitet og utforming av eit signalbygg og god tilgjenge for friluftsliv til eksisteranda turstiar.
Potensiale for kulturminnefunn.

**Konklusjon etter vurdering**

Området vil bli lagt inn i kommuneplanen med krav om detaljregulering.

| Innspel nr. | 73 | | Områdenamn: | Hollingen / Matberget |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **Fleire** | **Forslagstillar** | **Aukra kommune** | |




| Tiltak | Tursti frå planlagd kapell og frå bustadområde til etablert gapahuk ved Matberget og opp til Lauvåsen og turstien til Hundetjønna. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Tursti | **Utnytting** | |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | LNF/Tursti |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med høy bonitet, noe uproduktiv skog og myr. | **0** |
| **Naturmangfald** | Det er avgrensa ein naturtypelokalitet med rik edellauvskog (kysthasselkratt) nordaust for traseen. Det er ikkje registert andre naturtypar eller gjort funn av spesielle artar langs dei planlagde traseane. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som godt nok for etablering av turstiar. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet eller i nærområdet. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0/-** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil ikkje være nevneverdig synlig i lokalmiljøet. Turstiane vil bli lagt skånsomt i terrenget og så langt det er råd utanom landbruksareal. Langs delar av stien vil kommunen leggje turstien langs ein gamal veg som i dag kan kategoriseres som ein traktorveg. Grønstrukturen blir ivareteke ved etablering av stien. | **0/-** |

| Samfunn | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Gangtrafikk blir leda utom gardstun og langs tilrettelagde stiar, men tiltaket vil ikkje føre til auka trafikk. | **+** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. Tiltaket vil bidra til strukturtert adkomst til gapahuken og samstundes legge opp til at ein får eit heilskapeleg stinett i området. | **+** |
| **Teknisk infrastruktur** | Ikkje aktuell problemstilling. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Tursti kan leggast til rette mot eksisterande tursti i sør som går vidare til friluftsområda aust for Julsundet. Planlagde parkeringsplassar ved kapellet (O2) og Matberget (P1) kan og nyttast for turgåarar. Turstiar bidreg til god folkehelse. | **+** |

| Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak |
|---|
| Samla blir tiltaket ei samanknyting av turstiane på Julsundet, og er positivt for nærmiljøet. |

| Konklusjon etter vurdering |
|---|
| Turstien blir lagt inn i kommuneplanen. Utarbeiding avtalast med grunneigarar. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | **74** | | **Områdenamn:** | **Fangholen/Seterbukta** |
| **Gnr./Bnr.** | **18/1** | **Forslagstillar** | **Nils Fanghol** | |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Omregulering frå LNF til hyttefelt sør for sti til Seterbukta på Fanghol. | | |
| **Føremål** | Fritidsbustad | **Utnytting** | 2-3 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Fritidsbustad |






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med høg bonitet. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området består av dyrka mark, og truleg yngre lauvskog ned mot sjøen. Området er kartlagd som beiteområde for rådyr. Verdiane i det føreslegne området vert vurdert som avgrensa. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne innafor området. I tunet på Fangholen like sør for det aktuelle området er det eit SEFRAK-registrert stabbur. Nede i Bukta er det registrert eit naust frå siste del av 1800-talet. Eit mogleg gravminne ligg vest for tunet. Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. På grunnlag av plasseringa opp frå Seterbukta, høgda over havet og tilgang på vatn (bekkefar) er potensialet for funn av steinalderslokalitetar vurdert som stort. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg innafor strandsona avsett i kommuneplanen. | **-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil bryte opp og fragmentere samanhengande drag langs kollen. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg. | **0** |
| **Friluftsliv** | Grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Ikkje aktuell problemstilling. | |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det ser ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap.
Stort potensiale for kulturminnefunn.

**Konklusjon etter vurdering**

Området vil ikkje bli lagt inn i kommuneplanen. Området ligg tett opptil utbygde bustadområder, i eit visuelt utsatt landskapsdrag og delvis på dyrkamark. Det er venta sterk auke i bustader i Julsundet. Konflikt mellom hytteområder og bustadområder kan oppstå. Tiltaket er i strid med overordna strategi for hyttebygging i kommuneplanen med prioritering av hyttebygging på Gossen.

| Innspel nr. | 75 | Områdenamn: | Matberget |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **17/1** | **Forslagstillar** | **Lars Hollingen** |




| Tiltak | Eksisterande småbruk på Hollingen er planlagt disponert om frå LNF til bustader, tilkomstveg og turparkering. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | 15-20 |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
| LNF | Bustad |





| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Planområdet er registrert med fulldyrka mark og beiteområde, samt mindre område med jorddekt fastmark og skog med middels bonitet. Teigane med dyrkamark er fuktprega og smale. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Området omfattar dyrka mark og lauvskog. Det er avgrensa ein naturtypelokalitet med rik edellauvskog (kysthasselkratt) ovafor garden på eigedommen. Avgrensinga på byggeområdet er lagt slik at ein unngår arealbeslag på hasselkratta. Dersom ein klarer å unngå inngrep i hasselkratta, vurderast verknaden på naturmiljø som relativt avgrensa. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som tilstrekkeleg.<br>Planområdet er registrert som viktig beiteområde for rådyr. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet. To SEFRAK-registrerte bygningar ligg i tunet på Matberget innafor tiltaksområdet. Dette er eit våningshus og ei løe. Det er ingen informasjon om alder på bygningane. Matberget har kulturlandskapskvalitetar, med spor etter tradisjonell jordbruksdrift, steingardar, rydningar og ruinar. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Støy og forureining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaksområdet ligg tilbaketrekt i daldraget mellom Bergetippen og Fårhaugan og er lite eksponert i det store landskapsrommet. | **0** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utbygd område vil medføre noko trafikkauke. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk er gode med kort avstand til skule og nærbutikk. | **+** |
| **Friluftsliv** | Nordre del av planområdet er registrert som regionalt viktig friluftsområde. Området er mykje nytta som turområde heile året. | **--** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Gang-sykkelveg langs fylkesveg.<br>Kort avstand til skule – 0,5 km (bilfritt) | **+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Anna utnytting av landbruksareal er generelt konfliktfylt, men dyrkamarka på Matberget består av smale, fuktprega teigar som gjer rasjonell drift vanskeleg. Områda kan difor omdisponerast. Nordaustre del av planområdet har stor lokal verdi som turveg og friluftsområde og bør takast ut av planområdet. Generelt bør planområdet leggast til rette med fokus på identitet, kulturspor og tilgjenge for friluftsliv.

**Konklusjon etter vurdering**

Området vil bli lagt inn i kommuneplanen med ei omarbeida områdeavgrensing av bustadområda og ein overordna grønstruktur. Avkøyrsle til kommunal veg må vurderast nærmare sett opp mot kryssproblematikk og gangtilhøva langs fylkesvegen.

| Innspel nr. | 76 | | Områdenamn: | Svingen |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **18/1 m.fl** | **Forslagstillar** | **Aukra kommune/Privat** | |




| Tiltak | Bustad | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | ca 15 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Blandingsskog/lauvskog av middels og høg bonitet. Eit lite område med dyrkbar jord i sørlege del. | **0/-** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje avgrensa naturtyper i området. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 vurderast som tilstrekkeleg. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne innafor området. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Ikkje relevant problemstilling | |
| **Støy og forureining** | Ikkje relevant problemstilling | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Området er svært bratt i enkelte parti. Tiltaket vil stort sett bli nytt inngrep i naturområde. Det er eit mindre inngrep i området i dag med eldre veg som går igjennom området. Tiltak vil få eksponert fjernverknad. | **-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje relevant problemstilling | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Noko trafikkauke. Tiltak vil krevje tiltak i eksisterande kryss som må detaljregulerast. | **-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Må byggast nytt, men kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg i nærleiken. | **0/-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Nærleik til skule og fritidstilbod. Ikkje GS-veg på vestside av fylkesvegen. Truleg attraktivitet med utsikt til sjø. Tiltaket er i samsvar med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. | **0/+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Området er bratt og utbygging må skje med god tilpassing til terreng. Området kan ikkje byggast ut før kryssløysing til fylkesvegen er avklara.

**Konklusjon etter vurdering**

Området er vurdert å leggast ut til bustadformål i kommuneplanen med rekkefølgjekrav om avklara løysing for nytt kryss ved Fanghol.

| **Innspel nr.** | **77** | | **Områdenamn:** | **Svingen** |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **18/1 m.fl** | **Forslagstillar** | **Aukra kommune/Privat** | |




| **Tiltak** | Bustad | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | ca 8 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog av høg bonitet. Grenser til jordbruksområde i nord. | **-** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje avgrensa naturtyper i området. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML 8 vurderast som bra når det gjeld kartlagde naturverdiar. | **0** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne innafor området. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Det går ein bekk gjennom området. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Ikkje relevant problemstilling | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil stort sett bli nytt inngrep i naturområde. Deler av området i sør er bratt. Tiltak vil truleg få eksponert fjernverknad. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Tiltaket er innanfor aktsomheitsområde for snøskred. | **-** |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Utvida bruk av eks. vegnett, og vil krevje tiltak i eksisterande kryss. Må ha ny veg fram til området. | **-** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket grip ikkje inn i registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Må byggast nytt, men kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg i nærleiken. | **0/-** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Nærleik til skule og fritidstilbod. GS-veg delar av vegen fram til skule. Tiltaket er i samsvar med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. Området ligg i eit skyggeområde, mogleg lite sol vinterstid. | **0/+** |

| **Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak** |
|---|
| Tiltaket er i konflikt med aktsomhetsområde for snøsked. Området kan ikkje byggast ut før kryss til fylkesvegen og tilkomstveg er avklara. |

| **Konklusjon etter vurdering** |
|---|
| Området er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen som bustadformål med rekkefølgekrav om avklare løysing for nytt kryss på Fanghol. |

| Innspel nr. | 78 | Områdenamn: | Eidskrem |
|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **21/3** | **Forslagstillar** | **Hans Eidskrem** |




| Tiltak | Omregulering av dyrka mark, skogområde og strandsone vest for fylkesvegen på Eiskrem til bustader. Friluftsområde langs sjøen. |
|---|---|

| Føremål | Bustad og friluftsområde | Utnytting | 7-8 |
|---|---|---|---|

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Bustad og friluftsområde |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med middels og høg bonitet. Dyrka mark. | **-** |
| **Naturmangfald** | Det er ikkje registert naturtypar eller gjort funn av spesielle artar på det avgrensa arealet, men rett nordvest for byggeområdet ligg ein naturtypelokalitet med gråor-heggeskog med verdi B (viktig). Naturtypelokaliteten har innslag av sumpskog med svartor. Sjølve byggeområde består av ung lauvskog med avgrensa verdi for naturmangfaldet. Ved utbygging må ein sikre at det ikkje vert gjort inngrep i naturtypelokaliteten. Hogst og inngrep som fører til drenering vil vere negativt for lokaliteten. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldloven § 8 vert vurdert som tilstrekkeleg. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. I området er det kulturlandskapskvalitetar med gammal kulturmark, steingardar og dyrkingsspor. På Langneset er det registrert ei automatisk freda gravrøys frå bronsealder/jernalder (id 92188 Mevold). Det er SEFRAK-registrerte bygningar i tunet sør for det aktuelle tiltaksområdet. Dette er eit våningshus (ikkje opplysningar om alder) og ei løe frå siste halvdel av 1800-talet. Nede ved sjøen, like utanfor tiltaksområdet i sør, ligg eit SEFRAK-registrert naust (utan opplysningar om alder). Det er stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, både frå steinalder og seinare periodar. Det er kjent gjenstandsfunn frå matrikkelgarden. | **-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Byggeområdet grensar til strandsone avsett i kommuneplanen. Friområdet ligg innanfor område avsett til strandsone i kommuneplanen. | **0** |
| **Støy og foruireining** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Utbygging av heile formålsområdet for bustad vil prege eit stort område. God terrengtilpassing vil vere viktig for positivt inntrykk frå ulike opplevingspunkt. Området vil vere ei stor utviding av eksisterande busetnad langs tilkomstvegen. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke. | **0** |
| **Friluftsliv** | Ikkje konflikt med registrerte friluftsområde. | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaka kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg. Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 1,1 km til Julsundet skule<br>16 km til sentrumsfunksjonar i Molde<br>3,5 km til daglegvarebutikk på Jendem<br>Gang- og sykkelveg langs fylkesveg. | **0** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Det er uheldig at dyrkamark blir omdisponert (mogleg motsegn).
Heilskapleg plan med vekt på landskapstilpassing bør prioriterast då det samla inngrepet vil få vesentleg omfang og prege opplevinga av eit større område.
Det skal vere almen tilgjenge gjennom feltet til strandsona.
Potensiale for funn av kulturminne.

**Konklusjon etter vurdering**

Området vil bli lagt inn i kommuneplanen med ei mindre justering tilpassa tilgrensande bustadområder og strandsone.

| Innspel nr. | 79 | | Områdenamn: | Salttrøa |
|---|---|---|---|---|
| **Gnr./Bnr.** | **21/5** | **Forslagstillar** | | **Oliver Eidskrem** |




| Tiltak | Omregulering til hyttefelt og bustadtomt. Område mellom Fv 662 og småbåthamna i Salttrøa. Vestvendt med utsikt mot Julsundet. Eksisterande bustadfelt på Eidskrem like nord for planområdet. | | |
|---|---|---|---|
| **Føremål** | Fritidsbustad/bustad | **Utnytting** | 2+ |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode)<br>LNF | Føremål i framtid: (vist med fargekode)<br>Fritidsbustad/bustad |
|---|---|






| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Jord- og skogbruk** | Skog med høg bonitet. | **0** |
| **Naturmangfald** | Området er skogkledd og består av lauvskog/lauvblandingsskog. Nord på eigedommen er det avgrensa ein naturtypelokalitet med rik edellauvskog (hasselkratt) og verdi B. Elles er det avgrensa eit beiteområde for rådyr. Slik det foreslegne byggeområdet er avgrensa, kjem det i berøring med naturtypelokaliteten. Avgrensinga på byggeområdet bør difor justerast slik at ein unngår arealbeslag på naturtypelokaliteten, evt. så må ein i reguleringsplan sette den av til formål naturvern eller legge inn ei omsynssone. Kunnskapsgrunnlaget jf. NML § 8 vurderast som noko mangelfull, og det bør difor gjerast ei supplerande biologisk undersøking for å fastslå avgrensing på byggeområde og naturtypelokaliteten, samtidig som ein får undersøkt andre deler av eigedommen. | **-/--** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid innafor tiltaksområdet. Ein automatisk freda gravhaug ligg i hellinga ned mot Kobbevikflua. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i draget opp frå Salttrøa. | **0** |
| **Strandsone og vassdrag** | Tiltaket går heilt til sjøen og delar av området ligg innafor strandsona avsett i kommuneplanen. Bukta Salttrøa er allereie utbygd som småbåthamn. | **0/-** |
| **Støy og forureining** | Tiltaket fører ikkje til meir støy eller forureining.<br>Planområdet ligg inntil Fylkesveg 662 og dei nærmaste områda kan verte påverka av støy. | **0** |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil vere godt synleg, men vil visuelt bli oppfatta som utviding av etablerte inngrepsområde (bustadområde og småbåthamn). | **0** |
| **Samfunn** | | |
| *Tema* | *Vurdering* | *Konsekvens* |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje aktuell problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Ikkje vesentleg trafikkauke som følgje av tiltaket. Tilhøvet til retningslinjene for samordna areal- og transportbruk vert ikkje vektlagd for fritidsbustader. | **0** |
| **Friluftsliv** | Tiltaket grenser mot og overlappar delvis langs tilkomstvegen til småbåthamna, statleg sikra friluftsområde (Kobbvika). Grensegang mellom friluftsområde og planområde må avklarast. | **0/-** |
| **Teknisk infrastruktur** | Tiltaket kan truleg koplast på eksisterande kommunalteknisk anlegg.<br>Brannvatnkapasitet er berekna til 20 l/s. | **0** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | 2,3 km til Julsundet skule<br>15 km til sentrumsfunksjonar i Molde<br>4,5 km til daglegvarebutikk på Jendem<br>Gang- og sykkelveg langs fylkesveg. Området grensar til eksisterande bustadfelt mot nord og planlagt bustadfelt mot sør. | **0/+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Planområdet er noko uavklart mot naturtypelokalitet og registrerte friluftsområde. Desse ligg i utkant av planområdet og kan unngåast. Det ser elles ikkje ut til å vere vesentlege konfliktar knytt til planområdet ut frå kjent kunnskap utanom avgrensing til strandsone i kommuneplanen.
Potensiale for kulturminnefunn.

**Konklusjon etter vurdering**

Fritidsbustad er vurdert til ikkje å leggast inn i kommuneplanen. Innspelet er ønska endra til bustadformål. Område for bustad leggast inn i kommuneplanen med ei omarbeidd avgrensing mot sjø, meir tilpassa avgrensing til eksisterande og planlagde bustadområder mot nord og sør og mot ein overordna grønstruktur.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Innspel nr.** | 80 | | **Områdenamn:** | **Eidskrem** |
| **Gnr./Bnr.** | **21/5 m.fl.** | **Forslagstillar** | **Aukra kommune** | |




| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tiltak** | Bustad | | |
| **Føremål** | Bustad | **Utnytting** | ca 16+2 daa |

**Gjeldande kommuneplan** og **foreslått ny arealbruk**

| Føremål i dag: (vist med fargekode) | Føremål i framtid: (vist med fargekode) |
|---|---|
|  |  |

| Miljø- og naturressursar | | |
|---|---|---|
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Jord- og skogbruk** | Skogsområde. Skog av høg bonitet. Mindre område med jorddekt fastmark og uproduktiv skog. | **0** |
| **Naturmangfald** | Urøyrd naturområde. Del av opparbeida bustadtomt i austlege del av B2. Ingen registreringer i naturbase over viktige/utvalgte naturtyper, arter eller kulturlandskap.Tiltaket vil truleg ha avgrensa verknad på naturmiljøet. | **0/-** |
| **Kulturmiljø, kultur-landskap og kulturminne** | Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne. | **0/-** |
| **Strandsone og vassdrag** | Området ligg ikkje innanfor omsynssone strandsone, men B1 grensar til denne. | **0** |
| **Støy og forureining** | Ikkje relevant problemstilling. | |
| **Landskapsbilde og grønstruktur** | Tiltaket vil bli nytt inngrep i naturområde. Området er bratt i enkelte parti og tiltaket vil truleg få eksponert fjernverknad. Grønstruktur mellom utbyggingsområda. | **0/-** |
| **Samfunn** | | |
| ***Tema*** | ***Vurdering*** | ***Konsekvens*** |
| **Samfunnstryggleik** | Ikkje relevant problemstilling. | |
| **Trafikkgenerering og samordna arealbruk** | Omlegging av eksisterande veg til småbåthamna. Noko meir trafikk og meir bruk av eks. kryss med fv 662. | **0/-** |
| **Friluftsliv** | Grenser til registrert friluftsområde | **0** |
| **Teknisk infrastruktur** | Må byggast nytt. Kan planleggast saman med nytt bustadfelt sør for området. | **0/+** |
| **Bukvalitet (herunder b&u, uu, folkehelse og attraktivitet)** | Området ligg inntil til nærliggande bustadområder, friområder, småbåthamn mm. Tiltaket er ikkje i samsvar med målsettinga om samordna areal- og transportplanlegging. 2,5 km frå skule og idrettsområde. Mogleg attraktivitet med nærleik til sjø og utsikt. | **0/+** |

**Konklusjon med tanke på omdisponering og ev. avbøtande tiltak**

Brattare parti som der tiltak treng god terrengtilpassing. Etablering av tiltaket føreset god terrengtilpassing for tilkomstveg. B2 er ei utviding av eksisterande bustadtomter.

Områda er vurdert til å leggast inn i kommuneplanen.